

Konfliktar og konfliktløysing i Luster

Ei gransking av rettsbruken på bygdetinget 1783-1810 og
forlikskommisjonen 1797-1810

Av

Per Olav Bøyum

Hovudoppgåve i historie
Universitetet i Bergen
Våren 2004

Forord

Denne oppgåva stod lenge i fare for ikkje å bli skriven. Etter å ha brukt fyrste semesteret på eit arbeid om borgarvæpninga gav eg opp heile historiefaget. Men på Aetat var det så lang kø at eg luska opp på Universitetet att, og prøvde å snekre saman ei problemstilling om det som verkeleg interesserte meg: Rettshistorie/sosialhistorie frå den tidleg moderne epoken. At eg halvanna år seinare kan leve inn ei oppgåve skal fyrst og fremst Frode Ulvund ha takk for. Han har vist seg som ein ideell rettleier: Fagleg svært dyktig, med raske tilbakemeldingar og kloke vurderingar av arbeidet underveis.

Eg er òg takksam for seminara eg fekk delta på under studiet, særleg takk til John Ragnar Myking, Anne Hilde Nagel, Astri Andresen og ikkje minst Solveig Beadle. Også takk til Borgtor Bøyum for korrekturlesing.

Varme tankar går også til Statsarkivet i Bergen og Universitetsbiblioteket i Bergen for framifrå god hjelp og service.

Bergen, 14.05.2004

Per Olav Bøyum

Innhald:

FORORD	2
KAPITTEL I: INNLEIING.....	5
PROBLEMSTILLING	7
AVGRENSINGAR.....	9
KJELDER OG METODE.....	10
FORSKINGSSTATUS	14
KAPITTEL II: UNDERSØKINGSOMRÅDET.....	16
STERK FOLKEVEKST.....	16
FÅ NÆRINGSVEGAR.....	17
SKARPARE SOSIALE TILHØVE	18
KAPITTEL III: VEGEN FRAM TIL FORLIKSOMMISJONANE	23
DEN JUDISIELLE REVOLUSJONEN.....	23
EIT RETTSSTELL I ULAGE	25
<i>Tregare sakshandsaming</i>	26
<i>Eit meir eksklusivt rettsstell?.....</i>	27
DEI JURIDISKE REFORMENE PÅ 1790-TALET.....	29
<i>Forordninga om "rettens vedbørlige og hurtige pleie" frå 1796.....</i>	30
<i>Forordninga om månadsting frå 1797.....</i>	32
<i>Forordninga om "Forligelses-Indretninger paa Landet, i Norge"</i>	33
AVRUNDING	40
KAPITTEL IV: EIT MEIR EFFEKTIVT TING?.....	42
GRUNNLAGET: ARBEIDET TIL FORLIKSOMMISJONEN.....	42
SAKER PÅ TINGET FÖR OG ETTER 1797	49
EIN DØMMANDE DOMSTOL?.....	54
FLEIRE TINGSVITNE.....	57
EIT MEIR EFFEKTIVT RETTSSTELL?	60
KAPITTEL V: ENDRINGAR I SAKSTYPANE?	64
DET GENERELLE SAKSBILETET.....	65
KVIFOR FLEIRE ÅSTADSAKER?	66
<i>Kommisjonens funksjonsmåte.....</i>	67
<i>Utviklinga i æressaker</i>	69
<i>Alternative offentlege arenaer.....</i>	70
AVRUNDING	72
KAPITTEL VI: KVINNENE I RETTSSTELLET	74
DEI FORMELLE RAMMENE.....	75
KVINNER I OFFENSIVE ROLLER.....	76
AVGJERD I SAKER DER KVINNER OG MENN VAR CITANTAR	78
GJENGANGARAR I RETTSSTELLET	80
SAKSTYPAR KVINNENE STEMNA	84
AVRUNDING	85
KAPITTEL VII: SOSIALE GRUPPER I RETTSSTELLET.....	87
SAMFUNNSGRUPPER I LUSTER	88
FORHOLDET HUSMENN - BØNDER	90
DELTAKING PÅ TINGET OG I FORLIKSOMMISJONEN	91
ÅRSAKENE TIL BONDENE SIN DOMINANS	95
<i>Økonomiske forhold.....</i>	95
<i>Sakstype</i>	98
<i>"Og i øvrigt at opføre sig hørig og lydig som en Huusmand hør og bør"</i>	100
SAKER MELLOM BØNDER OG HUSMENN	102

<i>Saksutfallet i tvistar mellom bønder og husmenn</i>	103
<i>Større press mot husmennene.....</i>	104
AVRUNDING	106
KAPITTEL VIII: DEN PROSESSUELLE KONFLIKTLØYSINGA I LUSTER.....	108
ULIKE FRAMGANGSMÅTAR VED KONFLIKTLØYSING.....	109
RETTSSTELLET SOM PRESSMIDDEL	113
EIT RETTSSTELL I ULAGE?	115
KAPITTEL IX: KONKLUSJON	117
ENDRING ELLER STABILITET?	117
FORLIKET SI SENTRALE STILLING	119
LUSTER SOM GRANSKINGSOMRÅDE.....	120
KJELDER OG LITTERATUR.....	122
UTTRYKTE KJELDER.....	122
TRYKTE KJELDER	122
OPPSLAGSVERK OG DATABASAR.....	123
LITTERATURLISTE.....	124
APPENDIKS 1: AVSTYTTINGER	137
APPENDIKS 2: OFFENTLEGE SAKER PÅ TINGET I LUSTER 1783-1810	138
APPENDIKS 3: RELASJONSDATABASEN.....	140
APPENDIKS 4: KART OVER LUSTER.....	144
APPENDIKS 5: TABELL, KART, DIAGRAM- OG FIGUROVERSYN.....	146

Kapittel I: Innleiing

Tema for denne oppgåva er rettsreformene i Noreg på 1790-talet. Den overordna målsetjinga med prosjektet er å sjå kva konsekvensar innføringa av forlikskommisjonane i 1797 kan ha hatt for innbyggjarane sin bruk av rettsstellet.¹ Konkret vil dette bli gjort med materiale frå Luster i Indre Sogn. Ein hypotese er at innføringa av forlikskommisjonen i denne bygda ikkje berre fekk innverknad på *saksmengda* på tinget, men også greip inn i kva *grupper* som brukte rettsstellet og kva *type* saker som blei reist der.

Forlikskommisjonane kom som del av eit større reformarbeid innan rettsstellet mot slutten av sameiningstida. Hovudmålsetjingane var å effektivisere saksgangen og dempe presset mot dei lågare rettsinstansane. Det kan såleis vere naturleg å ta utgangspunkt i styresmaktene sitt mål om å lette saksmengda for underrettane når ein granskar dette emnet. Det er i stor mon det som har skjedd når rekneskapen for forlikskommisjonane har blitt gjort opp. Denne rekneskapen viser overskot for dei fleste historikarar.² Tinga blei avlasta med ei rad saker som var i ferd med å strupe heile institusjonen. Rett nok har det ikkje blitt gjennomført systematiske granskningar der ein har samanlikna saksmengda i eit bestemt tinglag før og etter 1797, men tal for landet under eitt viser at innføringa av forlikskommisjonane skal ha hatt si tilsikta effekt.³ Det er likevel interessant å sjå om nedgangen held mål når han vert prøvd på lokalplanet. Fanst det unntak frå regelen om reduserte tingprosessar? Er det noko ein overser når ein vektlegg einsidig ei kvantitativ analyse av tingsaker før og etter 1797?

Å granske reforma ”ovanfrå” er viktig, men det er like naturleg å fokusere på kva konsekvensar innføringa av kommisjonane kunne få for folk flest. Det er ei vanleg oppfatning at rettsapparatet i alle dei nordiske landa hadde stor oppslutnad frå innbyggjarane i den tidleg moderne epoken. Det var ingen uvilje mot å søkje til tinget for å få løyst konfliktar.⁴ Tvert om var den aktive medverknaden frå folket på mange måtar ein føresetnad for at rettsstellet på det lægste nivået fungerte. Futen stemna berre ein liten del av brotsverka. Sjølv om utviklinga nok gjekk i retning av at kongens menn tok over fleire og fleire saker, var det for ein stor del

¹ For Danmark og kjøpstädane i Noreg vart forlikskommisjonane innført i 1795.

² Historikarar har for det meste vurdert forlikskommisjonane positivt, sjølv om undersøkingar på området er mangelvare. Sjå t.d. Kiil 1969: 74; Sandvik 2002: 63. Eit lite etterhald finst hjå Næss 2000: 145.

³ Næss 1995: 57.

⁴ Österberg 2000b: 10; Næss 2000: 145.

opp til innbyggjarane sjølve å ta affære når dei følte seg forulempa.⁵ Slik sett greip reforma inn i ein folkeleg rettskultur som hadde lange historiske røter.

Mange av prosessane som blei reist på tinget var difor meir enn teoretisk jus. For innbyggjarane i eit lite lokalsamfunn fungerte bygdetingenget også som ein reiskap for å rette opp ein ubalanse. Somme tider kjem det heilt eksplisitt til uttrykk, t.d. i ei åstadsak på Berge i Luster i 1801, der partane bad om ”Tiid at betænke sig til Forliig [...] for at kunde leve som grander og forebygge ødeleggende Uvenskab for Eftertiiden”.⁶ Brukt på denne måten fortener tinget knapt nok nemninga domstol. Det var like mykje ei råme kring konfliktar som var for vanskeleg for folk å løyse eiga hand, som ein rettsinstans sikta inn mot å avseie dom. Eit mål med oppgåva vert difor ikkje berre å sjå bruken av rettsstellet opp mot lover og reglar, men også dra inn ein meir prosessorientert synsvinkel, der dei enkelte aktørane sine val og strategiar ved konfliktløysinga får større merksemd.

Men ”folket” eller ”folk flest” slik det er beskrive ovanfor er ikkje heilt uproblematiske omgrep. Å kategorisere undersåttane i Noreg i tidleg moderne tid i ei gruppe skyggar for viktige nyansar. Nyttar alle delar av innbyggjarane seg like flittig av rettsstellet, eller fanst det personar som fall utanfor? Spørsmålet burde kome relativt fort når ein veit at halvparten av samfunnsmedlemmane var kvinner. Like naturleg skulle det vere å studere aktørane på tinget andsynes sosiale skiljelinjer. Frå om lag 1750 vaks det fram ein underklasse av husmenn på landet i Noreg. Vart desse ein del av det ”folket” som så flittig nyttar seg av rettsstellet?

Om det skulle vise seg at delar av befolkninga fall utanfor den gamle, tradisjonelle tingskipnaden, er vegen kort til å flytte fokus på kva arenaer desse gruppene nyttar seg av når dei opplevde konfliktar.⁷ Spørsmålet er spesielt interessant å stille i samband med innføringa av forlikskommisjonane. Tinget og kommisjonen verkar ved fyrste augnekast som to motsetnader. Bygdetingenget var i utgangspunktet ein institusjon som skulle definere ein vinnar og ein tapar, medan kommissærane freista å få partane til å møtast på halvegen. Vidare var tinget ein offentleg arena som stod i kontrast til det lukka rommet forliksmøta vart haldne i. Også prosessøkonomisk og i møtefrekvens var det forskjellar mellom tinget og forlikskommisjonen. Rett nok var det etter 1797 tvungen mekling ved dei fleste sivile saker før ein prosess på det lægste rettsnivået kunne setjast i gang. Slik sett kan forlikskommisjonane vurderast som ei obligatorisk sluse meir enn eit tillegg til bygdetinga.

⁵ Øyrehaben-Sunde 1998: 72.

⁶ Tingbok for Indre Sogn 48: 51B (Tingbok for Indre Sogn vil heretter bli avkorta til TBIS).

⁷ Sjå t.d. Österberg 2000a: 260. Spørsmålet er reist her, men ikkje fullgoda svara.

Men tek ein utgangspunkt i forskjellane nemnt ovanfor, er det ikkje usannsynleg at forlikskommisjonen for mange må ha stått fram som ein ny og annleis institusjon for konfliktløysing.

Samstundes er det viktig å vere klar over at det også fanst andre arenaer innbyggjarane kunne kome til med problema sine. T.d. vart det relativt ofte skipa ad hoc kommisjonar som løyste tvistar mellom folk. Også supplikk-institusjonen var mykje nytta.⁸ Oppgåva gjer såleis ikkje noko krav på å kartleggje fullstendig kva institusjonar dei ulike samfunnsgruppene gjekk til når dei hadde tvistar å løyse. Fokus i denne oppgåva er lagt på bygdetinget og forlikskommisjonen. Det er desse to institusjonane eg siktar til når eg vidare i oppgåva talar om ”rettsstellet”.

Problemstilling

Den overordna problemstillinga er allereie stilt: Kva konsekvensar fekk innføringa av forlikskommisjonen i Luster for innbyggjarane sin bruk av rettsstellet? Frå dette utgangspunktet vil eg i denne oppgåva gå nærmare inn på fire delproblem:

- Frå styresmaktene si side var det eit ynskjemål med reforma å dempe presset mot tinga. Lukkast dei med dette i Luster? Fekk dei innbyggjarane i bygda til å avslutte tvistane sine i forlikskommisjonen, og såleis fjerne noko av saksmengda ved underretten?
- Medan førre delproblem har fokus på saksmengda før og etter 1797, vil eg etterpå granske om reforma fekk innverknad på kva type saker folk stemna. Fungerte kommisjonen berre som eit slags forstørringssglas frå bygdetinget, der dei sivile sakene este proporsjonalt ut, eller kunne reforma også føre til at det skjedde ei dreiling av sakstypane?
- Hadde innføringa av forlikskommisjonen innverknad på kvinnene si deltaking i rettsstellet? Var det meir naturleg for kvinnene å søkje til kommisjonen enn til tinget for å løyse konfliktar?
- Likeins vil eg sjå om reforma fekk noko å seie for husmennene si deltaking i rettsstellet. I Luster vaks det på 1700-talet fram ein stor eigedomslaus klasse. I kva grad brukte husmennene tinget som ein arena for konfliktløysing, og fekk

⁸ Supplikkane, og truleg også kommisjonane, var mest nytta av folk frå det øvre sosiale sjikt. Sjå t.d. Rian 2003: 104.

det nokon konsekvensar at det kom ein ny institusjon dei kunne gå til med sine problem og tvistar?

Problemstillinga gjev såleis eit breiare perspektiv enn berre å fokusere på ei einskild reform. Innføringa av forlikskommisjonane kan også nyttast som ein inngangsport til å sjå på meir allmenne sider ved norsk rettshistorie. På det viset er det naturleg at oppgåva tek eit steg vidare enn det opningssetninga til dette kapittelet proklamerer. Målsetjinga blir difor ikkje berre å skildre korleis ei reform teknisk slo ut i ei bestemt tid og på ein bestemt plass, men også å gripe ein flik av nokre av dei store spørsmåla innan rettshistoria: Var rettsstellet berre ein boltreplass for velståande menn? Kva var avgjerande for kven som nytta seg av tinget og forlikskommisjonen? Korleis fungerte tinget og kommisjonen i konfliktløysingsprosessen?

Dispositionen vil i stor grad fylgje problemstillingane som er skissert ovanfor. I neste kapittel gjev eg eit kort historisk riss av Luster, særleg med omsyn til framveksten av dei sosiale skilnadane på 1700-talet.

I kapittel tre vil eg trekke ei rettshistorisk line fram til opprettinga av forlikskommisjonane i 1795/97. Det er viktig av fleire grunnar. For det fyrste er det påtrengjande å få fram at innføringa av forlikssstellet ikkje var ein einsleg svale, men del av eit større rettsleg reformprosjekt. For det andre er målsetjinga med oppgåva å etterrøkke konsekvensar av ein bit av dette reformprosjektet. Det er difor naudsynt å ha i bakhovudet at også andre variablar kan ha spela inn på dei eventuelle endringane som vert funne. Kapittelet vil òg ha eit fokus på det auka statsrettslege engasementet i tidleg moderne tid, og korleis dette kan ha påverka rettskulturen og rettspraksisen blant folk.

I kapittel fire vil eg presentere saksmengda på tinget og i forlikskommisjonen, og drøfte nærare i kor stor grad målsetjinga med å dempe presset på bygdetinget lukkast.

Kapittel fem er via sakstypane på tinget og i forlikskommisjonen, der eg fyrst vil sjå nærare på eigedomssakene. Deretter vil ærekrenkingane, kopla opp til motsetnaden mellom det utovervende tinget og den meir inneslutta kommisjonen, bli teke opp til drøfting.

I kapittel seks og sju vil eg sjå nærare på kva konsekvensar reforma i 1797 kan ha hatt for kvinnene og husmennene si deltaking i rettsstellet i Luster.

I kapittel åtte vil bruken av tinget og forlikskommisjonen bli freista sett frå den enkelte aktør sin synstad. Rettsbruken blir her vurdert ”processual” og ikkje ”rule-centred”, for å

nytte eit omgrepsspar frå rettsantropologien.⁹ Slik kan voneleg også andre nyansar frå materialet kome fram og kaste ljós over dei resultata som har blitt presentert i tidlegare kapittel.

Avgrensingar

Granskingsområdet er som nemnt lagt til bygda Luster i Indre Sogn. Det er fleire årsaker til dette. Det var framfor alt ein stor fordel at Luster skipreide og området åt forlikskommisjonen (Luster prestegjeld) fall i hop. Eit vesentleg poeng med oppgåva er å samanlikne saker på tinget og i kommisjonen. Det var difor ein føremon at rettsområdet til dei to institusjonane samsvara.

Dernest var det eit mål å undersøkje eit område med sosiale skilnader. Vestlandet er tradisjonelt rekna som ein egalitær landsdel, men Indre Sogn og Luster peika seg likevel ut med ein stor husmannsklasse.

Vidare var det også viktig å ha gode bygde- og ættesoger til rådvelde. Ei målsetjing for prosjektet var å spore opp aktørane med omsyn til sosial status. For Luster har Lars Øyane gjort eit stort arbeid med å kartleggje ættene i bygda. Bøkene hans er sjeldsynt gode og grundige, og har vore ein stor fordel i mitt eige arbeid.

I tid strekkjer undersøkinga seg f.o.m. 1783 t.o.m. 1810. At eg ikkje gjekk lenger enn desse 28 åra heng saman med arbeidsmengda. I alt har eg registrert over 1300 saker på tinget og i forlikskommisjonen. Eit større tidsspenn ville ha medført ei ufornuftig stor saksmengd for ei hovudoppgåve. I stor grad var det prosessane på tinget som sette grenser for oppgåva. Særleg nokre av åstadsakene viste seg tidkrevjande å næste opp, der dei hoppa mellom tingbok og ekstraretsprotokoll utan gode tilvisingar. Arbeidet med å spore opp den sosiale bakgrunnen til dei involverte partane i sakene var også meir omfattande enn det eg på førehand hadde rekna med.

Vegskiljet i perioden er 1797, då forlikskommisjonane på bygdene i Noreg kom. For Luster var det fyrste møtet i mai 1797. Det betyr at både sommar- og hausttinget same året vart råka av reforma. På det viset kan ein snakke om eit før og etter 1797. Det blir 14 år på båe sider av året forlikskommisjonen blei skipa. I den vidare undersøkinga vil komparasjonen

⁹ Comaroff 1981: 5 ff. Den fyrste nemninga viser til ei oppfatning av at konfliktar må forståast ut frå at folk ved ulike handlemåtar forfølgjer eigeninteresser, medan ”rule-centered”- tradisjonen meir legg vekt på at individua let seg styre av lover og reglar.

ta utgangspunkt i denne inndelinga, slik at dei 14 åra fram til og med 1796 utgjer den ”fyrste perioden”, medan dei 14 åra etter vil bli omtala som den ”andre perioden”.

Kjelder og metode

Hovudkjeldene er tingbøkene og ekstraretsprotokollane for Indre Sogn, samt forliksprotokoll for Luster. Både kjeldene frå tinget og kommisjonen finst utan manglar for min periode. Dette var også ei viktig årsak til at undersøkinga blei lagt til Luster. Frå slutten av 1700-talet er tingbøkene stort sett godt bevart kringom i landet. Noko verre er det med forliksprotokollane. Desse vantar for ein del kommisjonsdistrikt, særleg frå den tidlege perioden. For mi oppgåve var overgangen i 1797 viktig å dokumentere, og såleis var det naudsynt at det ikkje fanst lakuner frå den fyrste tida. Alt dette klaffa for Luster sin del. Rett nok er dei ikkje avskrivne, men skrifa var stort sett fin og ryddig og baud ikkje på store problem.

I innhald og struktur er det store forskjellar mellom justis- og forliksprotokollane. Resultatet av meklinga i forlikskommisjonen var ei rad saker, ofte i knapp stil. Mange gonger er det tale om nokre få linjer som berre gjev opplysningar om det mest turvande; partane som var involvert, kva saka galdt og resultatet. Tingbøkene og ekstraretsprotokollane er skrivaren si nedteikning av det som gjekk føre seg på tinget.¹⁰ Det var ei brokut blanding av hendingar, som straffeprosessar, opptak av tingsvitne, lesing av gjeldsbrev osv. Tingbokmaterialet kan difor ofte vere uoversiktleg og tungt å arbeide med. Men det gjev som regel ei rikare skildring av sakene, særleg fordi vitneprova gjerne kastar eit klarare ljós over kva som hendte.

Eg har i tillegg til dei ovanfor nemnte kjeldene nytta meg av ein del pantebøker for å sjå på husmannskontraktar. I tillegg har det vore naudsynt å studere lover, ymse forordningar og reskript.

Eit siktepunkt med oppgåva er å samanlikne saker både over tid og mellom to ulike institusjonar. Ein slik komparasjon kan problematiserast på fleire nivå. Eit nærliggjande spørsmål er om det let seg gjere å samanlikne dei sivile sakene på tinget mot sakene reist i kommisjonen. Ein klarare grenseoppgang mellom sivil- og straffesaker vart ikkje staka ut før på 1800-talet. I tillegg var det ikkje tvungen mekling i alle sivile saker. Nokre gjekk beinveges til tinget.¹¹ Det viste seg likevel at dette problemet var meir teoretisk enn reelt. I løpet av 14 år var det t.d. berre to kommisjonssaker futen seinare tok over. Det var likeins

¹⁰ NL 1-8-3.

¹¹ Dette galdt rett nok ein liten kategori saker. Sjå s. 35.

svært få private saker i perioden som ikkje hadde/skulle ha vore innom kommisjonen før handsaming på tinget.

Komparasjonen hadde også ei problematisk side reint praktisk. Jostedal haldt frå gamalt av ting saman med Luster. Det betyr at saker der den innklaga var frå Jostedal har blitt utelete. Frå 1798 kom også månadstinga inn på sorenskrivaren si tingreise. To gonger om året hadde seks skipreider ting ilag. Frå desse plukka eg ut dei sakene der Luster var verneting for den innklaga. Det betyr at samanlikningsgrunnlaget i utgangspunktet er litt skeivt, ettersom det i den andre perioden var fleire tingsesjonar til rådvelde for lusteringane, noko som i sin tur kan ha innverka på sakstala ved underretten. Seinare i oppgåva vil eg vise at månadstinga var mindre viktige enn dei gamle haust- og sommartinga, om ein reknar ut frå kor mange saker som blei stemna inn. Eg meiner difor at ei samanlikning let seg forsvare.

Som nemnt landa eg på ei periodeinndeling f.o.m. 1783 t.o.m. 1810. Frå desse åra ville eg freiste å kartlegge sakene så fullstendig som mogeleg. Frå 1783 registrerte eg difor berre dei nye sakene som blei stemna inn på tinget. I den andre enden av perioden fylgte eg prosessane til dei var ferdige. Det betyr at eg for nokre av søksmåla måtte gå vidare enn 1810 for å få klarlagt avgjelda i sakene. Frå forliksprotokollane skrev eg av sakene frå starten i 1797 til byrjinga av oktober 1810. At eg ikkje gjekk ut året 1810 heng saman med ynskje om å dokumentere kor mange søksmål frå kommisjonen som til slutt hamna på tinget. Det ville vere lite føremålstenleg å gå vidare enn hausttinget 1810, som var den siste tingsesjonen i granskinga mi.¹²

Så kan ein spørje seg om perioden gjev grunnlag for å generalisere om saksmengd, og om sakstypane sin representativitet. No er ikkje målet for denne oppgåva å vise utviklinga av saker over eit langt tidsspenn. Eg meiner likevel at dei 14 åra på begge sider av reformåret 1797 skulle synleggjere kva den røynde stoda var for tinget i Luster i tida før og etter forlikskommisjonen vart innført, og at eventuelle særeigne år ville bli korrigert, både med omsyn til saksmengd og sakstype.

Ei saksavgrensing i denne oppgåva er ikkje så likefram som ein kunne tru. Minst problematisk var arbeidet med forliksprotokollen, der eg har registrert alle innførslane. For tinget kunne ei innhegning vere å trekke ut kriminaliteten. Men fleire har poengert det problematiske ved å

¹² Dette kan sjølv sagt problematiserast. Det kunne gå over eit år frå ei sak var handsama i kommisjonen til ho enda på tinget. Såleis kan ein ikkje vere heilt trygg på at det ikkje var fleire saker frå kommisjonen i min periode som til slutt enda opp i ein prosess ved underretten.

nytte omgrepet ”kriminalitet” historisk.¹³ Eit velutvikla skilje mellom kriminalsaker og civilsaker kom ikkje før ut på 1800-talet. Eg har såleis registrert både offentlege og private søksmål.¹⁴ Generelt er ei ”sak”, ein ”tvist” eller ein ”krangel” - ”those occasions where one feels he has suffered an injury, sees another as to blame it and confronts him with responsibility”.¹⁵ Ei tingsak vil då bli snevra inn til ein tvist som er overlatten til dommaren (lagretten) å bestemme utfallet av.¹⁶

Omgrepet ”tinget i Luster” treng også ei nærmare avklaring. I snever forstand kunne ein ha avgrensa det til sommar- og hausttinget, som var dei gamle tingsesjonane. Det ville ha gjeve lite mening i denne oppgåva. Skal ein få eit truverdig bilet av kor mange saker frå forlikskommisjonen som enda i ein prosess, er det naudsynt også å ta med dei tvistane som vart tilviste til retten på åstaden. Av same grunn har eg òg registrert dei sakene på månadstinga der lusteringar blei stemna inn. I tillegg omfattar ”tinget” utsetjingsting og ekstrarettar haldne i Luster skipreide.

Grunnlaget for fleire kapittel i oppgåva er ei systematisering av sakene frå tingbøkene og forliksprotokollen. Ei slik systematisering krev ei reflektert haldning til det å kategorisere historisk materiale.

Inndeling av eit saksunivers i kategoriar byr på fleire store vanskar og få gode løysingar. Sentralt i oppgåva er sondringa mellom offentlege og private søksmål. Bodil Erichsen har med rette peika på at eit slikt skilje er problematisk i tidleg moderne tid.¹⁷ Det heng først og fremst saman med at det ikkje var klart definert kva saker som kvalifiserte for offentleg påtale. Når eg vidare i oppgåva set ei grense mellom kongen sine saker og søksmål frå einskildpersonar, er det kven som er citant¹⁸ som er det avgjerande, og ikkje sakstypen. Difor kan t.d. ei valdssak like gjerne vere privat som offentleg.

Problematisk er også den vidare inndelinga i sakskategoriar. Vanskane ligg på fleire plan. For det fyrste gjeld det meir teoretiske problem, som f.eks. korleis ein skal handsame

¹³ Sandmo 1992: 12 ff og Sharpe 1999: 5 ff.

¹⁴ Det kan innvendast her at ”offentleg” er ein anakronisme. Erichsen 1998b: 138. Eg vel likevel å bruke termen i oppgåva som eit skilje mot saker initiert av privatpersonar.

¹⁵ Roberts 1983: 7.

¹⁶ Det betyr såleis at lesing av kunngjeringar, opptak av tingsvitne osv. ikkje er rekna som ei sak i denne oppgåva. Sjå t.d. Sandvik 2002: 73 og Hurtigkarl 1820: 54 ff for ei nærmare avklaring av saker og søksmål.

¹⁷ Erichsen 1994b: 56.

¹⁸ Citanten er den som stemna ei sak. I kjeldene frå Luster er ”citant” nytta som nemning på saksøkjaren i både tingsakene og kommisjonssakene. Når det gjeld den innklaga er ”delinkvent” ofte brukt i futen sine saker, men ikkje i private søksmål, der heller omgrep ”contra-citant” og ”indstevnte” blei nytta. Eg vil i oppgåva ta utgangspunkt i dette skiljet og avgrense ”delinkvent” som nemning på innklaga personar i dei offentlege sakene.

endring av lovverket over tid.¹⁹ For det andre har det å gjere med sjølve tolkinga av kjeldene. Særleg innførslane i forliksprotokollen kan somme tider vere såpass knappe at det er mest uråd å finne ut av kva striden dreia seg om. Men sjølv i ei sak der søksmålet er klart definert kan det oppstå vanskar med å avgjere kva sekkepost ho skal leggjast i. Fleire av sakene er mangetydige på den måten at søksmålet inneheld ein cocktail av skuldingar. T.d. var det ikkje uvanleg at vald og ærekrenkingar fylgdes ilag.

Den einaste farbare vegen ut av uføret er å ha ei pragmatisk haldning til sakene, og bruke sitt beste skjønn. Det er difor vanskeleg å halde seg til på førehand definerte termar. Kvar ny gransking er unik, og har såleis krav på båsar som høver til materialet.²⁰ Likevel vil eg nytte meg av saksinndelinga som er utarbeida av Bodil Erichsen i *Rettspraksis* nr. 2 1994, utan at desse kategoriane på nokon måte er ei tvangstrøye.

Alt i alt har eg registrert i overkant av 1300 saker. Nær 430 av dei vart reist på tinget, medan om lag 900 kom som resultat av mekling i forlikskommisjonen. I tillegg har eg skrive av over 70 opptak av tingsvitne. Ei slik saksmengd viste seg fort å vere for stor til å handtere manuelt. For å lette analysen la eg dei inn i ein database.²¹ Relasjonsdatabasen blei konstruert i Access og består av to tabellar. Den eine inneheld informasjon om aktørane. I den andre la eg inn opplysningar om sjølve sakene, som t.d. sakskategori, avgjerd osv. Ved å kople desse to tabellane saman kan ein få ut opplysningar det ville ta uendeleg lang tid å få fram om ein skulle bla i ringpermars.²²

Framstillinga vil ha eit overvegande kvantitatativt preg. Det gjev seg utslag i ei stor mengd med tal og tabellar. Det rike floraen av folkeleg kultur som ofte openberrar seg gjennom tingbøkene vil difor bli neglisjert til fordel for meir tørre framstillingar av tendensar og hovudtrekk ved hjelp av talmateriale.

Det betyr også at analysen ikkje går særleg djupt inn i materien. Kvar av kapitla kunne på sett og vis ha vore gjenstand for ei eiga hovudoppgåve. At det ikkje blir gjort, heng saman med eit ynskje om å yte empirisk materiale på område som mest ikkje er undersøkt. Ein del er nok skrive om æressaker i rettshistorisk samanheng. Det same gjeld for kvinnene på tinga og i forlikskommisjonane. Men korleis reforma i 1797 kunne innverke på saksmengda i ein rettskrins ser derimot ut til å vere eit ubleika lerret. Heller ikkje den sosiale statusen til rettsbrukarane i tidleg moderne tid har fanga merksemda til historikarane.

¹⁹ Dette problemet vil eg ikkje gå nærmare inn på her, sjå t.d. Næss 1994b: 28 ff og Erichsen 1994b: 45 ff.

²⁰ Erichsen 1994b: 52.

²¹ Databasen vil i oppgåva bli referert til som "Database Luster".

²² Sjå appendiks 3 for fleire opplysningar om databasen.

Forskningsstatus

Forliksprotokollane har ikkje vore mykje brukt av historikarar. På mange måtar kan det verke underleg. Alf Kiil hevdar nemleg at ”Desse bøkene kan gi opplysningar om både økonomiske, sosiale og moralske tilhøve i bygd og by.”²³ Dei har nok blitt nytta både i bygdebøker og historiske avhandlingar, men då gjerne som eit supplement til andre kjelder.²⁴ Arbeid med forliksprotokollane i sentrum er det få av.

Eit unntak er Hans Eyvind Næss si bok til 200-års markeringa åt forliksråda i 1995.²⁵ Han skisserer bakgrunnen for kommisjonane, og med smakebitar frå heile landet eksemplifiserer han korleis dei fungerte i bygd og by. Boka summerer opp erfaringar frå to hundreår og presenteter difor ikkje så mykje nytt om kommisjonsarbeidet i praksis. Meir grundig har Siw Hege Olsen gått til verks i ei hovudoppgåve om forlikskommisjonane.²⁶ Ho samanlikna tre kommisjonsdistrikta i Rogaland over ein femårs periode. Undersøkinga hennar viser at det var forskjellar mellom dei ulike distrikta med omsyn til kva sakstypar dei handsama, men resultata er ikkje heilt eintydige. Ulikskapen fylgde ikkje nødvendigvis bygrensa. T.d. var det i gjeldssakene størst variasjon mellom dei to landområda ho undersøkte. Også Inger Lise Rør gjorde ei granskning ved hjelp av materiale frå forlikskommisjonane.²⁷ Arbeidet hennar er i mykje retta inn mot ei historisk skildring av forliksstellet og ein gjennomgang av regelverket i forordningane som låg til grunn for det, og difor ei nedtoning av sjølve verkemåten til kommisjonane. I Danmark har Lotte Dombernowsky ved hjelp av forliksprotokollane sett seg føre å kaste ljós over rettsoppfattning og åtferd i allmugen på Fyn kring 1800.²⁸ Ho oppfattar kommisjonane som eit positivt tilfang til den gamle tingordninga, fordi folk lettare fekk igjennom sin rett. På lengre sikt hevdar ho at forlikskommisjonane hadde ”en kulturelt udjævnende – og en opdragende og utviklende virkning på de brede lag i befolkningen.”²⁹ Grunnen var, meiner ho, at tingingane blei haldne bak lukka dører, og at folk slapp unna den innfløkt rettsprosedyren som prega domstolane.

Tingbøkene har vore langt meir utnytta som kjelde for historiske arbeid, ikkje minst takka vere tingbokprosjektet ved Universitetet i Oslo. Eit breitt spekter av tema har fått kasta ljós over seg ved hjelp av justisprotokollane, men hovudfokus har nok i større grad vore retta

²³ Kiil 1969: 75.

²⁴ T.d. Tranberg 1993; Elin Geire: Generasjonsskifte eller transaksjon? : om handlingsmønstre og normer når jord skiftet eier i Ullensaker på 1800-tallet, hovudoppgåve i historie Oslo 1996; Hoff 1996.

²⁵ Næss 1995.

²⁶ Olsen 1999. Ho studerte kommisjonsdistrikta Stavanger, Bjerkreim og Hjelmeland i perioden 1800-1805.

²⁷ Rør 1978.

²⁸ Dombernowsky 1985.

²⁹ Dombernowsky 1985: 38.

inn mot gransking av kriminalitet enn meir generelle konfliktstudiar.³⁰ Ein merkestein innan rettshistorisk forsking dei siste åra er antologien *People meet the law*, som summerer opp resultata av eit felles nordisk samarbeidsprosjekt kring studiar om kriminalitet og konfliktar i tidleg moderne tid.³¹ Men boka må fyrst og fremst seiast å ha eit skarpt blikk på lover, disiplinering og sosial kontroll, der innbyggjarane er gjeve mindre spelrom i konfliktane dei kom opp i.³² Ei anna vinkling har Erling Sandmo i sitt klassiske arbeid om bygdetetinget i Rendalen.³³ Han går bak lovverket og tinget som domstol, og viser kor avgjerande det er å gripe fatt i folk sin faktiske bruk av rettsstellet om ein vil skjøne konfliktløysinga i eldre tid. Nemnast bør òg Aud Mikkelsen Tretvik si avhandling om konflikthandtering i Røros og Ålen tinglag på 1700-talet. Ho studerer ulike arenaer for konfliktløysing og kven som deltok der. Ein av konklusjonane hennar er at lokale ombodsmenn, og då særleg lagrettemennene, spela ei meir aktiv rolle i lokalsamfunna enn det ein tidlegare har trudd. Oppgåvane deira var mangslungne og gjekk lenger enn til det å sitje vitne ved sorenskrivaren sitt bord.³⁴

Denne stutte gjennomgangen viser at den litterære produksjonen om rettsreformene og innføringa av forlikskommisjonane er relativt smålåten. Det betyr i praksis at dei funna som blir presenterte i oppgåva i liten grad kan bli fundert i andre undersøkingar. Det gjeld både sjølve reformene på 1790-talet, og meir allmenne problemstillingar omkring bruken av rettsstellet sett opp mot ulike grupper av aktørar.

³⁰ T.d. Margit Løyland: Slagsmål, leiermål og bøtlagte egder 1600-1700, Oslo 1992; Anne Aune: Avkriminalisering av leiermål, Oslo 1994; Gunnar Knutsen: Trolldomsprosessene på Østlandet, Oslo 1998.

³¹ Eva Österberg (red.): *People meet the law*, Oslo 2000.

³² Sjå også Appel 1999: 27 ff.

³³ Sandmo 1992.

³⁴ Tretvik 2000: 313.

Kapittel II: Undersøkingsområdet

Luster strekkjer seg langs ein nesten 20 kilometer lang fjordarm av Sognefjorden.³⁵

Kommunen er størst i fylket og ligg inst i Sogn, der topografiens er så typisk for denne delen av Vestlandet, med bergsider som skyt opp frå sjøen. Størstedelen av Luster er fjellområde og difor ueigna som dyrkingsjord. Men enkelte flatare parti og tilstøyande dalar har gjeve rom for gardsdrift.

Mitt undersøkingsområde samsvarar ikkje heilt med det som i dag er Luster kommune.³⁶ Utgangspunktet for denne oppgåva er det gamle Luster prestegjeld, som bestod av sokna Gaupne, Nes, Dale og Fortun. Sjølv det dekka eit etter måten stort område der sjøen var den viktigaste ferdselsåra.

Dette korte geografiske oversynet med fjell og fjordar kan lett føre oss over til om Luster prestegjeld var eitt eller fleire lokalsamfunn. Følte lusteringane eit samhald som skilde dei t.d. frå folk frå Hafslo og Årdal, eller kjende innbyggjarane i dei ulike sokna eit sterkare slektskap med grannebygdene? Dette spørsmålet er sjølvsagt vanskeleg å svare på. Men det er vel truleg at f.eks. folk i Gaupne hadde eit sterkare samband vestover/sørover mot Marifjøra og Hafslo, enn austover mot innbyggjarane i Fortun, inst i Lustrafjorden. Tingbøkene tyder også på det. Når eg i denne oppgåva talar om ”Luster”, ”lokalsamfunnet” og ”bygda” påstår eg difor ikkje at det fanst ei samkjensle mellom innbyggjarane.³⁷

Sterk folkevekst

Tabell 2.1 viser at utviklinga i folketalet i Luster var særleg stor i tidsbolken 1701-1735. Bygda skil seg på dette viset noko ut frå resten av Vestlandet, som opplevde stagnasjon i hundreåret frå om lag 1650 til 1750. T.d. var folkeveksten 1701-35 for Bergen stift på moderate ni prosent, mot 38,6 % i Luster. I folketalsutvikling som for mange andre variablar var Luster meir å rekne som ei austlandsbygd.

Forvitneleg er også ”bakketoppen” på 1800-talet. Folketalet steig opp mot ei høgd kring 1845, sidan gjekk det nedover resten av hundreåret. Det skulle vel vere opplagt kvar

³⁵ Sjå kart appendiks 4.

³⁶ Luster vart i 1963 slått saman med Hafslo og Jostedal til ein kommune.

³⁷ Sjå t.d. Tretvik 2000: 25 ff for ei nærmare drøfting av omgrepet lokalsamfunn.

desse folka tok vegen. Som for resten av Indre Sogn var Amerika-feberen svært sterk i Luster.³⁸

Tabell 2.1: *Endring i folketalet i Luster 1665-1900, absolutte tal og prosent.*

År	Folketal	Endring i prosent
1665	1260	
1701	1285	2 %
1735	1771	37,8 %
1769	2098	18,5 %
1801	2606	24,2 %
1813	2781	6,7 %
1825	3352	20,5 %
1845	4428	32,1 %
1900	3006	-32,1 %

Kjelde for åra 1665-1801: Assev 1991: 53. For åra: 1813-1900: Laberg 1926: 413.

I høve til denne oppgåva er det interessant å sjå på folkeveksten både før og etter min periode. Det kan på mange måtar seie noko om balansen mellom innbyggjartal og ressursar for tidsbolken eg studerer. Per Assev hevdar at folketalet nærma seg smertegrensa allereie på 1700-talet, og at det var potedyrkning i større omfang i byrjinga av det 19. hundreåret som gav rom for fortsett auke. Ein indikator på ressurspresset var inntaket av vegetabilsk kost versus animalsk. I 1723 skal 60 % av kaloriinntaket ha kome frå februk, medan det i 1802 var sokke til om lag 45 %.³⁹ Den kraftige nedgangen i folketalet frå 1845 til 1900 kan lett stø opp under påstanden om at bygda var overfolka. Men folketalet steig med heile 70 % frå 1801 fram til toppen snaue 45 år seinare. Det skulle vel tyde på at Luster ikkje nådde eit ressurstak i min periode, sjølv om ein ny kulturplante nok kunne mette fleire munnar.⁴⁰

Få næringssvegar

Luster var i større grad enn mange andre vestlandsbygder dominert av landbruket. Det var ikkje åkerbruket som peika seg særskild ut, sjølv om jordsmonnet skal ha vore grøderikt.⁴¹ Meir var det dei gode fjellbeita som la til rette for eit etter måten stort husdyrhald.⁴²

³⁸ Luster leia an i ein region som hadde ei særeiga folketalsutvikling i andre helvta av 1800-talet. Bortsett frå Jostedal opplevde alle bygdene i Indre Sogn ein nedgang i folketalet i åra 1845-1900. Samla sett var nedgangen 17,8 %. Også andre bygder i Noreg kunne nok oppleve negativ vekst, men ofte ikkje like markant som i Sogn. For heile landet var det i den same tidsbolken ein auke i folketalet på 68,6 %. Holmsen 1937: 89.

³⁹ Assev 1991: 29.

⁴⁰ Det er vel heller ikkje slik at ei dreining mot meir vegetabilsk kosthald treng å bety at eit område er overfolka. Engesæter fann då også at produksjonen av mat haldt meir enn tritt med folkeveksten i Indre Sogn på 1800-talet, og at ein ikkje kan forklare den sterke utvandringa til Amerika frå regionen med ei kraftig overfolking. Engesæter 1986: 118.

⁴¹ Kraft 1830: 731.

Av attåtnæringer er det er såleis slåande kor mykje meir husdyrhandel dominerte over fiske, som ser ut til å ha hatt ei marginal rolle som levebrød i Luster.⁴³ Det var eit trekk som i større eller mindre grad var likt for heile Indre Sogn.⁴⁴ Rett nok har Sandal oppgradert verdien av fisket i Sogndal, særleg for dei jordlause. Men vurdert ut frå sakene på tinget og i forlikskommisjonen i Luster, var det berre eit fåtal tvistar som på ein eller annan måte gav vitnemål om fiske. Desse sakene omhandla som regel strid om retten til å fiske i elvane.

I kontrast til dette står dei mange sakene som ber bod om handel og fedrift. Noko systematisk oppteljing har eg ikkje gjort, men til saman på tinget og i forlikskommisjonen er det snakk om fleire titals saker. Nokre av dei spring direkte ut av handelsturane; det kan vere slåsskampar i Christiania, ein okse som har blitt borte på ei drift over fjellet, ei ærekrenking under Lærdalsmarknaden osv. Men i fleirtalet av sakene får me nyss om verksemda ved at det vert opplyst at ein av partane eller eit av vitna er på handelsferd, og såleis fråverande på tinget og i kommisjonen. Som regel gjekk turen austover med dyr, men handelskontakten med Bergen ser heller ikkje ut til å ha vore utan verde.

Men ein skal truleg ikkje overdrive denne handelen. I folketeljinga frå 1801 er seks personar oppførte som kveghandlarar/kvegdrivar.⁴⁵ I same statistikken finn me også ein fiskar, medan handverkarane var langt meir talrike. Dei utgjorde i 1801 ei gruppe på 86 personar i Luster. 52 av desse var kvinner som dreiv med handarbeid. Totalt femnde denne gruppa om 3,3 % av befolkninga i 1801, mens det same talet for heile Sogn var ein prosent.⁴⁶

Skoghogst og sagbruksverksemnd skal ha vore viktig for Indre Sogn på 1600-talet. I 1612 vart det betalt skatt av 12 sager. Men utover 1700-talet fekk sagbruka som næring redusert verdi, med unntak av Kaupanger og nokre få andre bygder.⁴⁷ I Luster veit ein at det var tre sager på 16- og 1700-talet, men berre ei vart driven heile det 18. hundreåret. Det er difor lite truleg at skogen i Luster har vore til stort meir enn heimebruk.⁴⁸

Skarpare sosiale tilhøve

Med den kraftige folkevoksteren på 1700-talet blir det store spørsmålet korleis dei nye lustringane livnærte seg. Utflyttinga var liten fram til om lag 1850, då Amerika lokka fleire og

⁴² Kraft 1830: 747.

⁴³ Kraft 1830: 750.

⁴⁴ Holmsen 1937: 5.

⁴⁵ Digitalarkivet: Folketelling 1801 for Lyster prestegjeld.

⁴⁶ Engesæter 1982: 19.

⁴⁷ Holmsen 1937: 87. Det er rett nok ikkje semje om dette. Timberlid meiner at skogen i Indre Sogn hadde stor verdi. Timberlid 1994: 16.

⁴⁸ Assev 1991: 30.

fleire. Dei fleste måtte difor finne utkome i heimbygda. I eit jordbruksamfunn der tilgangen på nytt, dyrkbart areal var avgrensa, fanst det to måtar å løyse dette problemet på. For det første kunne ein dele opp gardsbruken i mindre lutar. Ved den andre varianten beheldt ein storleiken på bruken, medan dei nye arbeidshendene fekk seg husmannsplassar innanfor gardane. I landet sett under eitt var det ein tendens til at vestlendingane valte den første varianten, medan det på austlandet kom til fleire og fleire husmenn. Korleis var det så i Luster?

Tabell 2.2 skulle ikkje gje rom for særleg tvil. Folkeauken i Luster vart kanalisert inn i husmannsstellet. Medan talet på gardbrukarar heldt seg nokolunde stabilt i over hundre år, meir enn fordobra husmannsgruppa seg. Bøndene utgjorde om lag 2/3 av befolkninga i 1701, men sank til vel 1/3 hundre år seinare. Oppgåvene i tabell 2.2 er henta frå Assev, som til husmannsflokkene reknar husmenn med og utan jord, strandsitjarar og dessutan handverkarar. Ei slik gruppering er ikkje uvanleg, men oversikter over husmannsklassen tek ofte utgangspunkt berre i dei som hadde jord. I siste rada har eg difor frå 1801-teljinga skilt ut i parentes dei plassfolka som hadde eit større eller mindre jordstykke å livberge seg av. Me ser då at talet på husmenn vert noko redusert, men like fullt utgjer dei majoriteten av folket i Luster.

Tabell 2.2: *Bønder og husmenn i Luster 1665-1801, absolutte tal og prosent.*

År	Husmenn		Bønder		Husmenn pr. 100 bønder
1665	104	39.8 %	157	60.2 %	66
1701	89	34.9 %	166	65.1 %	53
1735	128	43.1 %	169	56.9 %	75
1801	262 (200)	62.2 % (55.7 %)	159	37.8 % (44.5 %)	164 (125)

Kjelde: Assev 1991: 62. ”Bønder” er her både sjølveigande gardbrukarar og leiglendingar. Tala i parentes er henta frå Digitalarkivet: Folketelling 1801 for Lyster prestegjeld. Same teljing opererer også med sju kvinnelege gardbrukarar i tillegg til dei 159 som er nemnt ovanfor. Assev sitt tal kan difor sjå ut til å vere noko for lite.

Er så desse tala unormale på nokon måte? Tabell 2.3 syner husmenn pr. 100 gardbrukarar i 1801. Materialet kan ikkje fullt ut jamførast, men ulikskapen i kven som kvalifiserer for husmannsklassen skiplar likevel ikkje hovudinntrykket. Luster skil seg ut både med omsyn til kringliggjande regionar og landet generelt.

Tabell 2.3: *Husmenn og bønder i 1801.*

Landsdel/region	Husmenn pr. 100 bønder
Heile landet	62
Austlandet med Telemark	100
Agder	31
Vestlandet	36
Trøndelag med Romsdal og Nordmøre	76
Nord-Noreg med Fosen og Namdal	29
Sunnfjord	10
Sogn	35
Indre Sogn	45
Luster	164 (125)

Kjelde heile landet t.o.m. Nord-Noreg: Dyrvik 1978: 148. Dyrvik reknar her husmenn med og utan jord. For Sunnfjord, Sogn og Indre Sogn er tala henta frå Timberlid 1994: 19. Timberlid avgrensar derimot husmannsflokkene til dei med jord. For Luster stammar tala frå Assev 1991: 62 og Digitalarkivet: Folketelling 1801 for Lyster prestegjeld.

Ein kan trygt konkludere med at Luster hadde ein husmannskoloni utanom det vanlege. Eit naturleg spørsmål å fylgje opp med er kvifor Luster skilde seg slik ut. Det vil gå langt utanfor denne oppgåva å drøfte dette grundig. Men når området som i utgangspunktet er like viser eit differensiert mønster, er det vel ikkje utenkjeleg at det har med tradisjonar og mentalitet å gjere.

Tabell 2.4 syner rekryttinga til ulike samfunnsgrupper i Luster på 1700-talet. Særskilt iaugefallande er den prosentvise nedgangen i talet på bønder, både gjennom heile hundreåret og innan kvar cohorte. Av det som er vist ovanfor kan ingen av desse utviklingstendensane kome som noko stor overrassing. I eit samfunn som ikkje var villig til å dele opp gardsbruken, verkar det opplagt at dei andre brørne i syskenflokkene måtte ta til takke med ein husmannsplass, og såleis forverre sin sosiale status i høve til fødselen.

Dei vertikale endringane er også interessante. At stadig fleire born hadde husmannsforeldre peikar klart i retning av at denne klassen var i ferd med å bli sjølvrekrytterande. Over tid kunne det føre til eit skarpere skilje mellom dei to gruppene:

Den første tiden var husmennene søsken og nære slektninger. Når de arbeidet på gården, satt de og tjenerne ved husbandsfolkets bord og spiste den samme mat.

Men så løper tiden. Brukersønner overtar brukene, og husmannssønner blir husmenn.

Slekskapet regnes ikke lenger. Brukerne vokser i velstand. Husmennene er like fattige eller enda fattigare enn før. [...] Samkvemmet svekkes og forandres.⁴⁹

⁴⁹ Dyrvik 1978: 185.

Tabell 2.4: *Fordeling av personar på sosiale klassar i Luster, absolutte tal og prosent.*

Født før 1700	Fars yrke		Yrke ved 1. ekteskap		Yrke ved død	
Bonde	658	76.9 %	449	64.7 %	483	59.5 %
Husmann	144	16.8 %	203	29.2 %	282	34.7 %
Født 1700- 1734						
Bonde	958	68.9 %	450	57.7 %	472	49.1 %
Husmann	368	26.4 %	287	36.8 %	438	45.6 %
Født 1735- 1769						
Bonde	1572	58.8 %	489	49.7 %	497	41.8 %
Husmann	1026	38.3 %	448	45.5 %	652	54.8 %
Født 1770- 1800						
Bonde	1181	51.1 %	344	40.2 %	372	33.6 %
Husmann	1094	47.3 %	489	57.2 %	715	64.6 %

Kjelde: Assev 1991: 64. Assev reknar også med ei gruppe av kondisjonerte. Denne har eg utelete frå tabell 2.4.

Om det var eit konfliktfylt forhold mellom husmannsflokkene og gruppa av gardbrukarar skal me kome attende til i eit seinare kapittel. Her held det å konkludere med at utviklinga i Luster på 1700-talet i alle høve la forholda godt til rette for at ei slik kløft kunne oppstå og vekse seg djup.

Tabellane ovanfor viser utviklinga av husmannsklassen, men seier lite om kva som kjenneteikna han. Tradisjonelt har det vore vanleg å dele plassfolka inn i to typar, alt etter kva funksjon dei hadde. Bygselhusmannen skulle ein helst finne i område med små gardar og lite arbeidskraftbehov. Plassleiga blei som regel betalt i pengar. Tilknytinga hans til garden var såleis relativt laus; han hadde bustaden sin på gardsbruket, men fann levebrødet sitt andre stader.⁵⁰ Arbeidshusmannen var derimot tettare bunden til det bruket han budde på ved at han skulle svare eit visst tal arbeidsdagar hjå husbonden sin. Sjølv om det fanst eit stort mangfold mellom desse to variantane, dannar dei likevel eit godt utgangspunkt for å vurdere husmannsklassen i Luster.

For å få eit betre inntrykk av kva type plassfolk det fanst i Luster i min periode har eg gått igjennom 32 tilfeldige festesetlar i tidsrommet 1784-1809.⁵¹ Timberlid meiner det var ein stor forskjell i husmannsstellet i ulike delar av Sogn og Fjordane. Husmennene i Sunnfjord hadde ei friare stilling fordi plassen berre var utgangspunkt for syslar utanom garden. I Sogn

⁵⁰ Knut Johannessen og Steinar Imsen: "Husmann". I: NHL 1999: 165 ff.

⁵¹ Eg har ikkje det eksakte talet på festesetlar i Luster i det same tidsrommet, men dei 32 husmannskontraktane utgjer nok eit klart fleirtal av dei tinglyste festesetlane for åra 1784-1809.

var derimot husmennene meir å rekne som ein arbeidskraftreserve og sterkare kopla opp mot gardsbruket det låg under.⁵² Husmannskontraktane frå Luster kan til ein viss grad stadfeste denne påstanden. I seks av kontraktane skulle plassleiga utelukkande betalast i pengar eller naturalia. I fem av festesetlane hadde husmannen berre arbeidsplikt. I fleirtalet er det likevel kombinasjonen av dei to som er framtredande. Typisk i så måte var dei krava Hans Johannesson Næs måtte godta i 1792 før han fekk flytte inn på husmannsplassen Ongelsnes.⁵³ I pengeleige vart han kravd to rd. og to mk. I arbeid skulle han ”2 uger at Riise om høsten om sommeren at hug. 300 kiærre Løv at skiære 1 Tønde Sæde agerland”.⁵⁴ Kor mange svardagar som var vanleg er ugreitt å rekne ut. Mange av oppgåvene var praktisk arbeid som det i ettertid kan vere vanskeleg å vurdere lengda på, men to til fire veker med pliktarbeid på garden ser vel ut til å ha vore vanleg. Samanlikna med mange andre stader var ikkje dette ei iaugefallande stor arbeidsplikt. Men det stør likevel opp om det som er skrive ovanfor om dei avgrensa attåtnæringane i bygda.

Endringane i Luster på 1700-talet viste seg såleis gjennomgripande. Gardbrukarane vart stort sett sjølveigarar i løpet av hundreåret.⁵⁵ Samstundes har me sett at bygda i mange høve luta tyngre austover enn mot resten av Vestlandet; i motsetnad til mange stader vestpå spela fisket ei lita rolle. Bygda skilde seg også ut med ein stor folkeauke som skapte grobotn for ein eigedomslaus klasse, som ved inngangen til 1800-talet var klart i fleirtal. Eit hovudspørsmål me sit att med er om denne sosiale differensieringa på nokon måte avspegle seg i rettsstellet og måten lusteringane løyste konfliktar på?

⁵² Timberlid 1994: 19.

⁵³ I oppgåva nyttar eg meg av Lars Øyane sine namneformer så sant eg har funne dei i bygdebøkene hans. Elles er namna attgjevne slik dei står i kjeldene.

⁵⁴ Pantebok for Indre Sogn 5A: 306 (Pantebok for Indre Sogn vil heretter bli avkorta til PBIS). Ein dugande arbeidsmann skal visstnok ha fått unna eit storhundre kjervar lauv om dagen, dvs. 120. Skurden av ei tunne sæd kan vel ha tilsvara om lag seks arbeidsdagar, sjå t.d. Heiberg 1996: 104.

⁵⁵ Kring 1700 var om lag ein fjerdepart av gardbrukarane sjølveigande bønder, medan resten var leiglendingar. 100 år seinare var dette talet snudd på hovudet.

Kapittel III: Vegen fram til forlikskommisjonane

Fleire vegar førte fram til dei juridiske reformene på 1700-talet. Eit fokus kan setjast på dei liberale straumdraga i andre helvta av det 18. hundreåret. Det kan også leggjast vekt på folkeauke og framveksten av handel og eit meir komplekst samfunn. I denne framstillinga vil derimot trådane bli trekt lenger bakover i tid, og fokus vil få eit institusjonelt tyngdepunkt, der veksten i sjølve statsmakta vil bli brukt som forklaring på reformene. Endringane vil bli vurdert opp mot folks rettsbruk. Utvikla tinga seg til å bli ein arena for rikfolk? Fekk styresmaktene sitt innsteg i lokalsamfunna innverknad på måten konfliktar blei løyst? Også dei forordningane som mest grunnleggjande sette nye premiss for underrettane frå 1790-talet av vil få brei omtale.

Den judisielle revolusjonen

Både i Norden og i andre europeiske land er den tidleg moderne tida prega av ein veksande freistnad frå styresmaktene på å kontrollere samfunnet. Særleg har Norbert Elias peika på denne utviklinga gjennom sin teori om siviliseringsprosessen. Maktapparatet vart monopolisert, og kriminalitetsmønsteret skifta karakter som fylgje av mindre aggressjon og ei meir sjølvdisiplinert befolkning.⁵⁶

På rettsområdet er dei auka statlege ambisjonane frå om lag år 1500 gjerne omtala som den ”judisielle revolusjonen”. Den gamle tingordninga var tufta på kommunalisme, og hadde difor eit lokalt preg på den måten at det i stor mon var autonomt i forhold til samfunnet kring seg. Rettsskipnaden var nær folk på fleire vis. Tvistar vart handsama av likemenn frå lokalsamfunnet. Den lokale tilknytinga synte seg også på måten konfliktane blei avgjort på. Forlik var den føretrukne utgangen på ei sak. Det var viktig å få lovbytaren integrert i samfunnet att, slik at den sosiale likebalansen kunne oppretthaldast. Rettsforståinga tok utgangspunkt i lokalmiljøet og dei behova medlemmene der hadde. Harmoni og stabilitet var overordna mål.⁵⁷

Ved inngangen til den tidleg moderne epoken byrja staten å feste eit grep som i det lange løp har ført fram til vårt moderne rettsstell. For dei mange lokale rettsinstansane betydde det at kongens menn i større grad greip inn i konfliktane og vart part i sakene. Tvistar

⁵⁶ Sandnes 1990: 19.

⁵⁷ Österberg 2000b: 17.

som tidlegare hadde vore individorientert skifta ofte karakter til ein konflikt mellom lovbytaren og det offentlege.⁵⁸ Dermed endra også straffene karakter. Det gamle bondesamfunnet haldt gjerne ei bakdør ope for misgjerningsmannen, slik at han kunne smette inn i det gode selskapet att når konflikten var over.⁵⁹ For den veksande statsmakta vart det tilgjevande handtrykket i større grad bytta ut med knyttneven.

Men makt handlar ikkje berre om den formelle autoritetsutøvinga. Det er også eit spørsmål om å definere kva som er rett og gale. På nokre område ser me difor at staten kunne ha andre oppfatningar enn det som var gjengs blant folk flest. Også dette er ein faktor fleire historikarar har poengt ved vurderinga av den aukande statlege maktovertakinga i tidleg moderne tid. Det var særleg styresmaktene sin frenetiske kontroll av seksualiteten som sleit med å vinne innpass i folkedjupet.⁶⁰

I lange liner gjekk altså domstolsapparatet frå å vere ”social arena” til ”maktens scen”.⁶¹ Desse ytterpunktene går mellom to idealtypar som sjølvsagt må modifiserast i møtet med røyndomen. Men bruk på Danmark/Noreg i den tidleg moderne epoken kan me likevel finne drag som ser ut til å høve godt inn i modellen.

Den folkelege kontrollen av tinget nådde ein topp rett før 1600.⁶² I 1590 vart bygdetingenet fyrsteinstans i alle saker. Bøndene sin rett til å dømme blei gjort til ei plikt. Men 1590-åra introduserte ein aktør i rettsstellet som snart skulle fråvriste lagretten si makt til å ta avgjerder på eiga hand. Sorenskrivaren var til å begynne med det tittelen sa: Ein svoren skriver som skulle hjelpe domsmennene med å tolke lova og skrive ned det som føregjekk på tinget. Det er likevel truleg at han relativt snøgt steig fram frå den tilbaketrukne rolla og tok del i domsavværdene.⁶³ Formelt vart denne praksisen kodifisert i 1634, då han fekk hovudansvar for dommane. Slutten på utviklinga kan setjast med Christian V si norske lov i 1687. Med nokre få unntak fekk sorenskrivaren eineansvar for domsavværdene på bygdetingenet.

Denne framstillinga av autoritetsoverdraging frå lokalsamfunna til ei sentralmakt kan nok problematiserast ein god del. Lagretten fortsette truleg å vere ein viktig

⁵⁸ Österberg 1991b: 83.

⁵⁹ Österberg 2000b: 24.

⁶⁰ Spesielle vanskår hadde staten med å få bukt med tradisjonen med gravide bruder. Denne tråden skal eg likevel ikkje fylge vidare her. Sjå t.d. Aalto 2000: 231. Det er heller ikkje semje blant historikarane i kva grad det var ulike ”lag” av mening mellom stat og allmuge, f. eks. i volds- og drapssaker. Sjå t.d. Erling Sandmos ”Voldsamfunnets undergang”; Steinar Imsen i HT 1998, bd. 77 nr. 4 og Sandmos tilsvarende i HT 1999, bd. 78 , nr. 1.

⁶¹ Österberg 1991b: 66.

⁶² Sandmo 1995: 83.

⁶³ Næss 1991: 44.

informasjonskanal for dommaren i ordinære saker. I tillegg hadde lagretten medbestemmingsrett i åstadsaker, og prosessar som galdt liv og ære. Hovudtendensen var likevel klar: Lekmannsinstituttet var på retur frå fyrst på 1600-talet, og tinget utvikla seg etterkvart til ein embetsdomstol.⁶⁴

Statsmakta sin styringsiver gav seg også utslag i byråkratisering og modernisering på andre område. Den tidleg moderne tida vart innleia med ei brutalisering av lovverket. Sett i ettertid kan nok dette knapt kallast eit humant framsteg, men det var eit uttrykk for at kongemakta var styrka etter reformasjonen.⁶⁵ Likevel var det ikkje før på 1680-talet at landsdekkande lover kom for tvillingriket. Utover einevaldstida flaut straumen av forordningar og reskript stadig rikare.⁶⁶

I sjølve domstolsapparatet kom instanseordninga inn frå 1590-talet. Bygdetinget etablerte seg som fyrsteinstans, samstundes som lagtinget blei omskapt til appelldomstol. Den hierarkiske delinga frå tinget på landsbygda til maktsentrumet i København speglar såleis eit rettsstell der dei styrande hadde vunne innverknad og stod over dei andre instansane i mynde og makt. Særleg markant var denne pyramiden etter 1660, då kongen innførte einevelde.

På aktørsida skjedde det ei profesjonalisering. I 1736 vart det stilt formelle krav om kompetanse til sorenskrivarane. Sjølv om det tok tid før juridisk embetseksamen blei innarbeida, så medførte nok dette ei nivåheving av dommarstanden over tid. Den same forordninga i 1736 stilte også krav til den veksande gruppa av prokuratorar. Også lensmennene fekk seg ei oppgradering. Frå 1740-åra skulle dei tilsettast som statstenestemenn og kome på fast løn.⁶⁷

Eit rettsstell i ulage

Det aukande statlege engasjementet i tidleg moderne tid resulterte såleis i ei byråkratisering, profesjonalisering og modernisering av rettsstellet. Men det skulle relativt fort vise seg at utviklinga hadde sideeffektar som vaks seg større og større. To av dei mest alvorlege utfordringane var tregare sakshandsaming og auka kostnader ved å føre søksmål.

⁶⁴ Sandmo 1995: 83.

⁶⁵ Imsen 1994: 18.

⁶⁶ Sandvik 1974: 187.

⁶⁷ Steinar Imsen: "Lensmann". I: NHL 1999: 262.

Tregare sakshandsaming

Utetter 1700-talet kom det fleire klager over treg sakshandsaming.⁶⁸ På mange måtar var dette eit resultat av at statsmakta vann innpass på nye område og etterkvert gav folk auka rettstryggleik. Tydeleg kom det fram i sjølve prosessforma. Den eldre var akkusatorisk, der dommarane gjerne hadde ei nøytral og tilbaketrekt rolle, og berre vurderte skyldspørsmålet i høve til det formelle regelverket. I motsetnad til denne prosessforma stod den inkvisitoriske, som utover foreiningstida skulle bli den dominante. Stadig fleire saker vart underkasta grundig gransking. Dommaren hadde klagerett og undersøkte sjølv dei sakene som retten handsama. Ein godtok ikkje passivt det som vart lagt fram av partane.⁶⁹ Nedgangen i trolldomssakene må bl.a. forståast ut frå ei slik utvikling. Då grundigare forhøyr og rasjonelle vurderingar blei lagt til grunn av dommarane, forvitra desse sakene.⁷⁰ I forlenginga av dette var det heller ikkje overraskande at medeidinstituttet vart fjerna i 1687. Gode skussmål stod på mange måtar i motsetnad til det nye idealet om rasjonell og fri vurdering av søksmål og straffesaker.

At sjølve prosessen gjekk over frå munnleg til skriftleg var eit viktig drag ved utviklinga. Kristian Bloch skriv at: "Samfunnsutviklinga førte i seg selv til at det ble lagt stadig større vekt på det skrevne ord, og særlig på omhyggelig nedtegning av alt som kunne ha rettslige virkninger."⁷¹ I løpet av 1700-talet gjekk utviklinga mot at domstolane berre dømde på grunnlag av det dei fekk seg førelagt skriftleg. Dette prinsippet ser me klårt i forordningane av 7.1.1782 og 3.6.1796, der det skrivne ord vert poengtert.

Appellordninga var på mange måtar ein pådrivar i denne prosessen.⁷² Utetter 1700-talet vart fleire og fleire saker prøvd for ein høgare rett. Appellinstansane bygde på materiale frå ein lågare domstol. Det var difor påtrengande å få skrive ned det som gjekk føre seg på bygdetingen, bl.a. forklaringar frå partane, vitnemål osv.⁷³

Sakene vart fleire og meir omstendige. Men bygdetingen var ikkje berre ein domstol. For sorenskrivaren vaks arbeidsbøra med saker som ikkje hadde direkte med rettshandheving

⁶⁸ Bloch 1981: 71.

⁶⁹ Erichsen 1993: 47. Forordninga av 2.5.1751 var ein viktig merkestein i denne utviklinga, i og med at sorenskrivaren ikkje lenger kunne avseie dom utan å ha sørget for at alle vitne hadde blitt avhørt. Tilståing frå delinkventen var ikkje lenger tilstrekkeleg bevis til å felle dom.

⁷⁰ Næss 1991: 18.

⁷¹ Bloch 1981: 71.

⁷² Nissen 1966: 4.

⁷³ Bloch 1981: 71. I 1719 vart alle dødsdommar i fyrste instans appellpliktige. Frå 1735 utvida styresmaktene ordninga til også å gjelde dommar avsagt i æres- og tjuverisaker.

å gjere. Han fekk ansvar for auksjonsstellet, var pliktig å skrive folk sine supplikkar, han skulle førestå jordskifte- og skyldelingsforretningar m.m.

I forklaringane på kvifor rettsstellet kom i vanskars mot slutten av det 18. hundreåret har også prokuratoren fått tildelt ei rolle. Prosessfullmektige kom relativt seint inn i rettsbiletet i Noreg og resten av dei nordiske landa. Noko av grunnen hang nok saman med den uviljen dei møtte. I Christian V si Norske Lov frå 1687 var det endå til ulovleg å nytte seg av prokuratorar på landsbygda.⁷⁴ Men frå 1735 hadde dei igjen rett til å møte på tinget. Dei skulle då bli oppnemnt av amtmannen, og i 1736 stilte styresmaktene formelle krav om kompetanse til dei. I ettertid har prokuratorane fått ord på seg for å skrive lange prosessinnlegg og hale ut sakstida. Særleg i sivile saker, der både partar var representert ved ein sakførar, kunne tvistar vandre endelaust frå den eine tingsesjonen til den andre.⁷⁵

Eit meir eksklusivt rettsstell?

Det er ingen tvil om at rettsstellet gjennomgjekk ei kvalitetsforbetring med større rettstryggleik for folk flest. Baksida var auka kostnader for innbyggjarane ved å bli innblanda i rettssaker. Utvikla domstolane seg til å bli ein arena for dei ressurssterke? Spørsmålet aktualiserte seg på ein dobbel måte i løpet av 1700-talet. Det eine aspektet har me allereie vore inne på: Framveksten av skriftleg prosess førte til at dommaren skulle ha pengar for stempla papir, prokuratoren kravde betaling for sine tenester osv. Men det 18. hundreåret var også ein epoke då det norske samfunnet byrja å kome ut av likevekt. Eit relativt egalitært bygdesamfunn vart splitta opp i ein sjølveigande gardbrukarstand og ein eigedomslaus husmannsklasse.

Det ser ut til å vere synspunkt kring spørsmålet om tingets eksklusivitet. Hans Eyvind Næss oppfattar at rettsstellet fekk eit elitepreg:

Den ”judisielle revolusjonen” var ikke en endring eller en kvalitetsforbedring som skjedde entydig på de svakes premisser. Den førte til etableringen av et profesjonelt bemannet rettspleiesystem som ble stadig mer eksklusivt. Retten var blitt juridisk kvalifisert, men kostbar og tidkrevende. Statens rettsutøvelse hadde fjernet seg fra folket.⁷⁶

Han meiner altså at utvikling på 16- og 1700-talet gjekk i retning av at relativt sett færre saker vart stemna inn på tinget. Erling Sandmo ser ut til å skissere ei anna utviklingsline:

⁷⁴ NL 1-9-15.

⁷⁵ Næss 1995: 17.

⁷⁶ Næss 1995: 21.

Ved slutten av 1700-tallet er bøndenes formelle innflytelse på tinget redusert til nesten det usynlige. De er nå bisittere, vitner, sandpåstrøere ved sorenskriverens side. Men den rettslige kompetansen og interessen for å delta på tinget er av en helt annen størrelse enn to hundreår tidligere.⁷⁷

Sjølv om Sandmo avgrensar seg til å skildre bøndene si deltaking på tinget, er det vanskeleg å skjøne anna enn at dei målber noko ulikt den folkelege deltakinga ved underretten. Ein liknande dobbeltkommunikasjon finn ein også i styresmaktene si grunngjeving for endringane i rettspleia i 1790-åra. I føreordet til forordninga av 10.7.1795 om skipinga av forlikskommisjonar i byar og tettstader i Noreg heiter det at dei vil ”see unødvendige og bekostelige Rettergangs Tretter imellom Vore kiære og troe Udersaattere forebyggede”.⁷⁸ Dette kan oppfattast som eit paradoks. På den eine sida vart det lagt vekt på at mange saker var uturvande å gå til tinget med, og at desse belasta rettsskipnaden. Slike burde få si løysing utanfor tinget. Men var ikkje dei mange ”fillesakene”⁷⁹ nettopp eit uttrykk for at pengar ikkje var eit stort hinder for folk sin rettsbruk i åra før 1795/97? På den andre sida var det for få saker, på den måten at alle ikkje hadde råd til å føre søksmål. Dette siste ser ein tydeleg i styresmaktene sin reguleringsiver. Ved fleire høve vart det uttrykt uro for det kostesame aspektet ved å bli involvert i rettssaker. Som eit døme kan det visast til eit reskript frå 1781 til stiftsbefal over Bergen stift. Saka galdt utarbeiding av kart i samband med åstadsaker, og at slike burde vere frivillige. Det vart her peika på at:

saadanne Karter medgaaende Omkostninger, som ofte overstige det Omtvistedes, ja hele det Jordbrugets Værdie, ikke skulle betage den Fattige Adgang til at paatale de ham paa hans Eiendom tilføide Forurettelser, saasom Bekostningernes Storhed giver anledning til Overhaand tagende voldsom Opførsel, i det Endeel, stolende paa Andres Uformuenhed, såge at tilvende sig uvedkommende Eiendomme.⁸⁰

Den same omsuta frå styresmaktene kjem også fram i eit reskript om ulovleg sal av brennevin. Kjernen i dette skrivet var at gjerningsmannen måtte få høve til å gjere opp for seg i ”mindelighet”. Grunngjevinga var at ei sak på tinget elles kunne bli dyr for den innklaga:

Paa det Almuen ikke med ubillige Omkostninger skal vorde bebyrdet, og at den

⁷⁷ Sandmo 1995: 83. Sjå også Sandvik 1974: 53.

⁷⁸ § 1 i frd. 20.1.1797 inneheld om lag den same formuleringa.

⁷⁹ Kiil 1969: 74.

⁸⁰ Res. 9.11.1781.

som gjørligen vil rette for sig, ikke skal overgaa Dom, saasom Almues-mænd ofte føres i anseelige Bekostninger, naar de tiltales for rene Forseelser, som medføre Bøder.⁸¹

Som eit tredje eksempel kan nemnast ei utviklingsline i tidleg moderne tid der staten tok over saker som tidlegare hadde vore private. Det prosessøkonomiske var ein del av bakgrunnen for dette, noko som kom til uttrykk med eit reskript den 13.1.1736. Utgangspunktet var ein klage frå amtmannen i Akershus som var uroa over auka lovløyse fordi folk ikkje stemna tjuvar.⁸²

Desse eksempla viser at det var fleire aspekt av kostnader innbyggjarane kunne råke utfør i møtet med rettsapparatet. Det eine galdt saker mellom privatpersonar der citanten si armod hindra han i å føre søksmål. Det andre var prosessar med offentleg påtale der delinkventen i tillegg til sjølve straffa måtte dekke staten sine kostnader ved å føre sak mot han. Denne utgelta kunne fort bli ei like stor straff som sjølve dommen. Det fanst også saker der den innklaga var så fattig at citanten vegra seg i å setje i gang ein kostbar prosess, ikkje nødvendigvis fordi han ikkje hadde råd til å gå rettens veg, men fordi det heile ville bli eit stort tapsprosjekt.⁸³

Frå styresmaktene si side kan såleis to målsetjingar lesast ut av forordningane om forliksstellet. Ein hovudgrunn var opplagt at underrettane handsame mange saker som vart sett på som unødige. Desse tvistane kunne ein overlate til mekling i ein kommisjon, og dermed fjerne noko av trykket mot tinga. Men det veksande statlege rettsengasjementet i tidleg moderne tid drog òg med seg auka kostnader ved å føre saker. Difor kan dei to forlikstorordningane også tolkast som eit ynskje frå dei styrande om å gje folket eit billegare rettsalternativ.

Dei juridiske reformene på 1790-talet

Styresmaktene viste heile tida ei viss evne til å fornye lovverket og korrigere kursen etter terrenget. Når reformene på 1790-talet er sett i fokus her, heng det saman både med omfanget og graden av endring. Dels var reformene mot slutten av sameiningstida svært mange, og dels greip dei djupt inn og omskipla heile rettssystemet. Det klaraste dømet var at bygdetinget ikkje lenger fungerte som fyrsteinstans i dei fleste sivile saker på landsbygda, slik det hadde vore i uminnelege tider.

⁸¹ Res. 17.3.1779.

⁸² Holm 1985: 28.

⁸³ Særleg Bodil Chr. Erichsen har drøfta dette. Erichsen 1994a. Sjå også Krogh 1994: 3.

Klager på treg sakshandsaming og ineffektivt rettstell hadde også tidlegare grunngjeve reskript og forordningar. Særleg viktig var forordninga av 19.8.1735 om ”adskilligt, Justitien og Rettens Betiente i Norge vedkommende.” Ho opna for ekstrarett i saker som galdt liv, ære, straff på kroppen eller arbeid i jern. Ordlyden i forordet til forordninga syner at overbelastning av rettsstellet må ha vore eit problem også tidleg på 1700-talet: ”Saa dog alligevel, som Vi Allernaadigst ere komne udi Erfaring, at til de sædvanlige Sagetinge, saa stoer Mængde af Sager undertidene ere indstevnte.” Botemiddelet mot den store saksmengda var å gje sorenskrivarane løye til å halde utsetjingsting når lengda på det ordinære saketinget ikkje strakk til.

Men forordninga viste også at styresmaktene ikkje tok tak i sjølve grunnproblemet som ho sjølv peika på; den store saksmengda. Innføringa av ekstrarett var mynta på snøggare handsaming av dei alvorlege brotsverka, medan praksisen med utsetjingsting freista å løyse overfloda av saker ved å strekkje ut funksjonstida til underrettane. Nokre forsøk på å effektivisere saksgangen kom nok utetter det 18. hundreåret, men ein måtte vente til 1790-talet før det vart gjort alvorlege freistnader for å dempe presset mot bygdetinga.⁸⁴

Forordninga om ”rettens vedbørlige og hurtige pleie” frå 1796⁸⁵

Forordninga sitt uttalte mål var å få fortgang i langdryge saker og setje ein stoppar for det som var sett på som misbruk av rettsstellet. Då var det ikkje så rart at dei byrja med å ta tak i lagdagordninga. Dette var ein ekstra frist den innklaga og vitna fekk om dei etter lovleg avheimla varsel ikkje møtte på tinget.⁸⁶ Praksisen vart kort og godt avvikla. Tal frå tinget i Luster kan eksemplifisere den utbreidde praksisen med lagdag. Frå 1783 til 1796 kom det opp 228 saker på det ordinære tinget.⁸⁷ Av desse gav dommaren lagdag i heile 151 av sakene. Det vanlege var altså at den som vart stemna for tinget ikkje møtte opp. Om citanten var privatperson eller fut ser ikkje ut til å ha spela noko rolle. Det vart gjeve lagdag i 111 av 169

⁸⁴ Sjå t.d. forordningane 19.5.1741 og 6.12.1743. Egge 1983: 17.

⁸⁵ Frd. 3.6.1796.

⁸⁶ Manglande oppmøte må ikkje her tolkast bokstaveleg. Det er mange eksempel på at det vart gjeve lagdag til personar som fysisk var til stades på tinget. T.d. vart det i ei gjeldssak på sommartinget 1785 opplyst at ”Paagieldende Lars Præstegaard var i Tingstuen men svarede ej at ville møde”. TBIS 45B: 321B. Slåande er det også at det på sommartinget i 1796 vart gjeve lagdag til innstemnte personar i heile 9 av 12 saker. På same tinget var nemleg ei kvinne skulda for mord, tjuveri og tredje gongs leiermål. Det er *lite* truleg at alle var vekke frå ei slik ekstraordinær hending. Jfr. Sandal 1986: 773.

⁸⁷ Her er også utsetjingsting rekna med. Det er derimot ikkje åstadsakene. Det var 12 slike i perioden 1783-1796.

private søksmål, og i 40 av 59 saker der futen var citant. Den innklaga let med andre ord vere å møte opp i om lag 2/3 av sakene.⁸⁸

At prosessar gjekk i det uendelege vart naturleg nok sett på som eit stort problem. I tillegg til å avskaffe lagdagen stramma forordninga inn kravet om å få saker utsett. Det blei kravd at ”Enhver, som begierer Udsettelse, skal være forbunden til, nøiagtigen at anføre Aarsagen dertil, og bestemt opgive, hvad Brug han vil giøre af den forlangte Opsættelses Tid, til Sagens Tarv og Oplysning”.⁸⁹ Det var altså ingen automatikk i å få utsett ei sak. Citanten/innklaga måtte nøye forklare kva grunn han hadde til å få ekstra tid, t.d. at han ville ha avhøyrt fleire vitne, stemne kontra eller hente inn dokument som var naudsynt for å kaste nytt ljós over søksmålet.

Fleire andre paragrafar slo ned på unødig forhaling av saker, og avvisning av ”opdigtede” stemningar. Ikkje overraskande fekk prokuratorane også ei åtvaring. Sakførarar som nytta seg av ”rænker og Udflugter” til å forlengje prosessar ville tape advokatløyvet tredje gongen eit slikt misbruk skjedde. Vidare vart det sett ein stoppar for lange, munnlege innlegg frå prokuratorane. Slike skulle heretter framleggjast skriftleg og ikkje lenger førast i tingboka. Det vart gjort unntak i nokre hastesaker, men då måtte innlegget avgrensast til eit kvarter.

Vektlegginga av det skrivne ord viser at overgangen frå ei munnlegg prosessform ikkje nødvendigvis førte til ei tregare sakshandsaming. Når retten på førehand fekk seg førelagt stemningar og innlegg, må det ha letta børa til skrivaren ein god del.

Interessant er det også at forordninga reduserte talet på lagrettemenn. Meddommarane sin representasjon vart i ordinære saker halvert, frå åtte til fire. Ved ekstrarettssaker blei talet ytterlegare halvert, til to. Grunngjevinga frå styresmaktene var dei store børene det innebar å vere meddommar.

For å få fortgang i alvorlege kriminalsaker bygde styresmaktene ut praksisen frå forordninga av 19.8.1735 om ekstrarett. Frå 1796 skulle alle delinkventsaker førast utanom det ordinære saketinget. For ytterlegare å få opp tempoet vart det påbode å halde avhøyr av arrestanten innan 24 timer. Forordninga inneheldt dessutan fleire paragrafar som klargjorde og fremja ein hurtig saksgang. Etter forhøyret skulle saka sendast over til amtmannen som

⁸⁸ Til samanlikning var fråveret til dei innklaga ved tinga på Jæren og Dalane høvesvis 63 % og 45 % av sakene for åra 1770 og 1790. Sandvik 2002: 93.

⁸⁹ Frd. 3.6.1796.

deretter utnemnte aktor og forsvarar. Etter at desse hadde prosedert skulle dommen ”uden mindste Ophold, afsiges, beskrives, og af Dommeren besørges forkyndt for den Anklagede.”⁹⁰

At styresmaktene meinte alvor med å få opp tempoet på saketinget viste straffereaksjonane mot dei aktørane som på ein eller annan måte trenerte saksgangen. Konsekvensane for sakførarane er allereie nemnt. For sorenskrivaren vanka det reaksjonar i form av bøter, og ved gjentaking tap av embete, om han med falske grunnar utsette eit vitneavhøy. Også lovleg innkalla vitne og motpart vart truga med bøter om dei let vere å møte opp på tinget.

Forordninga om månadsting frå 1797⁹¹

Medan forordninga av 3.6.1796 var retta inn mot ein smidigare og meir effektiv saksgang ved å endre praksisen ved underrettane, såkte forordninga om månadsting på landet å få fortgang i sakene ved å innføre fleire tingsesjonar. Før 1797 var det vanleg at sorenskrivarane kringom i landet haldt ting to eller tre gonger om året. § 1 i forordninga slo fast at månadstinga skulle haldast kvar månad det ikkje var ordinært saketing. Det skulle for dei fleste skipreider bety ein auke på 9-10 tingsesjonar kvart år. Dette var nok ein i overkant ambisiøs plan som styresmaktene i same forordninga modererte: Unnateke frå regelen var Finnmark og dei sjø- og fjelldistrikta der lange og farefulle vegar vanskeleggjorde tingreisa. I tillegg blei det presisert at ved månadstinga skulle fleire skipreider slåast i hop og setje ting ilag. Kvart sorenskriveri kunne såleis delast opp i to til fire tinglag, men ikkje så store at innbyggjarane fekk meir enn fire mil å reise.

Månadstinga var tenkt å kome i tillegg til dei ordinære underrettane. Det betydde at prosedyren var den same som ved bygdetinga med omsyn til innstemning, tinglysing, vitneavhøy osv. Såleis ville t.d. ei sak som ikkje vart ferdig handsama på eit haustting, forsetje på neste månadsting. Vidare skulle lagrettemennene hentast frå den skipreia månadstinget vart halden.

For Luster medførte det at talet på tingsesjonar blei dobla. Før 1797 sette sorenskrivaren ting to gonger om året. Med dei nye reglane kom det to månadsting i tillegg. Desse blei haldne i nabobygda i april og september, og omfatta også fem andre tinglag. Som me ser kom det ikkje på tale å oppretthalde ambisjonen om 10 månadsting kvart år. Det er rimeleg å tru at Indre Sogn sorenskriveri låg inn under dei sjø- og fjelldistrikta som var unnateke frå denne regelen.

⁹⁰ Frd. 3.6.1796: § 33.


⁹¹ Frd. 5.5.1797.

Månadstinga blei aldri like viktige som dei eldre tingsetjingane, særleg sommartinget. I lengde strakk dei seg stort sett til ein dag. Vurderer ein etter kor mange private saker som blei stemna inn på dei ulike tinga er mønsteret tydeleg. I åra 1797-1810 kom 19 % av dei private stemningane i undersøkinga mi på eit av månadstinga, medan 44 % kom inn for sommartinga og 37 % til hausttinga. At lusteringane stort sett valte den gamle og kjente tingstaden når dei hadde søksmål dei ville ta opp var nok grunna i fleire forhold. Det er vel rimeleg å tru at den fysiske avstanden var avgjerande for mange. Ein skal heller ikkje sjå bort frå tinget som lokaloffentleg møtestad kan ha spela ei rolle ved val av konfliktlass.

Forordninga om "Forligeses-Indretninger paa Landet, i Norge"⁹²

Skipinga av forlikskommisjonane førte saman med forordninga av 11.8.1797 til store endringar i domstolsstrukturen. Instanserekkefylgja i figur 4.1 viser at bygdetinga vart flytta eit hakk opp i systemet.

Figur 3.1: Domstolsstrukturen på landet i Noreg før og etter 1797.



Kjelde: Nagel 1985: 90.

⁹² Frd. 20.1.1797.

Når me veit at strukturen fungerte som ei sil, der flommen av saker ved fyrste instans vart redusert til ein liten bekk som nådde til topps i systemet, så ser me ein av hovudintensjonane styresmaktene hadde med tvungen mekling. Føremålet var å få redusert talet på saker som kom til domstolane.

Eit drygt halvår etter innføringa av forlikskommisjonane på landet endra styresmaktene rettsstrukturen på nivåa over bygdetinget. Overhoffretten og lagtinga blei fjerna og erstatta av fire stiftsoverrettar som appellinstansar. Frå desse var det fram til 1814 vidare appell til Högsterett i København. Rettsreformene førte også til ei verdsleggjering av somme saker. Kyrkjelag domsrett i ekteskapssaker blei fjerna i desember same året. Desse vart overførte til underrettane som sivile saker.

Bakgrunn og oppkomst

Det var ikkje tilfeldig at forlikskommisjonane vart oppretta mot slutten av det 18. hundreåret. Frå styresmaktene si side blei det peika på eit overbelasta rettsstell og eit ynskje om å hindre uturvande saker i å nå tinget. Frå ei anna side veit me at ordninga blei født inn i ei tid med liberale straumdrag og oppmjuking av lover og reglar.

Siw Hege Olsen ser i si hovudoppgåve opprettinga av forliksstellet som ei haldningsendring til individet sine rettar mot slutten av 1700-talet.⁹³ Med inspirasjon frå særleg Frankrike kom ideen om likskap i sentrum, og lekmenn trer inn på ein ny arena. Men dette var for så vidt berre fortsetjinga av ei utviklingsline som gjekk føre seg heile 1700-talet i Noreg. Tidlegare hadde bøndene fått delegert oppgåver i samband med både skule- og fattigstell. Næss ser på skipinga av forlikskommisjonane som resultat av optimisme og tru på menneskeleg fornuft, målbore av filosofar og statsmenn i det 18. hundreåret.⁹⁴

Det er såleis ikkje så rart at det har blitt leita utanlands når ein har sett etter inspirasjonskjelda til den dansk-norske forliksordninga. Inger Lise Røer vidarefører ei vanleg oppfatning om at kommisjonane vart innført etter påverknad av fransk rett.⁹⁵ Den franske grunnlovgjevande forsamlinga vedtok i 1790 eit dekret om at det i kvart kanton skulle veljast ein fredsmeklar og fire meddommarar. Dei hadde domsmakt i saker som ikkje oversteig ein viss verdi. Næss avviser dette synspunktet i si jubileumsbok om forliksråda.⁹⁶ Han meiner at opphavet må søkjast lenger attende i tid. Allereie i 1754 fremja den rettskunnige Henrik

⁹³ Olsen 1999: 28.

⁹⁴ Næss 1995: 5.

⁹⁵ Røer 1978: 1.

⁹⁶ Næss 1995: 23 ff.

Stampe eit forslag om å skipe ein forlikskommisjon for dei danske koloniane i Vest-India. Då generalprokurator Colbiørnsen i 1790-åra igjen plukka opp ideen om forlikskommisjonar blei dei positive erfaringane frå Vest-India framheva. Også forordninga av 13.5.1769 vert trekt fram som ein forløpar for reformene på 1790-talet. I fylgje denne måtte ein i Danmark gjennom mekling hjå amtmannen før det kunne reisast gjeldssaker mot sjølveigande bønder.⁹⁷

Om inspirasjonen kom utanlands eller ei, så var den nye ordninga ikkje ny, verken i form eller innhald. I Noreg hadde nedsetjing av kommisjonar lenge vore ein måte å løyse tvistar mellom borgarar på, og frå andre samfunnsmiljøer veit me at det vart skipa kommisjonar i samband med skulesaker og ordningar for fattige.

Det var kongen som peika ut kommissærane, anten ved bevilling eller ved befaling.⁹⁸ I det fyrste tilfellet skjedde det etter ein søknad frå ein av partane, og i det siste som regel etter initiativ frå styresmaktene sjølve. Kommisjonslovene var i hovudsak tufta på NL 1-5-27 – 1-5-31. Kommisjonen skulle enten forlike partane eller avseie dom. Dommen var vel meir for ein skilsdom å rekne. Intensjonen bak NL 1-5-27 var truleg at både partar skulle vere samde om å fremje saka for ein kommisjon, sjølv om siste lekk av artikkelen og plakat av 14. juni 1771 opna opp for bruk av kommissærar etter ynskje frå berre den eine parten.⁹⁹ Dette galdt dei bevilgande kommisjonane. Dei befalande kommisjonane var særleg i bruk ved klagar på borgarskap og høgare embetsmenn.¹⁰⁰

Dei bevilgande kommisjonane var etter måten mykje nytta. I 1760-61 kom det t.d. inn 23 søknader til Kanselliet. Avgjerd ved skilsdom vart flittig brukt ved arvetvistar og gjeldssaker. Med innføringa av forlikskommisjonane måtte mekling ved ein av desse vere prøvd før ein fekk bevilga kommisjon.

Den andre hovedpilaren forlikskommisjonane bygde på var semje mellom partane som utgangen på ei sak. Eit forlik er hjå Hurtigkarl definert som: ”den handling, ved hvilken stridende parter i Mindelighed afgjøre den imellem dem værende Trætte”.¹⁰¹

Grenseoppgangen mot skilsdom og domsavseining i rettsapparatet burde dermed vere klar.

⁹⁷ Hurtigkarl 1820: 18. I tillegg til desse to døma nemner Hurtigkarl også fire andre områder før 1790-åra der mekling var innført. Det bør også skytast inn her at stiftamtmann Levetzau i Bergen i 1774 ivra for oppretting av politirettar på landet i Noreg. Bakgrunnen var å få redusert presset mot underrettane. Forslaget inneholdt mange trekk som peika fram mot forlikskommisjonane, men forslaget blei aldri oversendt styresmaktene i København. Hansen 1992.

⁹⁸ Sandvik 1974: 3.

⁹⁹ Schweigaard 1862: 104.

¹⁰⁰ Slike ad-hoc kommisjonar vart ofte sett ned etter uro og opprør, t.d. etter Lofthus-reisinga og strilekrigen.

¹⁰¹ Hurtigkarl 1820: 15.

Avgjerder ved domstolane skjer uavhengig av kva oppfatning kamphanane måtte ha, mens ved skilsdom er det i det minste semje om at ein tredje part skal døme i tvisten.

Forliket har hatt ei sentral rolle i konfliktløysinga opp til vår tid. Rett nok var freistnader på å oppnå semje frivillig fram til 1795/97, sjølv om NL 1-2-12 nok i enkelte saker peika i ei anna lei. Men det er ingen tvil om at styresmaktene oppmuntra folk i sivile tvistespørsmål om å forlike seg: ”Af alle Maader at hæve Stridigheder paa synes Forlig at være den bedste [...] Lovgivningen har derfor viist Gunst imod denne Handling”.¹⁰² T.d. gjorde NL 1-15-3 det klart at det ikkje skulle vere eit bevis på skuld om ein innstemna person tilbaud motparten pengar eller anna for å unngå ein prosess..

At desse retningslinene ikkje berre var teori kjem klart fram når ein studerer sakene på tinget i Luster. Ein får nesten eit inntrykk av at sorenskrivaren lir av dømevegring. Ei sak mellom Henrik Andersson Nitter og David Olson Kalhagen på Rønnei kan stå som eksempel. Eit stykke ut i rettssaka bad partane om tid for å drøfte om dei kunne nå eit forlik. Oppmuntringa var ikkje til å ta feil av: ”Retten som intet heller ønskede indvilged dem all tiid.”¹⁰³ Sjølv om ei åstadsak som dette kunne vere eit vepsebol både dommaren og lagretten ynskte å halde fingrane sine vekke frå, så er det eit høveleg døme på dei haldningane retten hadde om at sivile saker burde få sin ende i harmoni mellom partane, og ikkje ved klubbeslag. Like godt kjem denne mentaliteten til uttrykk når ein av partane møter opp på tinget og tilbyr motstandaren oppgjer i ”mindelighed.” Forventningane var då heilt tydeleg at vedkomande burde takka ja til tilboden. I nokre tilfelle vert det avslått, og saka må dømast ved retten:

Jørgen Sandvig som overbeviist, og ej heller har kundet nægte under Sagen
at holde saadan Hund som aarsager saadan Skade paa anden Mands Creature,
forgriber sig dobbelt ved at lade sig söge for Retten til den Skades Erstatning,
som han strax mindelig burde tilbyde sin Naboe, og saaledes handler han paa
dobel Maade Ufreedelig.¹⁰⁴

Jørgen Trondson Sandvig var stemna inn på tinget fordi hunden hans hadde jaga i hel ein geitebukk, men han var heilt uvillig til å inngå forlik. I domsavseininga ovanfor gjev dommaren uttrykk for synspunkt som òg må ha vore gyldige utanfor Indre Sogn sorenskriveri; ein slik tvist burde ha funne si løysing andre stader enn i rettslokalet.¹⁰⁵

¹⁰² Hurtigkarl 1820: 16.

¹⁰³ TBIS 48: 52A.

¹⁰⁴ TBIS 47:125A.

¹⁰⁵ Sjå også NL 1-5-7.

Også i saker der futen var motpart såg staten seg ofte tent med at saka vart avslutta før ein rettskraftig dom blei avsagt. Dette galdt mindre alvorleg kriminalitet, av typen slagsmål og leiermål. Grovare brotsverk som drap, tjuveri og blodskam gjekk som regel heilt fram til ei domsavseing. Soning, eller avtinging som praksis var svært utbreidd i Noreg til langt ut på 1700-talet. Ordninga må ha vore ein føremon for både partar. Futen slapp å reise tiltale og bruke tid og ressursar på saker som likevel ville ha enda i bøteleggning. Dei tiltalte oppnådde på si side at bota ofte blei redusert, samstundes som dei slapp unna ein offentleg prosess som gjerne kunne vere belastande.

I Luster var det særleg dei mange leiermålsakene som enda med ei redusert bot. Dette forliket skjedde både på og utanfor tinget. Ikkje få gonger er det berre ein av partane som vert påtala, medan det blir opplyst at den andre personen, som regel kvinna, allereie har gjort opp for seg i ”mindelighet”.

Innhaltet i forliksforordninga

Forordninga av 20.1.1797 om forlikskommisjonar på landsbygda i Noreg må sjåast i samanheng med den tilsvarende for Danmark og byane i Noreg som kom to år før. Det var dei gode erfaringane herifrå som gav støyten til å utvide ordninga for heile landet.¹⁰⁶ Mykje av ”suksessformelen” vart difor vidareført, slik at mange av reglane i dei to forordningane samsvara. Men ein del paragrafar reflekterte den meir særegne norske geografien.

Kommisjonane sitt saksområde var avgrensa til alle sivile saker. I utgangspunktet var dette ein temmeleg vag definisjon som opna opp for mange gråsonesaker. Eit fullt utvikla skilje mellom sivil- og straffesaker kom ikkje før langt ut på 1800-talet. Forordninga inneheldt difor fleire presiseringar av kva saker som kvalifiserte for tvungen mekling.

Det galdt for det første ”fornärmelser ved ord eller gierninger”. Vidare famna det eigedomssaker, men i slike tilfelle blei det tilråda at det vart halde åstadforretning før saka nådde kommisjonen. Ved ekteskapssaker skulle kommisjonane freiste å mekle mellom partane, slik at samlivet kunne fortsetje. Men kommisjonane hadde ikkje høve til å avseie skilsmisses.

Styresmaktene såg det naudsynt å presisere at ein del saker også fall utanfor forliksstellet. § 14 slo fast at i saker anlagt av ”Justits-væsenet” var tinget fyrste instans.

¹⁰⁶ I fylgje frd. 20.1.1797, men Næss 1995: 27 meiner at erfaringane fra forlikskommisjonane i byane ikkje spelte ei hovudrolle då kommisjonane på landsbygda i Noreg blei innført.

Vidare haldt forordninga utanfor vekslesaker og fordringar i døds- og konkursbu. Unnateke var også æressaker som etter NL 1-5-2 og 3-4-4 retta seg mot offentlege personar.

Ein sentral paragraf ut frå kjeldematerialet frå Luster var 10 c. Denne føresegna gav løyve til opptak av tingsvitne før forliksmøtet når ei sak trøng opplystast av personar som var sjuke, på reise osv. Viktigare var det at vitneopptak kunne takast etter eit meklingsforsøk i saker der partane ikkje kunne semjast ”om den rette Sammenhæng af sagen.” I Luster var det som regel den innklaga som ”nægtede factum”. Desse sakene vart altså utsett slik at vitne kunne avhøyrast før eit nyt forliksforsøk vart gjort.

Amtmannen hadde ansvar for igangsetjinga av forlikskommisjonane. Han skulle sjølv sitje i den som var nærest bustaden sin. For dei andre kommisjonane var han pålagd å utnemne to rettskafne menn. Den eine skulle vere ein sivil embetsmann, medan den andre kommissären var ein ”agtværdig bonde”. Det innebar at den siste personen måtte eige eller bygsle matrikulert jord. Såleis skilde ikkje krava til lekmannen i forlikskommisjonane seg noko frå krava å lagrettemennene.

Kwart amt blei delt inn i kommisjonsdistrikt, som regel etter prestegjeld. Men som for månadstinga vart det understreka at personar i høgda skulle ha fire mil å reise til møtestaden. Etter inndelinga i høvelege distrikt var det presten si oppgåve å gjere den nye ordninga kjent frå prekestolen. Deretter vart møtefrekvensen sett til ein gong i månaden, med varsel åtte dagar på førehand frå den same prekestolen.

Stemningane kunne vere både munnlege og skriftlege, og skulle rettast til den av kommisjonsmedlemmene som ikkje var av bonestand. Det ville vel i dei aller fleste tilfelle vere presten. Varslinga til den innklaga fylgde reglane som blei trekt opp i forordninga av 3.6.1796, og skulle skje skriftleg, utført av stemnevitne.

Partane hadde personleg møteplikt. Ugyldig fråværgrunn skulle tolkast som om den innklaga forkasta forlik. Han vart difor ved ein eventuell dom i retten pålagd å betale saksomkostningane, i tråd med NL 1-5-7.¹⁰⁷ Ved lovleg forfall skulle motparten sende ein annan person med gyldig fullmakt. Denne representanten kunne ikkje vere ein prokurator. Grunnen var opplagt at kommisjonsmøta skulle haldast i ein atmosfære av tillit og forsoning. ”Kverulantiske” sakførarar vart sett på som ein trussel mot målet om å forlike partane. I ljós av dette må også føresegna om at møta skulle haldast i lukka rom sjåast.¹⁰⁸ Likeins var det med reglane om protokollføring. Ved fruktlause meklingsforsøk skulle det difor ”gives aldeles intet beskrevet af det, der er bleven forhandlet; men samme ansees som uefterretteligt

¹⁰⁷ Frd. 20.1.1797 § 26 samt res. 19.10.1798 og res. 12.1.1799.

¹⁰⁸ Hurtigkarl 1820: 37.

og ugyldig".¹⁰⁹ Partane skulle føle seg trygge på at samtalane ikkje ville lekkje ut til kvarmann. Det er såleis slåande korleis rammene kring kommisjonsmøta skilde seg ut frå rettssakene på tinget. Kom derimot partane til semje skulle forliket protokollførast, og ein handlingsplan leggjast opp om det t.d. var tale om eit arbeid som skulle gjerast, eller nedbetalingstida i gjeldssaker. Eit slikt forlik hadde dessutan same kraft og verknad som ein dom på tinget.

Betaling var avhengig av at partane nådde eit forlik. Citanten var då pliktig å betale 40 sk., medan den innklaga slapp unna med 24 sk. Skildest dei usamde var meklingsforsøket gratis. Kommissærane kunne likevel setje til sides kostnadane om partane var svært fattige. I Luster var det sjeldan nokon av dei stridande slapp unna betaling ved forlik.

Ut frå det som er skrive ovanfor ser me at ei sak kunne få tre utgangar. Ved forlik vart saka underskrive av partane og sendt ut av verda. Ein mellomting var utsetjinga. I Luster var dette eit vanleg utfall. Som regel grunna det i usemje mellom partane om dei faktiske forholda. Det var då opp til citanten kor vidt han såg seg tent med å ta opp tingsvitne og freiste eit nytt meklingsforsøk. Til slutt var det tilvising til retten. Det skjedde når partane ikkje klarte å forlike seg, i tillegg til dei gongene den innklaga ikkje møtte opp i kommisjonen.

Med forlikskommisjonane fekk bonden eit nytt ansvarsfelt. Kor attraktiv denne stillinga blei oppfatta av gardbrukarane er vanskeleg å vurdere i ettertid.¹¹⁰ Erfaringa frå skulekommisjonane dryge 50 år før viste vel at bøndene ikkje nødvendigvis kappast åt om å få ta del i og verkeleggjere nye reformer frå staten.¹¹¹ Nokre av paragrafane i forordninga kan også tyde på at styresmaktene var uroa for om dei fekk rekruttert mange nok forlikskommisærar: "Saa maa ingen, der boer i Districtet, vægre sig ved at paataage sig dette hæderlige kald, naar han dertil ansees beqvem".¹¹² Vidare gav forordninga ei påskjøning til kommissærar som sat som meklingsmenn i meir enn åtte år. Dei kunne vente seg "en passende Rang, eller et andet agtelses-tegn".¹¹³

¹⁰⁹ Frd. 20.1.1797: § 28.

¹¹⁰ Øystein Rian meiner at "Forlikskommisjonene ble populære og oppnådde stor prestisje i lokalsamfunnene", utan at han underbyggjer påstanden meir. Rian 1980: 251.

¹¹¹ Dyrvik 1978: 353.

¹¹² Frd. 20.1.1797: § 5.

¹¹³ Frd. 20.1.1797: § 39.

Avrunding

Statsmakta sin framvekst var ein av bakgrunnane for rettsreformene på 1790-talet.

Byråkratiseringa og moderniseringa i den tidleg moderne epoken var med på å skuve rettsstellet ut av balanse. Profesjonaliseringa i rettspleia førte til større kostnader ved bruk av rettsapparatet. Den juridiske kompetansen auka, men både sorenskrivaren og prokuratoren tok betaling for tenester som i praksis hindra mange av innbyggjarane i å føre fram søksmål ved underrettane.

Det synes likevel å vere brei semje om at saksmengda voks kraftig ved dei norske underrettane i tidleg moderne tid.¹¹⁴ Både historikarar og samtidige styresmakter ser difor ut til å målbere ein ambivalens til dette spørsmålet. På den eine sida blei det peika på behova for å ta grep som letta trykket mot underrettane. Samstundes blei det understreka at domstolsapparatet i aukande omfang kan ha stengt ute folk som vanta økonomisk evne til å starte rettssaker. Innføringa av forlikskommisjonane var såleis også ein reform sikta inn mot å gje folk eit billegare rettsalternativ. Korleis skal ein tolke dette aspektet? Vil ein finne at det var ein elite som nytta seg av tinget i Luster, og at vidare spekter av folk stemna inn saker for ein offentleg instans etter 1797?

Med forlik og lekmenn kunne ein gjerne tru at ringen var slutta. Frå den klassiske bondekomunalismen si tid der reintegrering av gjerningsmannen og behandling av tvistar ved likemenn, via den brutale statsmakta si vekst med harde dommar tvunge på folket ovanfrå, til 1790-talet då det milde og forsonande forliket igjen kom i sentrum. Men som me har sett er nok dette ei feilslutning. Folket sin innverknad på domsavsjerdene forsvann aldri i den tidleg moderne perioden, sjølv om staten konsoliderte makta si.¹¹⁵ Den formelle innverknaden forvitra nok ettersom sorenskrivaren meir og meir overtok ansvaret ved domsavseingane. Men innbyggjarane sin lokalkunnskap og meddommarane sin rett til å dømme ilag med sorenskrivaren i åstad, livs- og æressaker kan knapt kallast ein bagatell.

Ein skal også vere varsam med å fokusere på denne utviklinga som ein kamp mellom ei sentralmakt og resten av folket. Visseleg vann statsmakta innpass på mange område i tidleg moderne tid, men det treng ikkje av den grunn bety at innbyggjarane følte dette som eit stort nederlag. T.d. hevdar Holmsen at ein ”ikkje kan sjå teikn til at bøndene i Sogn hev kjent det

¹¹⁴ Næss 1991: 52; Hansen 1992: 304. Men om denne voksteren haldt tritt med folkeauken er meir uklart.

¹¹⁵ Österberg 2000a: 269.

som noko makttap då lovboki åt Christian V (1687) definitivt reduserte lagrettemennene til reine tingsvitne”.¹¹⁶

På same vis forsvann heller ikkje forliket som utgang på saker. I stutte oversyn der ein dreg dei lange linene kan ein lett kategorisere på feil grunnlag, og ende opp med dikotomien forlik-straff. Då går ein i beste fall glipp av viktige nyansar. Den ekspanderande statsmakta fortrengde ikkje semje som utfall på saker. Tvert om har me sett at også kongen sine menn vekta konsensus mellom partane når tvistar skulle løysast. Då forliket blei programfesta på 1790-talet var det difor meir tale om kontinuitet enn eit brot med gamal praksis. Kor viktig forliket var, er det i mykje resten av oppgåva vil handle om, eksemplifisert frå eit lite bygdesamfunn på Vestlandet mot slutten av sameiningstida.

¹¹⁶ Holmsen 1937: 81.

Kapittel IV: Eit meir effektivt ting?

Føremålet med forlikskommisjonane kan seiast å ha vore todelt. Det eine var å gje folket ein rimelegare rettsinstans. På den andre sida blei det veklagt eit ynskje om å leie ein del søksmål unna handsaming av sorenskrivaren. I dette kapittelet vil eg drøfte i kor stor grad styresmaktene vann fram med å få redusert presset mot tinget i Luster. Viste forlikskommisjonen seg som ein effektiv avlastningsinstitusjon for underretten? Kva utvikling tok saksmengda på bygdetingenet i Luster etter innføringa av kommisjonen? Aller først vil eg gå gjennom saksmengda og avgjerdene i forlikskommisjonen.

Grunnlaget: Arbeidet til forlikskommisjonen

Frå 1797 skulle mest alle private rettssaker i Luster prøvast i forlikskommisjonen før dei kunne bli stemna på tinget. Det er såleis grunn til å tru at det var eit nært samband mellom dei to institusjonane. Ein effektiv forlikskommisjon som makta å få partane til semje ville redusere grunnlaget for kor mange saker som gjekk vidare til underretten. Det er difor naturleg å sjå nærmere på arbeidet til kommisjonen før ein går over til ei grundigare gransking av sjølve tinget i Luster. Sentrale spørsmål innleiingsvis vil bli i kor stor grad innbyggjarane slutta opp om denne nye meklingsinstitusjonen dei fekk tildelt, og om kommissærane klarte å få lusteringane til å forlike seg.

Tabell 4.1 viser avgjerdene i Luster forlikskommisjon for perioden 1797-1810.

Inndelinga er ikkje heilt kjeldenær, og skil seg også litt frå måten andre historikarar har delt inn resultata av arbeidet til forlikskommisjonane.¹¹⁷ Dei to første kolonnane skulle vere sjølvforklarande. 3/4 av sakene ved forlikskommisjonen i Luster hamna i ein av desse sekkepostane. Men det var også ei stor gruppe eg har kalla ”utsett”. Det var saker som etter forordninga sin § 10 trøng opptak av tingsvitne for å bli ført vidare.¹¹⁸ Denne kategorien var i utgangspunktet ein mellomstasjon før saka kunne endeleg tilvisast eller bli forlikt.¹¹⁹ Det var såleis fleire tvistar som opphaveleg blei utsett enn det som kjem fram i tabellen. Kolonnen

¹¹⁷ I forliksprotokollen var det vanlegvis ein tredelt utgang. Ei sak kunne bli forlikt, tilvist eller utsett. Denne inndelinga var i tråd med forordninga sin § 37. Men ikkje reint sjeldan vantar opplysningar om kva avgjerda i ei sak vart. Det gjeld ofte i dei tilfella der den innklaga let vere å møte opp. Ein må då tru at avgjerda var så opplagt at kommissären ikkje såg det naudsynt med ei nærmare presisering.

¹¹⁸ Frd. 20.1.1797.

¹¹⁹ Saksgangen her var fylgjande: Fyrst ei utsetjing til vitneavhøyr på tinget. Deretter skulle saka tilbake til forlikskommisjonen. Her kunne ho så anten bli forlikt eller endeleg tilvist til rettssak ved underretten.

viser berre dei utsette sakene som ikkje vende tilbake til kommisjonen. Den siste inndelinga, ”anna”, er ein restkategori det er vanskeleg å kome utanom i slike undersøkingar. Også denne rommar nokre utsette saker, men utsetjingane her er av eit ulikt slag. Det er enten stemningar der partane blei samde om å flytte meklingsforsøket til eit seinare kommisjonsmøte, eller soksmål der citanten sende ein representant utan gyldig fullmakt. Kategorien inneheld òg nokre saker der ingen av partane møtte opp. I tillegg la eg dei sakene som vart forlikte før dei kom til kommisjonen i denne kategorien. Det var tvistar som blei avgjort utan hjelp av kommissærane. Eg har difor valt å leggje dei utanom gruppa av forlik, fordi eg ynskjer å sjå kor effektiv kommisjonen var til å mekle fram semje mellom dei stridande partane. Hadde eg plassert desse sakene i lag med resten av forlika meiner eg denne gruppa ville ha est unaturleg mykje opp.¹²⁰

Tabell 4.1: Avgjerd i saker frå Luster forlikskommisjon 1797-1810, absolutte tal og prosent.¹²¹

År	Tilvist	Forlik	Utsett	Anna	Alle saker
1797	13 (23 %)	23 (40 %)	7 (12 %)	14 (25 %)	57 (100 %)
1798	20 (33 %)	16 (26 %)	14 (23 %)	11 (18 %)	61 (100 %)
1799	19 (49 %)	12 (31 %)	5 (13 %)	3 (7 %)	39 (100 %)
1800	34 (57 %)	10 (17 %)	11 (19 %)	4 (7 %)	59 (100 %)
1801	22 (51 %)	14 (33 %)	6 (14 %)	1 (2 %)	43 (100 %)
1802	19 (54 %)	9 (26 %)	4 (11 %)	3 (9 %)	35 (100 %)
1803	30 (57 %)	12 (23 %)	6 (11 %)	5 (9 %)	53 (100 %)
1804	43 (56 %)	13 (17 %)	20 (26 %)	1 (1 %)	77 (100 %)
1805	44 (59 %)	13 (18 %)	16 (22 %)	1 (1 %)	74 (100 %)
1806	39 (58 %)	13 (19 %)	11 (16 %)	5 (7 %)	68 (100 %)
1807	52 (50 %)	25 (24 %)	21 (21 %)	5 (5 %)	103 (100 %)
1808	73 (65 %)	18 (16 %)	18 (16 %)	3 (3 %)	112 (100 %)
1809	29 (48 %)	15 (25 %)	13 (22 %)	3 (5 %)	60 (100 %)
1810	28 (44 %)	19 (30 %)	16 (25 %)	1 (1 %)	64 (100 %)
1797-1810	465 (51 %)	212 (23 %)	168 (19 %)	60 (7 %)	905 (100 %)

Kjelde: Database Luster.

Tabell 4.1 bør samanliknast med materiale levert av forlikskommisjonen i Luster. I fylgje § 37 skulle amtmannen kvart år ha tilsendt oppgåver over arbeidet til kommisjonane.¹²² For Luster sin del vantar dei tre første åra. Tala frå perioden 1800-1810 viser derimot stor likskap

¹²⁰ Det galdt 33 saker. Om ein la desse til kategorien ”forlik” ville denne ha vokse frå 23 til 27 %, og ”anna” tilsvarande sokke frå sju til tre prosent.

¹²¹ Det fyrste kommisjonsmøtet i Luster vart halde 1.5.1797. Som nemnt innleiingsvis slutta eg registreringa av kommisjonssaker i oktober 1810. Det betyr at desse to åra er noko avstumpa i høve til resten.

¹²² Frd. 20.1.1797.

med mitt eige materiale.¹²³ Unnateke er tre einskilde år der eg har registrert noko fleire saker enn det som kjem fram av rapportane levert til amtmannen.¹²⁴ Når det gjeld inndelinga i avgjerd er det også ein del sprik. Avviket her botnar mest i at eg la forlika som blei inngått utan hjelp av kommissærane, og dei sakene som er innført som ”mældt forligt”, i andre grupper enn det som var vanleg i kommisjonen.

Tabell 4.1 viser klart at lusteringane tok vel imot forlikskommisjonen. Allereie i det korte introduksjonsåret stanga talet på saker tett opp mot årssnittet for perioden på 65. Her vart det derimot ikkje liggjande lengje. Den samla saksmengda for kvart år viser ein markert uvilje mot å stabilisere seg.

Dei prosentvise avgjerdene syner derimot eit noko mindre fluktueret mønster. Etter dei to fyrste åra etablerte gruppa av tilviste seg som den klart største. For perioden sett under eitt blei annankvar sak sendt vidare til retten, medan dei forlike sakene låg på om lag ein fjerdepart. Hovudtrekket er dermed at sakene med semje er på defensiven, i alle høve fram til dei to siste åra. Kommisjonen starta friskt med dei forlike tvistane i fleirtal i 1797. Derifrå er tendensen at dei tilviste sakene aukar sin del av totalen mens gruppa av semje er på retur. Luster viser her eit omvendt utviklingsmønster i høve til fleire andre kommisjonsdistrikt i landet.¹²⁵

Med ein forliksprosent på moderate 23 er det i utgangspunktet vanskeleg å konkludere med at kommisjonen var ein vellukka meklingsinstans. Men ei slik slutning kan vere farleg å trekke utan å ha sett nærmere på korleis forlikskommisjonane elles fungerte kringom i landet. Var talet på forlike saker i Luster unormalt på nokon måte?

Tabell 4.2 er meint som ei samanlikning mot forlikskommisjonen i Luster, og viser arbeidet til eit utval andre kommisjonar i tillegg til dei samla innrapporteringane frå forlikskommisjonane i tvillingriket for perioden 1797-1801. Det er ikkje heilt uproblematisk å stille tala opp mot kvarandre på denne måten. Innhaldsmessig er det noko ulikt kva som ligg i dei einskilde kategoriane. Men sjølv med desse lyta viser tabellen ein tendens.

¹²³ Riksarkivet: Danske Kanselli. Innberetninger om forlike saker 1800-1812. Nordre Bergenhus amt.

¹²⁴ Ein del av dette avviket har ei naturleg forklaring. T.d. reknar eg brot på eit tidlegare forlik som ei ny sak, medan kommisjonen ofte såg dette som ei og same sak. For åra 1800 og 1801 sende kommissären Hans Gerhardson Daae inn detaljerte lister over forlikssakene i Luster i tillegg til den obligatoriske årsoversikta. 1801 syner ei merkeleg underrapportering. Tre saker der motparten let vere å møte fram til mekling er utelete frå statistikken. I følgje forordninga skulle ei sak tilvisast når den innklaga ikkje møtte opp. Kvifor Daae protokollførte på denne måten er uvisst. Mest truleg var det ein glipp. Det kan i alle høve ikkje ha vore ein gjennomført praksis, for då ville avviket mellom eige materiale og oppgåvane sendt inn til amtmannen vore langt større. Det var kring 60 tilfelle der den saksøkte ikkje møtte fram til mekling i perioden 1797-1810.

¹²⁵ Næss 1995: 46. Eit unntak er Hilde Sandvik som i materiale frå Rogaland og Christiania finn at talet på forlik minka for dei åra ho undersøkte. Sandvik 2002: 95 og 104.

Me ser med ein gong at talet på forlikte saker er markant lågare for Luster enn for dei andre kommisjonane. Noko av dette skuldast nok at bygda hadde ei stor gruppe med utsette saker. Men sjølv om ein slo saman desse to ville semjingsprosenten for Luster vere godt under det kommissærane andre stader i landet oppnådde. Likevel er ikkje ein forliksdel på ein fjerdepart heilt unikt. T.d. klarte kommissærane i Tveit og Eiken i Vest Agder å få partane til å semjast i høvesvis 33 % og 26 % av sakene for perioden 1797-1806.¹²⁶

Tabell 4.2: Avgjelder i ulike forlikskommisjonar i Noreg samt Danmark/Noreg, absolutte tal og prosent.¹²⁷

Stad	Forlik	Tilvist	Utsett	Anna	Alle saker
Gulen 1797-1828	421 (76 %)	81 (14 %)		54 (10 %)	556 (100 %)
Hjelmeland 1800-1805	79 (53 %)	65 (43 %)	6 (4 %)		150 (100 %)
Stavanger 1800-1805	286 (74 %)	99 (25,5 %)	2 (0,5 %)		387 (100 %)
Luster 1797-1810	212 (23 %)	465 (51 %)	168 (19 %)	60 (7 %)	905 (100 %)
Danmark/Noreg 1797-1801	144 998 (62 %)	82 657 (35 %)	7081 (3 %)		235 136 (100 %)

Kjelde: For Danmark/Noreg er tala henta fra *Collegial-tidende for Danmark og Norge* no. 12 1805: 185. Tala for Stavanger og Hjelmeland stammar frå Olsen 1999: 112. Talmaterialet frå Gulen er henta frå Næss 1995: 52.

Som ein naturleg konsekvens av den moderate suksessen til kommisjonen i Luster ser me også at talet på tilviste saker ligg godt over det som var vanleg for andre delar av landet.

Det er ikkje råd å gje ei fullgod forklaring på kvifor Luster skil seg slik ut frå andre kommisjonsdistrikt. Noko av årsaka kan nok ligge i at bygda var overrepresentert med ein del sakstypar som var mindre eigna for drøfting i kommisjonen.¹²⁸ Det er heller ikkje utenkjøleleg at den personlege dugleiken til kommissærane kan ha spela inn på den slunkne forliksprosenten. For eit positivt sluttresultat var ein avhengig av tillitsskapande kommisjonsmedlemmer som evna å skape såpass forsoning mellom partane at dei kunne semjast i tvisten dei krangla om. Presten i Gulen var truleg ein person som sat inne med slike

¹²⁶ Næss 1995: 46.

¹²⁷ Oscar Johnsen hevdar at ved forlikskommisjonane på landet i Noreg for året 1797 skal 718 av 1105 saker ha blitt forlikt (65 %). Johnsen 1914: 162. Men desse tala må opplagt vere for låge.

¹²⁸ Forlikskommisjonen i Luster hadde mange vanskelege tvistar om eigedom og grensesetting mellom gardsbruk. Dette punktet vil bli handsama nærmare i kapittel fem.

eigenskapar. Frå tabell 4.2 ser me at kommisjonen her fekk forlikt tre av fire saker. I statistikken over forlikssaker frå Nordre Bergenhus amt for 1807 kjem det fram at kapellan Dahl i Gulen fekkmekla fram semje i alle 25 saker som kom opp for kommisjonen det året.¹²⁹ Frå mai 1800 tok Hans Gerhardson Daae over for bror sin som kommisjonsmedlem frå den sivile embetsstanden i Luster. Kor mykje dette skifte hadde å seie er vanskeleg å vurdere. Men det er ikkje heilt utenkjøleleg at det høge talet på tilviste saker etter 1800 kan ha hatt samanheng med manglande vørtnad til kommissærane blant lokalbefolkinga.

Men det kan også tenkjast at det er eit uttrykk for at folk i Luster hadde ein meir særeigen handlemåte når tvistar oppstod, med eit større innslag av uformell konfliktløysing. Slik sett kan ein liten forliksprosent gje eit feilaktig bilet av den reelle stoda. Denne tråden går lenger enn det problemstillinga å dette kapittelet tillet. Eg skal difor ikkje spinne vidare på han her, men det er likevel viktig å ha i bakhovudet når ei førebels oppsummering viser at forlikskommisjonen i Luster berre fungerte måteleg bra samanlikna med mange andre kommisjonar.

Likevel seier tala ovanfor lite om konsekvensane for tinget i Luster. Det var sjølv sagt ikkje så enkelt at alle tilviste saker enda i ein prosess ved underretten. Saksøkjaren måtte i kvart tilfelle vurdere om det var føremålstenleg å gå vidare med ein twist dersom saka ikkje førte fram i kommisjonen. Dette sambandet mellom forlikskommisjonen som meklingsinstans og sakene som hamna på bygdetinget er vist nedanfor i tabell 4.3.

Det er viktig å vere merksam på at tala i tabellen er rekna ut frå kva år saka først dukka opp i kommisjonen. Ei sak kom ikkje alltid opp på tinget same året ho blei tilvist frå forlikskommisjonen. I tillegg manglar ein del saker.¹³⁰

Tabellen viser eit meir truverdig bilet av kor godt forlikskommisjonen fungerte som avsilingsorgan for tinget. Medan 73 % av sakene i kommisjon offisielt ikkje blei forlikte viser det seg at berre 14 % enda i ein prosess ved underretten. Av alle tilviste saker dukka om lag $\frac{1}{4}$ seinare opp som søksmål på tinget. Desse tala dempar såleis noko av det negative inntrykket

¹²⁹ Riksarkivet: Danske Kanselli. Innberetninger om forlikte saker 1800-1812. Nordre Bergenhus amt. Sjå også Aud Randal: Eivindvicens anden skaber : Niels Griis Alstrup Dahl (1778-1852), hovudoppgåve i historie Bergen 1995.

¹³⁰ Tabell 4.3 viser ikkje alle private tingsaker i perioden 1797-1810. Av ulike årsaker vantar 12 sivile prosesser. Sju saker galdt stemningar som blei avvist pga. at citanten mangla forliksattest, eller at saka berre var utsett til vitneavhøyr. I tillegg er det fem prosesser der eg ikkje har vore i stand til å finne att saka i forliksprotokollen. Ei av dei var truleg tilvist frå kommisjonen i Hafslo. Dei andre var nok innom forlikskommisjonen i Luster, utan at det har vore mogeleg å spore dei opp. Det bør også nemnast at to saker frå kommisjonen blei ført vidare av futen på tinget.

som vart hengande ved frå tabell 4.1; det var ikkje nødvendigvis ei tett kopling mellom dei tilviste sakene og prosessane som blei starta på tinget.

Tabell 4.3: Årvisse tingsaker tilvist frå Luster forlikskommisjon 1797-1810, absolutte tal og prosent av tilviste og alle saker i forlikskommisjonen.

År	Tingsaker	Prosent av alle saker i forlikskommisjonen	Prosent av tilviste saker i forlikskommisjonen
1797	4	7 %	31 %
1798	6	10 %	30 %
1799	6	15 %	31 %
1800	5	8 %	15 %
1801	12	28 %	55 %
1802	2	6 %	26 %
1803	7	13 %	43 %
1804	13	17 %	30 %
1805	13	18 %	30 %
1806	12	18 %	31 %
1807	11	11 %	21 %
1808	15	13 %	21 %
1809	10	17 %	34 %
1810	7	11 %	25 %
1797-1810	123	14 %	26 %

Kjelde: Database Luster.

Utviklinga syner at ein litt større part av den totale saksmengda hamna på tinget i den siste delen av perioden. Dette utviklingstrekket høver bra overeins med tendensane i tabell 4.1, der me såg at dei tilviste sakene styrka seg mot gruppa av forlik ettersom åra gjekk. Det var såleis ein korrelasjon mellom tilviste saker frå kommisjonen og talet på tingsaker. Det gjeld i alle fall til eit visst punkt. For me ser også at dei to åra saksmengda i forlikskommisjonen skaut i været (1807/1808) ikkje vart fylgd av ei tilsvarande stigning i talet på kommisjonstilviste tingsaker. Dette vert stadfesta i kolonnen over talet på tilviste saker som for dei respektive åra syner ein låg prosentdel på 21.

I seg sjølv har desse tala mindre verdi. Dei vert fyrst interessante ved samanlikning mot arbeidet til andre kommisjonar, i tillegg til korleis dei verka inn på saksmengda på tinget i Luster i høve til åra før 1797.

Det finst som nemnt få undersøkingar på dette området, noko som gjer ein komparasjon mot andre kommisjonsdistrikt vanskeleg. Men talmateriale frå Akershus amt for 1801 kan i alle høve gje oss ein peikepinn på korleis forholda i Luster var. I kjøpstadiane i Akershus kom om lag seks prosent av alle kommisjonssakene opp for tinget.¹³¹ Det tilsvarende talet for landdistrikta var sju prosent. Mot Luster sine 14 % i perioden 1797-1810 skulle det vere greitt å konkludere med at forlikskommisjonen i bygda totalt sett var eit monaleg därlegare avsilingsorgan for sivile tvistar enn andre kommisjonar. Men ser me på tingsakene ut frå kategorien tilviste saker blir biletet noko justert. For Luster var dette talet 26 %. Det tilsvarende for kjøpstadiane og landdistrikta i Akershus i 1801 var høvesvis 19 og 23 %. Frå denne synsvinkelen skil ikkje Luster seg så mykje ut. Det viser heller at forholdstalet mellom tilviste og forlike saker var omvendt av det som var vanleg elles i landet, med gruppa av tilviste tvistar langt meir talrike enn dei forlike. Dette skapte grobotn for ei forholdsvis større saksmengd på tinget i Luster enn det som ser ut til å ha vore vanleg i mange andre kommisjonsdistrikt. Ei stadfesting av dette inntrykket får me ved å sjå nærare på året 1797, då dei tilviste sakene i Luster var på sitt lågaste. Dette året var også bygda på line med kommisjonane i Akershus om ein reknar tingsaker ut frå alle sakene som kom opp for kommisjonen (sju prosent).

Denne gjennomgangen har vist at forlikskommisjonen i Luster i utgangspunktet ikkje fungerte som eit effektivt filtreringsorgan i sivile tvistemål. Langt fleire saker blei tilvist enn forlike. Rett nok var reforma ein suksess på den måten at innbyggjarane alt frå starten av kom til kommisjonen med sine store og små problem, men resultatet av meklingsforsøka førte i dei fleste tilfella ikkje fram. Til forskjell frå mange andre stader i landet vart det i Luster skapt ein stor saksmasse av potensielle tingprosessar. Men me har også sett korleis dette slo ut i praksis, ved at eit klart mindretal av dei tilviste sakene kom opp for underretten. Likevel førte det høge talet på mislukka meklingar til ei forholdsvis større saksmengd på tinget om ein samanliknar med andre kommisjonsdistrikt. Men skal ei drøfting om forlikskommisjonen i Luster svara til dei forventningane styresmaktene på førehand truleg hadde, må talet på tingsaker frå den andre perioden bli vurdert mot stoda på bygdetetinget før 1797.

¹³¹ Næss 1995: 57 ff.

Saker på tinget før og etter 1797

Tabell 4.4 syner talet på tingsaker i Luster før og etter innføringa av forlikskommisjonen i 1797. For styresmaktene var ein av intensjonane med reformene i 1795/97 å redusere talet på private søksmål ved underrettane. I tabellen nedanfor har det difor vore avgjerande å få fram dette skiljet. Me ser også at det var i kategorien private saker det var mest å hente. Privatpersonar stod for $\frac{3}{4}$ av dei innklaga sakene på tinget i Luster.

Tabell 4.4: *Saker på tinget i Luster 14 år før og etter 1797, absolutte tal og prosent.*

År	Offentlege	Private	Sum
1783-1796	59 (25 %)	181 (75 %)	240 (100 %)
1797-1810	53 (28 %)	135 (72 %)	188 (100 %)
Sum	112 (26 %)	316 (74 %)	428 (100 %)
Endring	-10 %	-25 %	-21 %


Kjelde: Database Luster.

Samanstiller ein tabell 4.1 mot 4.4 ser me at forlikskommisjonen i Luster kom som eit tillegg til bygdetinget. Jamfört mot saksmassen på tinget i den fyrste perioden, var det ein auke på 400 % i saker handtert av rettsstellet etter 1797. Introduksjonen av ein ny rettsinstans førte til ei offentleg handsaming av eit vell med saker som tidlegare må ha blitt avgjort utan innverknad frå offentlege tenestemenn. I seg sjølv er ikkje dette særleg overraskande, men sett opp mot hypotesen eg la fram innleiingsvis er det eit viktig funn: Var det ein elite som nytta seg av rettsstellet i Luster før 1797, og er det dei same som står bak auken etter at kommisjon byrja sitt arbeid? Eller er veksten i saker eit uttrykk for at nye grupper tok i bruk rettsstellet? Spørsmåla peikar fram mot kapittel seks og sju, og vil ikkje bli nærmere drøfta her. Førebels held det å slå fast at kommisjonsarbeidet i Luster virvla opp mange nye tvistar som tidlegare hadde blitt handsama på ein uformell måte.

Frå oversikta legg me merke til at kongen sine saker vart noko redusert frå den fyrste tidsbolken til den andre. Nedgangen var likevel moderat, og er mest truleg uttrykk for tilfeldige variasjonar. Grunnlaget var relativt lite her. Sjølv små endringar kunne gje store utslag.

Tilfeldig er derimot ikkje nedgangen i talet på private saker. Ein reduksjon på 46 søksmål (25 %) er såpass skarp at det vanskeleg kan forklarast utan å trekkje inn arbeidet til forlikskommisjonen. Men tabell 4.3 er statisk og grupperer berre materialet i to 14-års bolkar. Ei slik framstilling seier lite om utviklinga over tid. Eit meir nyansert biletet kjem fram i diagram 4.1.

Diagram 4.1: Saker på tinget og i forlikskommisjonen i Luster 1783-1810



Kjelde: Database Luster.

Når ein strekkjer saksmengda ut over fleire år dukkar det opp eit mønster som både stadfester og korrigerer inntrykka frå tabell 4.3. Reduksjonen i talet på tingsaker i 1797 er relativt tydeleg. Men det kan sjå ut som om denne nedgangen er tilfeldig. I Luster starta forlikskommisjonen sitt virke året etter at talet på private tingsaker var på retur frå ein bylgjetopp. Slik sett kan ein hevde at reduksjonen i 1797 like godt kan vere uttrykk for naturlege svingingar som resultat av arbeidet til forlikskommisjonen. Når eg likevel vil hevde at det var innføringa av ein ny rettsinstans som er årsaka til brigdet heng det saman med fleire forhold. For det første har truleg lågmålet i 1797 samanheng med ein viss tregskap frå ei sak blei stemna i kommisjonen til ho dukka opp på tinget.¹³² For det andre viser det seg at talet på private saker heldt seg meir stabilt på eit lågt nivå lenger enn det som var vanleg før 1797.

¹³² Somme gonger kunne det ta over eit år frå ei sak var oppe i forlikskommisjonen til ho blei stemna inn for bygdetinget.

Medan kurva over private tingsaker er uroleg før 1797, viser ho altså større stabilitet etter reforma. Men biletet er litt meir tvitydig enn som så, for stabiliteten ligg på to plan. Frå og med 1804 gjer kurva eit byks og legg seg til ro på eit høgare nivå enn dei sju åra før. Eit interessant spørsmål som ein vanskeleg kan lese ut av eit slikt oversyn er korleis gjennomsnittstala var før og etter 1797. Dette aspektet er meint klargjort med tabell 4.5. For private tingsaker låg det årlege snittet på 12,8 i den første perioden, medan det same talet for åra 1797-1810 var 9,7. Dette stadfester for så vidt funna ovanfor om at det faktisk var ein nedgang i talet på prosessar. Meir overraskande er medeltalet på 13,5 for det siste kvartilet. Det viser at talet på private tingsaker etablerte seg på eit høgare nivå i den siste fjerdedelen av undersøkingsperioden min enn for åra før forlikskommisjonen vart innført.

Tabell 4.5: *Gjennomsnittstal for tingsaker og kommisjonssaker i Luster 1783-1810.*

År	Private tingsaker	Off. tingsaker	Alle tingsaker	Kommisjonssaker
1783-1796	12,8	4,2	17,0	
1797-1810	9,7	3,8	13,5	64,6
1797-1803	5,8		9,8	
1804-1810	13,5		17,2	
1783-1810	11,2	4,0	15,3	

Kjelde: Database Luster.

Dette aktualiserer to problem. Det eine reiste eg allereie i innleiingskapittelet og dreier seg om dei 28 åra eg har gått igjennom gjev eit røyndomsnært bilet av stoda på tinget i Luster før og etter 1797. Konklusjonen var då positiv, noko som gjennomgangen ovanfor kan utdjupe. Når det gjeld utviklinga av tingsaker før 1797, så viser kurva i diagram 4.1 tre markante toppar. Sikksakk mønsteret fortel om ei bygd der stemningane gjekk i feberaktige bylgjer. At dette mønsteret truleg ikkje var særmerkt for desse 14 åra stadfester kurva over kommisjonssaker. Også denne ber det same preget, med til dels store svingingar frå år til år. Kva denne fluktusjonen skuldast er vanskeleg å vite noko sikkert om, men det var ikkje unikt for Luster, og det skulle indikere at kurva over private tingsaker før 1797 ikkje var særskild spesiell.¹³³

Det andre problemet gjeld kva tidsperspektiv ein skal leggje til grunn når ein leiter etter dei konsekvensane som vert undersøkt. Frå styresmaktene si side kom det ikkje tydeleg

¹³³ *Collegial-tidene for Danmark og Norge* no. 12 1805 har som tidlegare nemnt eit oversyn over det samla talet på forlikssaker i åra etter 1797. Denne oversikta viser at det kunne vere betydelege variasjonar frå år til år kor mange saker forlikskommisjonane handsame. Sjå også Sandmo 1992: 52.

fram om reforma i 1797 var meint for eit kortare eller lengre tidsrom. Men det er truleg at forlikskommisjonane vart skipa med det føremål å få ein varig reduksjon i talet på tingsaker. I tråd med dette er det uråd å sjå auken i private prosessar etter 1804 som ei uproblematisk utvikling.

Ein kjem heller ikkje i hamn med ei slik drøfting utan å trekkje inn befolkningsutviklinga. Folketalet i Luster steig frå 2214 i 1783 til 2781 i 1813.¹³⁴ Det er rimeleg å tru at ein vekst på om lag 25 % må ha sett spor etter seg i rettsstellet. Men skulle ein ikkje då forvente å finne ein gradvis auke i talet på saker? Ved ein nærmare gjennomgang av diagram 4.1 ser me ingen kurver som tilfredsstiller dette mønsteret. Verken forlikssakene eller dei private tingsakene viser ei slik utvikling. Det er difor lite truleg at endringane i folketalet forklarer dei funna som er beskrivne ovanfor.¹³⁵

Ein freistnad på å trekkje trådane så langt endar lett i ein floke. For biletet er fassetert, og spørsmålet om talet på tingsaker vart redusert ved underretten i Luster etter 1797 let seg ikkje heilt enkelt bli oppsummert med eit kategorisk ja eller nei. Nedgangen dei første åra indikerer klart at forlikskommisjonen evna å sile vakk ein god del saker. Problemet oppstår når ein utvidar horisonten og analyserer grundigare heile undersøkingsperioden. Me har då sett at det kan argumenterast for at talet på tingsaker både auka og minka, avhengig av kva tidsperspektiv ein legg til grunn. Dei første sju åra kan seiast å ha tilfredsstilt forventningane til styresmaktene. For tidsbolken 1804-1810 ser me derimot ein så stor auke i talet på tingsaker at snittet for denne perioden er om lag det same som for åra 1783-1796. Set ein dei to 14-års periodane opp mot einannan er likevel mønsteret tydeleg nok: Ei av fire saker stoppa etter 1797 opp i kommisjonen og nådde aldri underretten. Korleis var denne reduksjonen målt mot andre tinglag?

Det har vist seg umogeleg å oppdrive tilsvarande tal frå andre domstolskrinsar. Det finst rett nok eit interessant materiale i *Collegial-tidende for Danmark og Norge* frå 1800, som viser talet på tingsaker i tvillingriket tre år før og like mange år etter innføringa av forlikskommisjonane.¹³⁶ 25 521 saker vart stemna inn for underrettane dei tre åra før kommisjonane trådde i kraft, og 9653 dei tre første åra etterpå. Det gjev ein reduksjon på heile 62 %. Luster ligg forbløffande nær dette talet, med ein tilsvarande nedgang frå 42 til 17 saker,

¹³⁴ Folketalet i 1783 er henta frå Assev 1991: 67. 1813-talet stammar frå Laberg 1926: 413. Eg har ikkje fått tak i folketalet i Luster i 1810, difor er det nærmast tilstøytande året nytta her.

¹³⁵ Eit sentralt spørsmål er også om rettsstellet var dominert av ei særskild gruppe aktørar, og korleis det eventuelt kan ha påverka utviklinga. Dette punktet vil drøfta nærmare i kapittel sju.

¹³⁶ *Collegial-tidende for Danmark og Norge* 1800: 653 ff.

noko som reduserte den sivile saksmengda på tinget med 60 % i denne seksårs perioden. Men dette talet er nok temmeleg misvisande for den reelle stoda i bygda. For det fyrste var mengda av private tingsaker i Luster høg i åra rett føre 1797. Tilsvarande er dei nærast tilstøytande åra etter 1797 låge i høve til korleis saksmengda auka fram mot 1810. Reduksjonen mellom dei to 14-års bokane var som me hugsar på 25 % for sivile tingsaker.¹³⁷

Så kan ein spørje seg kvifor Luster har ein mindre nedgang i talet på tingsaker etter 1797 enn det som ser ut til å ha vore vanleg i resten av landet. Forklaringa ligg nok ikkje utelukkande i kommisjonen si manglande evne til å forlike partane. Ein bør også sjå bruken av tinget opp mot folketalet. Knapt noko kommisjonsdistrikt kunne ha håp om å hindre alle sivile saker i å bli tilvist til underretten. Det ville i kvart tinglag vere private tvistar som trengde sorenskrivaren si avgjerd for å bli løyst. Forholdstalet mellom tingsaker og innbyggjartal kan truleg gje ein peikepinn på kor mange søksmål som kunne ”skrellast vekk”. Om innbyggjarane i eit tinglag ivrig nytta seg av rettsstellet, er det også rimeleg å tru at potensialet var større for ein reduksjon av saksmengda. Her støyter me attar på problemet med eit svakt samanlikningsgrunnlag. Men det finst ei anna granskning som kan jamførast med Luster.¹³⁸ Erling Sandmo har undersøkt sakene på tinget i Rendalen for perioden 1767-1797. Åra 1783-1796 viser ei saksmengd på 351. Det tilsvarande for Luster var 240. Tala ovanfor vert fyrst interessante når ein trekkjer inn folketalet frå teljinga i 1801. Det viser 1655 for Rendalen og 2606 for Luster. Sandmo opererer ikkje med eit skilje mellom private og offentlege saker, men det er neppe grunn til å tru at futen i Østerdalen førte mange fleire prosessar enn likemannen i Indre Sogn. Og rett nok er det enkelte år som dreg saksmengda kunstig opp i Rendalen for denne perioden, men ein kjem likevel ikkje utanom at ei forholdsmessig større saksmengd vart stemna inn for tinget i Rendalen enn for Luster. Kven av bygdene som skilde seg ut i høve til resten av landet er derimot vanskeleg å fastslå, men rendølene ser ut til å ha vore langt meir aktive tingbrukarar enn lusteringane, og hadde difor i utgangspunktet større sjansar for å redusere dei private søksmåla etter 1797.

¹³⁷ Me minnest òg tala frå Akershus amt frå 1801 der det viste seg at forholdsvis fleire kommisjonssaker i Luster hamna på tinget enn det som var vanleg i mange tinglag austpå. Også det står opp under mistanken om at bygda i Indre Sogn var noko for seg sjølv.

¹³⁸ Sandmo 1992: 50. Det finst også ein del andre arbeid om bygdetinga på 1700-talet, t.d. Nilsen 2002, men dei viste seg mindre høvelege i ei samanlikning mot Luster. Det kan likevel vere verdt å nemne Øyvind Holst si granskning av tinget i Heddal. Over ein tiårs periode (1763-1772) fann han at 177 saker vart handsama av retten. I same perioden hadde Rendalen 122 saker. I 1762 budde det 1145 personar i Heddal, medan innbyggjartalet i Rendalen i 1769 låg på 1391. Holst 1995: vedlegg I. Tingbruken i Heddal blir med det vesentleg høgare enn i Rendalen. Materialet frå Collegial-tidende ovanfor skulle ein kanskje tru la til rette for eit mål over den generelle rettsbruken i Noreg i åra opp mot 1800, men eg meiner tala her er så usikre at dei ikkje eingong kan nyttast som ein indikator på kor aktivt folk stemna saker for underretten.

Ein dommande domstol?

Så langt har forlikskommisjonen i Luster blitt vurdert opp mot kor effektiv han var til å få unna sivile tvistar. Sjølv om han viste seg mindre gagneleg samanlikna med andre kommisjonar, slepp ein ikkje unna at saksmengda på bygdetinget letta noko, i alle høve i dei fyrste åra. Med ein del ”unødige og bekostelige rettergangstretter” luka vekk skulle ein reint logisk tru at det var meir alvor i dei sakene som dukka opp på tinget etter 1797. Å sjå på tinget som domstol kan såleis også indikere i kva grad forlikskommisjonen i Luster tok vekk noko av trykket mot underretten.

Tabell 4.6: *Saker på tinget i Luster 1783-1810 etter avgjerd, absolutte tal og prosent.*

1783-1796	Dømt	Frifunnen	Av./tilvist	Forl./fråf.	Uavslutta	Sum
Private saker	24 (13 %)	13 (7 %)	14 (8 %)	48 (27 %)	82 (45 %)	181 (100 %)
Off. saker	14 (24 %)	1 (2 %)	0 (0 %)	21 (35 %)	23 (39 %)	59 (100 %)
Sum	38 (16 %)	14 (6 %)	14 (6 %)	69 (29 %)	105 (43 %)	240 (100 %)
1797-1810						
Private saker	44 (33 %)	15 (11 %)	12 (9 %)	54 (40 %)	10 (7 %)	135 (100 %)
Off. saker	12 (22 %)	0 (0 %)	2 (4 %)	38 (72 %)	1 (2 %)	53 (100 %)
Sum	56 (30 %)	15 (8 %)	14 (7 %)	92 (49 %)	11 (6 %)	188 (100 %)
1783-1810						
Private saker	68 (22 %)	28 (9 %)	26 (8 %)	102 (32 %)	92 (29 %)	316 (100 %)
Off. saker	26 (23 %)	1 (1 %)	2 (2 %)	59 (53 %)	24 (21 %)	112 (100 %)
Sum	94 (22 %)	29 (7 %)	28 (6 %)	161 (38 %)	116 (27 %)	428 (100 %)

Kjelde: Database Luster.

Tabell 4.6 viser tinget i Luster si handsaming av rettssakene for åra 1783-1810. I tillegg er perioden delt i to mindre lutar for å etterrøkje eventuelle konsekvensar frå innføringa av forlikskommisjonen. Dei mange kolonnane minner oss om at ei tingsak mest var å rekne som eit revehi, med fleire mogelege utgangar. For å unngå ein overflod av kategoriar har eg slått saman nokre av dei. Det tilslører biletet noko, men problema som måtte fylgje av dette vert nærmare presisert nedanfor.

Alle kolonnane er ikkje like sjølvforklarande. Med dom er meint at sorenskrivaren klubbar igjennom ei avgjerd under eksekusjons tvang. I nokre saker vann ikkje citanten fram med saka sitt. Den saksøkte blei då frikjent for klagen. Dei avviste prosessane var det flest av

i den siste perioden og skuldast for det meste at saksøkjaren mangla attest frå forlikskommisjonen. Motsett høyrer brorparten av dei tilviste sakene heime i åra før 1797. Desse blei nesten utan unntak sendt vidare til handsaming på åstaden. Neste kolonne viser forlikte og fråfalne saker. Det kan verke kunstig å setje eit skilje mellom dei to. Ved begge typane trekkjer citanten søkermålet sitt, men i motsetnad til dei fråfalne sakene var tilfella av forlik resultatet av begge partar sin vilje til å semjast. Både for dei offentlege og dei private sakene er det forlika som dominerer.¹³⁹ Med uavslutta er meint ein prosess som ikkje fekk sin ende på tinget. Desse sakene dukkar rett og slett ikkje opp att i rettsprotokollane til trass for at dei vart utsett til vidare handsaming ved neste tingsesjon. Det er grunn til å tru at dei to siste kolonnane er mest av det same slaget. At så mange saker vart utsett betyr ikkje at partane ikkje kom til semje. Det er openbart at fleirtalet av desse tvistane må ha blitt forlikt, sjølv om det ikkje kjem fram av tingbøkene.

For kongen sine søkermål kan det synast overraskande at aktor ikkje dreiv stemningane sine fram til ei domsavseining i meir enn kvar fjerde sak. Det viser at futen var fleksibel og ikkje nødvendigvis sökte konflikt med dei tiltalte. Soninga, eller det minnelege oppgjeret, kan hevdast å utgjere ein berebjelke ved offentleg rettspraksis i Luster. Særskild tydeleg kjem dette fram i den andre perioden, der heile 70 % av futen sine saker enda i forlik. Auken er for så vidt naturleg ettersom dei uavslutta sakene nesten forvirrar heilt. Bakgrunnen for desse endringane ligg i dei mange leiermålsakene. Fram til 1797 fann fleirtalet av slike prosessar sin ende utanfor tingstova. I den andre perioden vart alle så nær som to forlikt på tinget.¹⁴⁰

Dei private sakene kan vise til store forandringar mellom dei to periodane. I tida før forlikskommisjonen blei introdusert var det ein spinkel prosentdel dømde saker. Skulda for det kan ikkje leggjast på domstolsapparatet. Berre 15 % enda i frifinning eller avvisning/tilvising. Forklaringsa ligg altså i lusteringane sine eigne strategiar ved bruken av bygdetingenet. Akkurat det er eit aspekt ved rettssakene i tidleg moderne tid som ofte blir oversett. Når ein fokuserer på den formelle maktutøvinga er det ingen tvil om at lekmannsinstituttet var på defensiven fram mot vår tid. Men når det galdt det prosessuelle hadde citanten ofte kontroll over kva utgang ei sak skulle få. I det store valmangfaldet låg det ei betydeleg makt som ikkje bør undervurderast.

¹³⁹ For perioden 1783-1810 har eg registrert berre fem tilfelle av private søkermål der citanten fråfall saka. Det tilsvarande for dei offentlege var tre.

¹⁴⁰ Seksualkontroll utgjorde halvparten av futen sine saker. I perioden 1783-1796 blei 25 par tiltala for leiermål. Av desse vart fem dømt, to forlikt og resten utsett. Av dei 32 leiermålsakene som blei stemna for resten av undersøkingsperioden min enda derimot 30 med forlik, ei vart fråfalle medan den siste blei utsett.

I tråd med dette kan ein seie at lusteringane i den andre perioden let sorenskrivaren få avgjere ein langt større del av søksmåla. Auken i dømde saker var på over 80 %. Denne forskyvinga kan ikkje berre tilskrivast ein samla nedgang i talet på private prosessar. Dei dømde sakene aukar monaleg også i reelle tal. Utviklinga i neste kolonne forsterkar inntrykket av at lusteringane i større grad valte formell løysing på konfliktane, sjølv om endringa her er mindre; talet på frifunne prosessar går opp frå sju til 11 %.

Inntrykket ovanfor må likevel ikkje forkladre det heilskaplege biletet av ein rettsinstans der forliket stod i sentrum. Faktisk fungerte bygdetinget betre som meklingsinstitusjon enn kommisjonen, som var dedisert til oppgåva.

Kategorien forlike saker kan også vise til ein auke mellom dei to periodane. Som for dei offentlege prosessane er det sannsynleg at dei private forlike stel saker frå gruppa av uavslutta. Bortimot halvparten av alle private søksmål i den første perioden dukka aldri opp att på tinget. Nedgangen her skuldast nok òg fjerninga av lagdagordninga i 1796. Før denne endringa trådde i kraft var det standard prosedyre å forlenge ei sak pga. motparten sitt manglande oppmøte. Truleg var også innføringa av forlikskommisjonen ein avgjerande grunn til endringa i dette saksutfallet. Dei mange prosessane som ikkje fekk ei avslutning i åra 1783-1796 kan seiast å ha vore overflødige, på det viset at partane i dei fleste tilfella må ha funne fram til ei minneleg løysing utan hjelp frå rettsstellet. Etter 1797 var nok terskelen for å stemne saker inn for bygdetinget høgare enn det hadde vore. Særleg for dei utsette sakene kunne vegen bli lang fram til ein formell tingprosess. I desse tilfella kom saka først inn til mekling for kommisjonen. Deretter måtte ein ta opp eit tingsvitne før tvisten kunne handsamast på nytt av kommissærane. Om partane på dette tidspunktet ikkje hadde semjast, var det endeleg duka for prosess ved underretten. Der ein før hadde fri veg til tinget var det i desse tilfella eigentleg fjerde gongen saka blei teken opp. Ei slik ørkenvandring før ein kom skikkeleg i gang med prosessen verka truleg avskrekkande på mange.

Kva så med alle forlike? Er ikkje det eit prov på at det faktisk blei stemna mange overflødige saker på tinget etter 1797? Det som særleg trekkjer opp forliksprosenten i den andre perioden er talet på åstadsaker, som eksploderer utover 1800-talet. Før 1797 var det 12 slike prosessar i Luster. For åra 1797-1810 stig talet til 55. Det spesielle med åstadsakene var dei mange forlike. Av dei 55 nemnte sakene blei 62 % forlike. For dei 80 andre private tingsakene i same perioden var forliksprosenten på 25, og om lag 40 % blei dømde.

Samstundes med endringa i saksutfall skjedde det altså ei forskyving av saker til åstadretten. Talet på private søksmål på det ordinære tinget gjekk ned frå 169 i den første

perioden til 80 i den andre.¹⁴¹ Om det ikkje hadde vore for at lusteringane krangla meir om odel og grensetvistar ville saksmengda ha blitt redusert med halvparten. Me ser altså kor skeivt bilete undersøkinga hadde gjeve om ho i utgangspunktet hadde vore avgrensa til dei gamle tingsesjonane.¹⁴²

Ein kan trygt avrunde med at innføringa av forlikskommisjonen i Luster fekk innverknad på korleis sakene vart avslutta på tinget. Den store auken i domfellingar synleggjer ein rettsinstans som har fått større alvor over seg. Det hellar mot at kommisjonen silte vekk ein del ”unødige og bekostelige rettergangstretter”. Men alle forlika halar og dreg inntrykket i ei anna lei. Det kan sjå ut som om tinget i Luster var ved eit vegskilje. Den auka involveringa av sorenskrivaren for å få løyst dei private tvistane peikar fram mot vårt eige rettsapparat, der dommaren som regel må ta stilling til sakskomplekset, og enten døme eller frifinne. Like fullt hang det att ein god slump med saker som viser ein bruk av underretten som står temmeleg fjernt frå oss i dag; tinget som ein balansestav for å rette opp eit skeivt forhold, der sorenskrivaren berre var statist i eit spel der dei stridane partane sjølv hadde hovudrollene og bestemte utfallet av saka.

Fleire tingsvitne

Så langt har sakene på tinget og i forlikskommisjonen blitt analysert. Eit underliggende premiss hittil har vore at ein nedgang i talet på tingsaker kan indikere at forlikskommisjon fungerte slik styresmaktene hadde planlagt. Ved vurderinga av forlikskommisjonen som avlastingsinstitusjon var det difor naturleg å ta utgangspunkt i ei oppteljing av prosessane på tinget før og etter reforma. Men dette gjev ikkje ei fullgod oversikt når ein drøfter problemstillinga til kapittelet. Fella ligg i at ein nedgang i talet på tingsaker ikkje treng vere synonymt med ein tilsvarande reduksjon i arbeidspresset åt den lægste domstolsinstansen.

Klarast kjem det til uttrykk ved den sterke auken i opptak av tingsvitne. No var vitneavhøyra ei mangslungen gruppe, og ikkje alle hadde samband med rettssakene på tinget. T.d. var det ikkje heilt sjeldsynt at bøndene fekk seg vitneprov på at snøskred og jordras hadde redusert skattegrunnlaget for gardsbruka. Likevel høyrde brorparten inn under ein eller

¹⁴¹ Til det ordinære tinget reknar eg her også utsetjings- og månadstinga.

¹⁴² Fordelinga mellom ordinære saker og åstadsaker var i den fyrste perioden 93 % - 7 %. For åra 1797-1810 var det 59 % - 41 %.

annan form for tvist mellom to partar. Det er difor dei tingsvitna som målber ein strid eg vil konsentrere meg om nedanfor.

Føresegne om vitneopptak var opphaveleg ulike i dei to forordningane om forliksstellet. I forordninga frå 1795 hadde partane løyve til å gjere opptak av tingsvitne før saka blei stemna inn for kommisjonen. Denne paragrafen blei fjerna frå regelverket til forlikskommisjonane på landet i Noreg som kom to år seinare. Årsaka var av økonomisk art. Styresmaktene viste til at prokuratorane skodde seg på ordninga til å ”forlede eenfoldige Mennesker til at lade føre bekostelige Thingsvidner uden Fornødenhed.”¹⁴³

Avhøyr av vitne var viktig i dei fleste sakene på tinget. Før 1797 var det vanleg å stemne vitna ilag med motparten, slik at prosess og avhøyr starta samstundes. Etter 1797 oppstod det eit brot med denne praksisen. Like interessant er det at opptak av tingsvitne utan etterfylgjande rettssak aukar sterkt. I åra før 1797 har eg registrert 12 slike. For perioden etter steig talet til 63.¹⁴⁴

Endringa hadde opplagt samband med innføringa av forlikskommisjonen. I fylgje § 10 skulle ein tvist tilvisast å vitneavhøyr på tinget om partane ikkje var samde om det faktiske saksforholdet. I tabell 4.1 såg me at desse utsette sakene famna om nær ein femtedel av stemningane til kommisjonen. Dei gjorde også ein god del ut av seg på bygdetinget. Såpass mange som 33 (20 %) av dei utsette kommisjonssakene hamna som vitneavhøyr i domstolsapparatet, utan at det skjer noko meir med dei. For styresmaktene var målsetjinga med paragrafen at saka skulle returnerast til kommisjonen, og deretter bli endeleg forlikt, eller tilvist til rettargang. Dette siktemålet mislukkast dei med i Luster. I 12 tilfelle vart sakene tilvist etter å ha kome attende til kommisjonen frå vitneopptak. Berre fem blei forlikt etter at saka fyrst hadde blitt opplyst ved vitneførsel. Desse er registrert som høvesvis tilvist og forlikt i tabell 4.1.

Men § 10 i forordninga forklrarar ikkje heile auken av tingsvitne. I om lag 20 tilfelle blei tilviste saker frå kommisjonen avslutta etter vitneavhøyr. Ein slik praksis kan verke underleg, ettersom citanten i desse sakene hadde rett til å starte ein prosess på tinget utan å gå vegn om eit ”lovlig tingvidners erhvervelse”. Den same tendensen kom fram i mange tingsaker i perioden 1797-1810, der saksgangen blei kløyvd i to. På fyrste tingmøtet tok

¹⁴³ Næss 1995: 28. Nokre unntak fanst. Citanten hadde lov til å avhøyre vitne når bevis kunne gå tapt pga. sjukdom, reiser osv.

¹⁴⁴ Nokre få av vitneopptaka hadde samband med rettssaker i andre tinglag. Dei fleste (56) hadde likevel fyrst vore innom kommisjonen i Luster.

citanten opp eit tingsvitne. Deretter blei sjølve prosessen sett i gang neste gong sorenskrivaren haldt ting. Ein slik praksis var uvanleg før 1797.

Ein annan interessant trend er dei mange forlika som blei inngått ved opptak av tingsvitne. I 20 av vitneavhøyra frå perioden etter 1797 kom partane til semje på tinget. Igjen viste underretten seg som ein meir effektiv meklingsarena enn forlikskommisjonen. Men problemet med å forstå desse forlika heng saman med at dei ikkje hadde same kraft som eit kompromiss inngått i kommisjonen. Dette forholdet blei presisert i eit reskript frå 1801. Bakgrunnen var ein førespurnad frå futen i Nordhordaland om ”et Forlig, som ikke ved Forligeses-Commissionen kunde opnaaes, men indgaaet ved Retten, kan unden foregaaende Dom exequeres?”¹⁴⁵ Svaret frå Kanselliet var klart: ”det ikkun ere de Forlig, som indgaaes for Forligeses-Commissionerne, der have Doms Kraft og kunne exequeres.” Om motparten braut eit slikt forlik hadde citanten høve til å setje makt bak kravet.

Ei forklaring på dette handlingsmønsteret vil bli drøfta i kapittel åtte. Men det går klart fram av kjeldematerialet at eit forlik for lusteringane var bindande og like forpliktande anten det var inngått uformelt, i forlikskommisjonen eller i samband med opptak av tingsvitne. Det kjem tydeleg til uttrykk i dei mange uferdige sakene i forlikskommisjonen, og på tinget i den første perioden. Me har sett at eit klart mindretal av tvistane vart forlikt i kommisjonen, og at eit fåtal av dei tilviste sakene nådde tinget. Likeins viste det seg at blant dei private tingsakene før 1797 var det eit fleirtal av uavslutta prosessar. Det er utenkylog at alle desse tvistane skulle ligge uløyste og gnage på lokalsamfunnet. Truleg må det ha blitt semje i dei fleste utan medverknad frå offentlege tenestemenn. Fleire saker både på tinget og i kommisjonen omhandlar då også brot på tidlegare forlik, både formelle og uformelle. For lusteringane var difor eit ord eit ord, og ein lovnad ein lovnad. Kva rammer forliket skjedde innanfor var mindre viktig.¹⁴⁶

Men inntrykket blir litt forteikna om det ikkje vert presisert at mange forlik blei innført i protokollen utan innverknad frå kommissærane. Haldninga her synes å vere motsett enn ved forlika oppnådd i vitneavhøyryr på tinget. I fleire saker kjem partane til forlikskommisjonen med krav om å få innført ei semje inngått mellom dei. Bakgrunnen var opplagt at eit forlik i kommisjonen hadde same verknad som ei domsavseiing på tinget. Ved å få det protokollført minskar ein sjanske for at ein av partane skulle bli freista til å bryte avtalen.

Slik sett er det eit sprikande inntrykk me sit att med når det gjeld lusteringane sine handlemåtar i forlikskommisjonen og på tinget. Innføringa av ein ny rettsinstitusjon gjorde

¹⁴⁵ Res. 31.1.1801.

¹⁴⁶ Også NL sa at ein var pliktig å oppfylle ein munnleg lovnad. NL 5-1-1.

nok mange av dei forvirra og frustrerte. Der vegen til tinget i uminnelege tider hadde vore strak og utan hinder, dukka det frå 1797 opp to kommissærar som gjorde konfliktløysinga meir komplisert. Det var difor ikkje så unaturleg at nokre av lusteringane rota med stemninga, fekk søksmål avvist, og kanskje ikkje var heilt støe på om saka dei hadde gåande krov opptak av tingsvitne eller ei.

Eit meir effektivt rettsstell?

Det overordna spørsmålet for dette kapittelet var om styresmaktene vann fram med å dempe presset mot tinget i Luster ved å tilføre bygda ein avlastingsinstitusjon som tok seg av det som vart sett på som unødige kranglar. På eit høgare plan har kapittelet vist at dette ikkje lukkast. Men det er særleg to delproblem som gjer seg gjeldande her. Det eine gjeld ei numerisk tilnærming til sakskomplekset. Det andre dreier seg kva om tidshorisont ein skal leggje til grunn for undersøkinga.

Me har sett at forlikskommisjonen i Luster ikkje fungerte like konfliktdeempande som elles i landet. Forliksprosenten var godt under snittet for tvillingriket, noko som tal frå andre kommisjonsdistrikt stadfesta. Som ein konsekvens av dette ser det også ut til at tinget måtte handsame relativt sett fleire saker enn andre tinglag, sjølv om samanlikningsgrunnlaget her er relativt tynt.

Saksmengda på tinget gjekk likevel ned ein del, men samstundes skjedde det ei dreiling mot fleire åstadsaker. I seg sjølv slo dette uheldig ut i forhold til arbeidsmengda til sorenskrivaren. Å setje retten på ein gard var ein langt tyngre prosess enn ei alminneleg sakshandsaming på det ordinære tinget.¹⁴⁷

Like viktig som å telje søksmål før og etter 1797 var freistnaden på å heve blikket og trekkje inn andre aspekt ved rettspraksisen, som ei rein kvantitativ oppteljing av tingsaker ikkje ville fange opp. Det var ikkje nødvendigvis ei tett kopling mellom ein nedgang i saksmengda og eit dempa press mot tinget. For styresmaktene var det knapt nok eit mål i seg sjølv å få vekk flest mogeleg rettssaker. Intensjonen var å fjerne noko av børa til sorenskrivaren. Den frigjorde tida som fylgje av nedgangen i søksmål vart difor eten opp ved

¹⁴⁷ Det går fram av tingbøkene at dommaren som regel freista å kome til åstaden kvelden før saka tok til, slik at mest mogeleg av dagen etter kunne nyttast til sakshandsaming. Men sjølv i saker der partane snøgt blei forlikte, kunne nok mesteparten av dagen gå med til reise. Avstandane i Indre Sogn er store og terrenget ulendt.

ein kraftig auke i talet på vitneavhøyr. Slår ein saman tingsaker og tingsvitne blir talet for den fyrste 14-års bolken 252, medan det tilsvarande for den andre er 251. Dei jamstore sifra representerer eit meir røyndomsnært bilet av tinget enn ei oppteljing tufta på reine rettssaker.

Å samanstille tingsvitna og rettssakene på denne måten er ikkje heilt urimeleg. I arbeidsbyrd stod nok dei lange rettsprosessane i ein klasse for seg, men dei var i mindretal.¹⁴⁸ Samanliknar ein t.d. dei uavslutta rettssakene med tingsvitna er forskjellen i praksis liten. Formelt sett var det sjølvsagt eit skilje, men reelt likna dei kvarandre.¹⁴⁹ Ved både vart ein motpart kalla inn til underretten for høyre vitne uttale seg om eit saksforhold, utan at prosessen får noko meir framdrift.

Det andre undersøkinga har vist er nyansane over tid. Det heilskaplege inntrykket av den siste 14-års perioden vert ved eit nærmare ettersyn kløyvd i to. Åra 1797-1803 kan vise til ein nedgang i talet på tingsaker, medan dei neste sju åra syner ein liten vekst i høve til snittet for den fyrste 14-års bolken.¹⁵⁰

Men det som ikkje kjem fram er om det høge talet på private rettssaker frå 1804 er ”sannare” enn sju-års bolken før. Er denne perioden eigentleg ei kunstig høg bylgje, eller representerer han ein trend som heldt seg i åra etterpå? Det er sjølvsagt umogeleg å svare på eit slikt spørsmål her. Ei undersøking som dette er alltid avhengig av kor mange år ein legg til grunn. Difor kan funna ovanfor på ein måte seiast å vere tilfeldige. Ideelt sett burde granskninga ha gått over eit lengre tidsrom. Likevel kan ikkje resultata ovanfor seiast å spenne bein for ein konklusjon. Likesælt kva utviklinga kan ha vore etter 1810 står det fast at innføringa av forlikskommisjonen i Luster i den fyrste tida ikkje kan ha svara til dei forventningane styresmaktene hadde på førehand.

Inntrykket av at presset mot tinget snarare auka enn minka vert stadfesta også av andre forhold. Tabell 4.7 viser talet på tingsesjonar haldne i Luster for perioden 1783-1810.

¹⁴⁸ For perioden 1783-1810 slutta 240 rettssaker etter eitt ting. Det høgste talet på tingsesjonar for ei sak er sju. Snittida for heile perioden låg på 1,78. Dette talet er nok litt for lågt. For den andre tidsbolken har eg ikkje lagt til føregåande tingsvitne. Likevel er det markant kortare enn det Sandmo fann for Rendalen (3,25). Ei mogeleg forklaring på dette kan vere den etterhaldne bruken av prokuratorar i Luster. Eg har registrert prokuratorar involvert i 14 av dei 316 private tingsakene. Interessant nok går snittet opp ein god del når ein reknar det ut frå desse 14 sakene aleine. Det viser seg då at desse sakene gjekk over 3,14 ting, noko som ligg tett opp til snittet for Rendalen.

¹⁴⁹ Ved delinkventsaker var det eit tydelegare skilje mellom forhøyet og sjølve prosessen. Schweigaard 1862: 91.

¹⁵⁰ Talet på nye tingsaker i Luster nådde eit lågmål på seks prosessar i 1797. Halvparten av desse var offentlege. Vurdert opp mot dette eine året er det ikkje så overraskande at sorenskrivar Fleischer i Indre Sogn, etter at sommartinga var unnagjort, kunne opplyse at nedgangen i talet på tingsaker var ”een lykkelig Følge af den velgiørende Forligs Kommissionens Indretning”. Hansen 1992: 311. Om sorenskrivaren hadde venta nokre år, ville nok konklusjonen hans ha blitt moderert, i alle høve vurdert ut frå forholda i Luster.

Tala må handsamast med stor skjønsemd. For det fyrste var ikkje tinget utelukkande eit domstolsapparat. Sorenskrivaren hadde også andre oppgåver som anten kan ha minska eller auka i omfang for den perioden eg studerer. For det andre var Indre Sogn sorenskriveri større enn Luster skipreide. Korleis utviklinga var i resten av tinglaga er uviss.

Men bruk mot dei andre tabellane i kapittelet styrker talmaterialet i tabell 4.7 dei tendensane me har vore inne på. Ekstrarettane bør ein rett nok halde utanfor her. At talet på tunge kriminalsaker auka sterkt er interessant nok, for det tyngta domstolsapparatet, men nokon samanheng med forlikskommisjonen hadde det knapt.

Tabell 4.7: *Tingsesjonar i Luster 1783-1810.*¹⁵¹

År	Sommar-ting	Haussting	Månadsting vår	Månadsting haust	Utsetjings-ting	Ekstrating	Alle ting
1783-1796	14	14			6	3	37
1797-1810	14	14	12	13	10	21	84
1797-1803	7	7	5	6	0	1	26
1804-1810	7	7	7	7	10	20	58
1783-1810	28	28	12	13	16	24	121

Kjelde: Database Luster.

Meir interessante er utsetjingstinga. Dei fungerer betre som ein temperaturmålar for kor travelt sorenskrivaren hadde det. Typisk for den siste delen av undersøkingsperioden er ein auke i talet på avbrotna ting. Ved fleire høve kom ikkje dommaren igjennom alt han skulle på det ordinære tinget. Han måtte stendig oftare halde ad hoc sesjonar utanom dei oppsette tidene. I så måte stadfestar tabell 4.7 inntrykket frå tidlegare i oppgåva om eit stigande press mot underretten utover 1800-talet. I det heile verkar tinget meir oppjaga dei siste åra fram mot 1810. Ved eit tilfelle måtte vitneopptaket i ei delinkventsak flyttast frå Luster til sommartinget i naboskipreida grunna tidspress. Det var vel bl.a. for å hindre dette kommisjonen vart oppretta. Men som me har sett fekk ikkje innføringa av forlikskommisjonen i Luster ein slik positiv innverknad på underretten.

Det bør også gjentakast her at konfliktnivået på tinget i Luster truleg var lågare enn det som har vore vanleg i andre tinglag. Sett frå ein slik synsstad var det kanskje ikkje så stort potensiale for ein saksnedgang ved underretten etter 1797. Denne modifikasjonen må

¹⁵¹ Reine forhøyrsting haldne i delinkventsaker er utelete frå tabellen.

nødvendigvis bli vag ettersom samanlikningsgrunnlaget er spinkelt. Den overordna konklusjonen står difor fast: Innføringa av forlikskommisjonen i Luster fekk ikkje den verknaden styresmaktene må ha håpa på.

Det framstillinga ikkje gjev svar på er kva retning utviklinga på bygdetingen ville ha teke om forlikskommisjonen ikkje hadde blitt introdusert i Luster. Trass alt gjekk talet på tingsaker ned ein god del, samstundes som folkemengda auka med om lag 25 %. Gjer ein kommisjonen urett ved å leggje så stor vekt på ei samanlikning mellom dei to 14-års bokane?

Problemstillinga er hypotetisk, og sjølv sagt uråd å ta stilling til. Det er lett å sjå at det er fleire lusteringar bak kvar tingsak i 1810 enn i 1783, men spørsmålet tvingar fyrst og fremst fram ein analyse av kven desse personane var: Kva grupper nytta seg av kommisjonen og tinget?

Det fører oss over til om det negative biletet ovanfor kan hende må rettast opp når den kraftige auken i talet på private tvistar handsama av offentlege tenestemenn blir sett opp mot aktørane i rettsstellet. Innleiingsvis vart den todelte målsetjinga med forlikskommisjonane nemnt. Konklusjonen åt dette kapittelet byggjer på at styresmaktene sitt mål om å fjerne trykket mot bygdetingen ikkje gav eit heldig resultat. Men kapittelet har også synt at innbyggjarane i Luster ikkje var redde for å kome til kommisjonen med sine problem og tvistar. Vurdert etter andre premiss tyder det på at innføringa av forlikskommisjonen blei ein suksess. I kapittel seks og sju av oppgåva skal me granske nøyare dette aspektet, og sjå om forlikskommisjonen fekk ein positiv verknad på den måten at eit breiare lag av befolkninga valte ein formell framgangsmåte når dei hadde konfliktar å løyse. Kanskje førte innføringa av kommisjonen til ein større rettstryggleik for folk flest?

Men det kan også tenkjast at den auka saksmengda ikkje berre influerte på aktørane i rettsstellet, men òg på kva type saker som blei stemna inn. Det vil bli undersøkt nærmare i neste kapittel.

Kapittel V: Endringar i sakstypane?

Med innføringa av forlikskommisjonen skifta rammene kring konfliktløysinga karakter. Dei aller fleste sivile saker vart tvunge til mekling i eit lukka rom før tvisten eventuelt hamna ved underretten. I dette kapittelet vil eg sjå om overgangen kan ha gripe inn i sakstypane på tinget og i forlikskommisjonen. Fanst det tvistar som var spesielt bundne saman til tinget sitt opne sær preg og måten det handsame sakene?

To kategoriar vil bli undersøkt nærmare. Det gjeld åstad/eigedomssakene og ærekrenkingane. Åstadsakene var særegne fordi dei vengjeklypte lagrettemennene i desse tvistane igjen var på bana som meddommarar. I tillegg er mange av sakene prega av ei endelaus mengd med vitne som uttalar seg.¹⁵²

For ærekrenkingane sin del er tinget som offentleg forum blitt framheva.¹⁵³ Å møte på tinget var etter Christian V si norske lov både ein rett og ei plikt.¹⁵⁴ Det er difor rimeleg å tru at sorenskrivaren samla ei stor folkemengd kring seg dei gongene han kom til Luster. Ei rettssak på bygdetingenet var såleis ikkje ein lukka tvist mellom to partar. Ved å få merksemd på tinget fekk ein lokalsamfunnet sitt blikk retta mot seg. Var dette blikket styrande på dei stridande partane? Inspirasjonen her er henta frå Erling Sandmo si hovudoppgåve om tinget i Rendalen, der æra utgjer ein viktig faktor. Han les også eit æresaspekt inn i valds- og ranssakene, men sjølv vil eg avgrense meg til dei tvistane der ærekrenkinga er eksplisitt uttrykt.¹⁵⁵

Verken åstadsakene eller ærekrenkingane vil bli analysert inngåande. Dei kunne kvar for seg ha krav på ei eiga hovudoppgåve. I denne samanhengen vil eg avgrense meg til å sjå

¹⁵² For åra 1783-1796 stod åstadsakene for sju prosent av saksmassen, medan vitna i desse sakene utgjorde 12 % av alle vitna i private søksmål (67 av 533). Åstadsakene auka til 41 % av saksmassen i den andre tingperioden, medan vitna i desse sakene utgjorde 69 % av vitnemassen (273 av 397). Med andre ord: Bruken av vitne synes langt viktigare i åstadsakene enn dei andre tvistane tinget handsama.

¹⁵³ Sandmo 1992: 125.

¹⁵⁴ NL 1-3-8 og NL 1-12-2.

¹⁵⁵ Sandmo 1992. Det er heller ikkje heilt enkelt å fylge Sandmo i valds- og ranssakene. I analysen av slagsmåla opplyser han først at det offentlege stod bak dei fleste sakene (78). Litt seinare gjer han det til eit poeng at det er taparen som reiser saka på tinget for ”en offentlig stadfesting av det illegitime i slagsmålet” (90). Appell 1999: 273. For rans- og tjuverisakene er det eit sentralt moment at citanten sjølv kan velje om han vil forfylge borttaket som tjuveri eller ran (95 ff). Det same har Erichsen 1993: 108 og kanskje særleg Øyvind Hobberstad : ”Den som tager andens gods er iche bedre end een tylv!”, hovudoppgåve i historie Bergen 1997 vektlagt. Ut frå lesing av tingbøkene for Indre Sogn har eg problem med å sjå kva denne valfridomen bestod i. Det synes opplagt at både allmugen og dommaren skilde klart mellom den skjulte eigedomskrenkinga og det opne ranet. Det avgjerande verka difor å vere opphavssituasjonen og kva vitne den fornærma parten hadde til rådvelde. ”Alle” visste at ei sak der to vitne fortalte om eit typisk ran aldri ville bli dømt som tjuveri av sorenskrivaren. Om strategien var å verje folk frå nærmiljøet og stemple marginale personar synes det også uturvande å velje. Av materialet frå Luster ser det som regel ut til at det var fattigdom og sosiale relasjonar som i utgangspunktet disponerte for om ein person vart tjuv eller ransmann, og ikkje innstemnaren sitt val.

om kategoriane er annleis etter 1797, og peike på forklaringar på det eventuelt endra mønsteret.

Det generelle saksbiletet

Det er lagt vinn på å få fram variasjonsbreidda i sakene som hamna for domstolen og kommisjonen, og halde oppsamlingskategorien ”anna” så liten som råd. Tabell 5.1 viser difor ei rad med kategoriar, der mange av dei er heller små i prosent.

Tabell 5.1: *Private saker på tinget og i forlikskommisjonen i Luster for åra 1783-1810, ordna etter kategoriar, absolutte tal og prosent.*¹⁵⁶

Kategori	Tinget 1783-1796	Tinget 1797-1810	Tinget 1783-1810	Forlikskommisjonen 1797-1810
Gjeld	51 (28,1 %)	32 (23,7 %)	83 (26,2 %)	202 (22,3 %)
Eigedom	28 (15,4 %)	33 (24,4 %)	61 (19,3 %)	143 (15,8 %)
Ran	15 (8,2 %)	9 (6,6 %)	24 (7,5 %)	56 (6,1 %)
Ærekrenkingar	15 (8,2 %)	6 (4,4 %)	21 (6,6 %)	78 (8,6 %)
Skoghogst	19 (10,4 %)	6 (4,4 %)	25 (7,9 %)	64 (7 %)
Odelskrav	3 (1,6 %)	12 (8,8 %)	15 (4,7 %)	38 (4,1 %)
Vald/slagsmål	12 (6,6 %)	2 (1,4 %)	14 (4,4 %)	42 (4,6 %)
Kontrakts- og forliksbrot	5 (2,7 %)	8 (5,9 %)	13 (4,1 %)	55 (6 %)
Husmannssaker	6 (3,3 %)	4 (2,9 %)	10 (3,1 %)	32 (3,5 %)
Kår	5 (2,7 %)	3 (2,2 %)	8 (2,5 %)	24 (2,6 %)
Skadeverk	4 (2,2 %)	3 (2,2 %)	7 (2,2 %)	25 (2,7 %)
Arv	6 (3,3 %)	0	6 (1,8 %)	8 (0,8 %)
Kjøpstvistar	0	5 (3,7 %)	5 (1,5 %)	31 (3,4 %)
Buføring	1 (0,5 %)	3 (2,2 %)	4 (1,2 %)	7 (0,7 %)
Gjerde	2 (1,1 %)	2 (1,4 %)	4 (1,2 %)	21 (2,3 %)
Ekteskap og familie	2 (1,1 %)	1 (0,7 %)	3 (0,9 %)	5 (0,5 %)
Leiglendingsforhold	2 (1,1 %)	2 (1,4 %)	4 (1,2 %)	21 (2,3 %)
Tenesteforhold	2 (1,1 %)	0	2 (0,6 %)	12 (1,3 %)
Handel	2 (1,1 %)	0	2 (0,6 %)	12 (1,3 %)
Anna	1 (0,5 %)	4 (2,9 %)	5 (1,5 %)	29 (3,2 %)
Sum	181 (99,2 %)	135 (99,2 %)	316 (99 %)	905 (99,1 %)

Kjelde: Database Luster.

Me ser at gjeldssakene utgjer den største gruppa, både på tinget og i kommisjonen, rett nok med eit lite unntak for åra 1797-1810, då eigedomssakene er i knapp leiing ved underretten.

¹⁵⁶ Dei offentlege sakene vil bli ignorert i denne samanhengen. Sjå appendiks 2 for ei oversikt.

Det er overraskande kor smålåten gruppa med gjeldssaker er. Med kring ein fjerdedel av den samla saksmassen ser det ut til at Luster skil seg ut med få slike tvistar.¹⁵⁷

Dei fleste kategoriane held seg nokon lunde stabile over tid, men nokre av endringane fortener ein kommentar. Arvetvistane minkar ein god del utan at det er råd å seie kvifor. Det kan vere fordi gruppa er liten og difor ekstra utsatt for endringar. At kontrakts- og forliksbrota aukar heng nok saman med innføringa av forlikskommisjonen, som gjorde det lettare å prove eit tidlegare forlik. Vald og slagsmål forvitrar mest heilt frå den fyrste til den andre tingperioden, men er til stades med ein del tingsvitne. Noko verre er det å forklare endringane i odelstvistane og sakene med ulovleg skoghogst. Det fyrste kan sjølv sagt peike i retning av større press på ressursane og det viktige i å sikre seg eit gardsbruk, men då er det underleg at kategorien med ulovleg skoghogst minkar.

Ut frå tabell 5.1 kjem det også fram at reforma i 1797 ikkje drog med seg ein rikare flora av sakstypar.¹⁵⁸ Endringa viste seg først og fremst ved ei viss prosentforskyving mellom kategoriane. Forklaringa til den magre forliksprosenten i kommisjonen kan heller ikkje knytast for sterkt opp til at spesielle sakstypar var særleg vanskelege å få løyst hjå kommissærane. Men to kategoriar stikk seg litt ut frå den generelle trenden. Det gjeld odelssakene og tvistane om eigedom.¹⁵⁹ Eigedomsstridane sin del av saksmassen ved underretten etter 1797 aukar kraftig. Veksten er spesielt høg i prosent, men mot den allmenne trenden veks saksmengda også i reelle tal.

Kvifor fleire åstadsaker?

I kapittel fire kom det fram at det var ein eksplosiv auke i talet på åstadsaker, frå 12 i den fyrste perioden til 55 i den andre. Det inkluderte også odelstvistane, som eg ikkje vil analysere nærmare i denne samanhengen. Med dei fråtrekt gjekk sakstala opp frå åtte til 43. Veksten er likevel så kraftig at ein vanskeleg kan unngå å gjere seg opp nokre tankar om kva som kan ligge bak.

¹⁵⁷ Næss 1995: 44; Rør 1978: 42.

¹⁵⁸ Det kunne ein gjerne ha forventa om det var slik at fleire samfunnsgrupper tok i bruk rettsstellet, og fremja sine spesielle problem og konfliktar.

¹⁵⁹ Høvesvis 71 % og 79 % av alle eigedomssaker og odelstvistar blei tilviste frå kommisjonen, mot 51 % for kommisjonen som heilskap. Sjå tabell 4.1. 32 % av odelssakene i forlikskommisjonen enda i prosessar ved underretten. For eigedomsstridane var det tilsvarende talet 23 %. Det var for både kategoriar langt meir enn det generelle talet på 14 %. Jfr. tabell 4.3.

Det er ei komplisert oppgåve å samle alle saker som hadde sitt utspring i eigedom.¹⁶⁰

Det vil difor ikkje bli gjort i dette kapittelet. Eigedomskategorien i tabell 5.1 er tvistar som har samband med landeigedom.¹⁶¹ Det er vanskeleg å definere kategorien særleg meir presist. Det galdt fleire type saker; krangel om skogsteigar, strid om fiske i elvane, beiterettar m.m. Eit relativt typisk eksempel på ein slik krangel kom fram i kommisjonen, der Erik Sølfestson Søvde og Thomas Nilsson Ophun stemna Erik Pederson Holmestad fordi:

At Indstævnte ved at rejse til Fieldstøls fornærmer Erich Sølfestsen Søvde
deri at han trækker med sine Kløvjer igjennem dennes Engemarker, tillige
fornærmer han benævnte Erich og Thomas Ophun med sine Chreaturer
om Sommeren da de rekke ned over deres Ejendom saavel i Fieldbejter
som i Slaattemarkerne.¹⁶²

Det kom ikkje til semje mellom partane ved forlikskommisjonen i denne saka. Ho vart difor tilvist til åstaden, der det blei inngått forlik. I så måte representerer ho eit vanleg døme på ein eigedomsstrid og korleis han vart løyst. At så mange saker gjekk til underretten må ikkje tolkast slik at lusteringane var spesielt kranglevorne i desse tvistane. Snarare tvert om: Dei aller fleste åstadsakene enda med semje. I ein del av dei er det dessutan påfallande kor snøgt dei stridande partane oppnår forlik. Fleire gonger vert saka oppløyst etter at berre få av vitna har uttalt seg. Kvifor kom ikkje partane til semje i forlikskommisjonen? Kan det ha hatt noko med måten kommisjonen arbeidde på?

Kommisjonens funksjonsmåte

I forlikskommisjonen sat som tidlegare nemnt to kommissærar. Den eine var sivil embetsmann og den andre ein ”agtverdig bonde”. Fordi kommisjonsmedlemmene i motsetnad til sorenskrivaren ikkje kunne banke igjennom ei avgjerd var tilliten deira blant allmugen viktig. Dei måtte opptre med kløkt og vise at dei hadde kunnskap om tvisten partane søkte å få forlikt.

Det siste var ikkje alltid så enkelt. Mange av sakene kommissærane måtte mekle i omhandla gamle grensemerke. Det er ut frå desse rammene ein må forstå dei problema det innebar å få partane til semje i slike saker. På åstadretten hadde kamphanane høve til å kalle

¹⁶⁰ Sjå s. 96.

¹⁶¹ Sjå også Tretvik 2000: 35 og Øyreahagen-Sunde 1998: 50. NL 1-16 definerte rammene for kva saker som skulle handsamast av åstadretten.

¹⁶² Forliksprotokoll for Luster I: 31A (Forliksprotokoll for Luster vil heretter bli avkorta til FPL).

inn så mange vitne dei berre orka. Dessutan sat det medbønder i lagretten og tok del i avgjerdene. Til saman var det nok lokalkunnskap til å gje dei stridande partane eit truverdig bilet av korleis eigedomsforholda hadde vore frå ”arilds tiid”.¹⁶³

Med kommisjonen forsvann autoritetane. I forliksrommet stod partane overfor to kommissærar, som ofte verken i hug eller dug var skikka til å løyse floken.¹⁶⁴

Ein del av tvistane som blei forlikte viser nettopp problemet skissert ovanfor. I ei sak vart John Andersson Snethun stemna inn for kommisjonen av oppsitjarane på Myklemyr i Jostedal omhandlande ”et Mærke mællem bemældte Gaarde”:

Denne Sag blev bielagt paa følgende Maade : at saaledes, som de tvende gamle Vidner Niels Larsen Lien og Hans Hansen Alsmoe udviser og bestæmmer Mærkerne at have vært mællem bemældte Gaarde og det med de bestemte ord: at saaledes have troeværdige Folk viist dem Mærkerne og saaledes have de brugt, den Tid de beboede bemældte Gaarde – Herpaa skal Vidnerne aflægge deres Eed ved Tinget.¹⁶⁵

I ei anna sak i forlikskommisjonen hadde Christen Olson Ottum stemna inn Jens Pederson Raaum fordi

Indstævnte formeente Sig at have Eiendoms Ret til bemældte Engemark beliggende tæt ved Fuurageren om hvilken han og har samme Tanker, at da parterne inden denne Maaneds Udgang lader kalde til sig Endre Sølfæstsen Øren og Endre Postmand, som velkiænte Mænd paa dette Stæd, og skal begge Parter være fornøjede med hvem disse Mænd tilkiænder Ejendoms ret, saaledes som de med Eed vil bevidne at have være brug fra gammel Tid.¹⁶⁶

Begge sakene er døme på det ein kan kalle eit meta-forlik. Partane vert samde om at dei skal bli samde. Sjølve kjernen i twisten blir ikkje løyst ved hjelp av kommissærane. I desse tilfella blei det sett ned ein kommisjon med lokalkunnige skildomsmenn.

¹⁶³ Sjå også Treträsk 1996: 196, 200.

¹⁶⁴ I ei sak i forlikskommisjonen ”beträffende Vaarstøls Havenes Nye Indhægning” mellom ei rekke oppsitjarar frå fleire gardar i Gaupne var forlik ”umuelig at bringes til Veje imellom Parterne omenskiønt dene Sag holdt Retten i 4 stive klokke timer. – Sagen henviises til Afgjørelse ved Retten paa Aastædet” FPL I 47:B. Om kommissären var lei etter fire timars mekling var vel det småtteri mot sorenskrivaren som av og til måtte halde ut i fleire dagar med same åstadsaka. Utsegna kan tyde på at kommissären ikkje var særleg motivert for å skipe til forlik mellom partane.

¹⁶⁵ FPL I: 17A.

¹⁶⁶ FPL I: 13A.

Mangelen på kompetanse må ha vore eit problem ved mange av eigedomssridane kommissærane skulle mekle i. Heller ikkje sorenskrivaren var ein ”velkäent mand” alle stader, men på åstadretten hadde partane høve til å kalle inn vitne som dei meinte sat med kunnskap om korleis tilhøva hadde vore frå gamalt av. Den same ekspertisen kunne dei ikkje nytte seg av då eigedomssakene vart flytta inn i kommisjonen.

Vanskane med å få forlikt ein del av eigedomssakene i forlikskommisjonen forklarar nok ikkje heile auken i åstadsaker. Truleg var også overgangen til sjølveige og eit generelt større press på ressursane avgjerande faktorar.

Kvifor valte ikkje så lusteringane å løyse grensetvistar utan å trekke inn rettsapparatet, slik dei i stor grad må ha gjort tidlegare? Den uformelle konfliktløysinga forsette nok å vere ein hjørnestein i eigedomssridane også etter 1797. Dei aller fleste tilviste sakene høyrer me ikkje meir til. Men samstundes er det ikkje utenkjeleg at det var vanskeleg å leggje daud ein eigedomstvist som først var komen under offentleg handsaming.

Utviklinga i æressaker

Med overgangen frå det opne tinget til den lukka kommisjonen skulle ein logisk tru at mykje av krafta i æressakene forsvann, fordi det har vore vanleg å sjå dei to i samanheng. Grunnen var ærekrenkingane sin spesielle karakter:

Et moment det later til å være en slags enighet om, er at æren er en offentlig størrelse. Det at den så ofte blir forsvart i offentlighet, for retten, er blitt oppfattet som et sterkt indisium på at den ikke var privat, og på at krenket ære ikke kunne gjenopprettet bare gjennom enighet mellom partene i konflikten.¹⁶⁷

Frå 1797 var det ikkje tinginstitusjonen med mylderet av folk som venta partane, men eit traust og stille forliksrom og ei føresegnsom sa at forhandlingane ikkje skulle sive ut til allmugen. Kontrasten var såleis stor, og tala i tabell 5.1 kan på denne bakgrunn synast litt overraskande. Ein kunne gjerne tru at ærekrenkingane ville forsvinne med innføringa av forlikskommisjonen, eventuelt at mange av dei ville ende opp som prosessar ved underretten. Men ingen av desse forholda ser ut til å stemme. Prosentvis er talet på æressaker stabilt frå

¹⁶⁷ Sandmo 1994a: 84.

tinget i den fyrste perioden og over til forlikskommisjonen. Dessutan vert kategorien halvert mellom dei to tingperiodane.

Men biletet blir forvrengt om ein reknar ut frå reine prosessar. Etter 1797 kom svært mange av ærekrenkingane til underretten som tingsvitne, noko som naturleg nok ikkje blir fanga opp av tabell 5.1. Heile 14 av 63 vitneopptak i den andre tingperioden hadde samanheng med ærekrenkingar. Det gjer kategorien til den største innan tingsvitna, sjølv om æressakene utgjorde under tiendedelen av den samla saksmassen i forlikskommisjonen. Reduksjonen i tabell 5.1 vert med det snudd til ein liten auke. Det er også verdt å leggje til at fleire av sakene blei forlikt under vitneopptaket. Det kan peike i retning av at tinget i Luster framleis fungerte som ein viktig arena for løysing av ærekrenkingar.

Alternative offentlege arenaer

Men sjølv medrekna tingsvitne tok ikkje underretten unna den store veksten i talet på æressaker i kommisjonen. Fanst det andre måtar å offentleggjere ærekrenkinga på? Eit par saker kan setje oss på sporet. Den 6.6.1807 stemna lensmann Hans Arneson Urdahl inn Paul Nilsson Fladhammer for kommisjonen p.g.a.:

Indstævnte paa en ganske ublue Maade paa sidste Sommerting overfaldt
Sagsøgeren med ærerørige og fornærmelige Beskyldninger og Skiæsord [sic.],
saavel som tilforn ladet ham indkalde for Forliigelses Commissionen for
at han skulde have fortalet sig mod ham og andre brave folk og ej Sely, mødt,
med mере [...] Paal Smed tilbagekalder alle de fornærmelig Ord og Beskyldninger
han har udladt sig med mod Sagsøgeren Urdahl saa at de ikke paa nogen maade maae
komme hans gode Navn og Rygte til Fornærmelse [...] Dette Forliig er Parterne
enige om at giøre bekient paa Offentlige Steder.¹⁶⁸

Kva offentleg stad dei kan ha meint kjem ikkje fram, men kyrkjbakken eller tinget kan vel ha vore aktuelle kandidatar.¹⁶⁹ Bortsett frå desse er det vanskeleg å sjå at det fanst andre offentlege stadar i Luster for 200 år sidan. Men det kan nemnast at forlikskommisjonen i fyrstninga haldt møta sine på garden Fladhammer. Frå april 1799 vart derimot møta (stort sett) haldne på ting- og gjestgjevarstaden Døsen. Det er ikkje heilt utenkleleg at forliksmøta kan ha fungert som eit ting i miniatyr. På dagar då saker med mange oppsitjarar braka i hop samla det

¹⁶⁸ FPL I: 73A.

¹⁶⁹ Dombernowsky 1985: 140.

seg nok ei stor folkemengd på Døsen, om enn i mindre målestokk enn på sommar- og haussttinget.

I ei anna sak kom det derimot tydeleg fram kvar forliket skulle lesast opp. I 1806 førte Erik Nilsson Rønnei ei valdssak og ei sak om ærekrenking mot grinnen Henrik Andersson Nitter.¹⁷⁰ Frå forlikskommisjonen vart sakene utsett til vitneopptak. Etter vitneopptaket kom partane attende til kommunisjonen med krav om å få fylgjande forlik innført i protokollen:

Da jeg Soldat af det Lysterske Compagnie Erich Nilsen Rønnei med ydderse
Grovhed er begegnet af min Naboe Hendrich Andersen Nitter Rønnej,
hvorfor jeg paa behørig Maade har ladet ham indkalde ved Forliigelses
Commissionen, og da der ikke kuunde skie nogen mindelig Forening, saa
nødsages jeg til videre Sagens fremgang, at Indstevne ham til Tiinget for i 2de
henseendes ved Vidnersbyrd at beviise den Overlast jeg var tilføyet, saavel
Overfald som ved ubeføyet Skiældsord.-Men da nu overmælte Hendrich Andersen
Nitter Rønnej i senere Tid er kommen til Erkiendelse og Overbeviisning, af sin
usømmelige og usædelige handlemaade.- Offentlig bedet mig om Forladelse og
det i min Compagnie Chiefs nærværelse, som beder at dette Forliig behørig bliver
indført og Protocolleret ved Forliigelses Commissionen; og end videre maatte
samme ved næst kommende Høsteting, at oplæses til Betryggelse for overmælte
Soldats Person, samt paa hans gode Navn og Rygte.¹⁷¹

Om poenget var å kringkaste den overlasta Erik var utsett for skulle ein kanskje tru at det ikkje var naudsynt å gå lenger enn til tingsvitnet. Men det spesielle med begge sakene er at partane vert samde om å offentleggjere forliket. Eg har ikkje funne andre saker der det same skjedde, sjølv om det i og for seg ikkje var noko i vegen for at forliket kunne lesast opp på tinget utan at det vart presisert i forliksprotokollen. Dei fleste forlike æressakene endar likevel med at citanten såg seg nøgd med mortifikasjon og ofte ein liten pengesum i erstatning.¹⁷²

¹⁷⁰ I fylgje eit av vitna på tinget hadde Henrik sagt: "At han har været en Tyv og en Skielm og en Slange al sin dag". TBIS 49: 104B. Valdsepisoden skal ha grunna seg i at Henrik overfall Erik med orda: "enten skal jeg eller han Erich blive kold inden Morgendagen [...] sagde denne Hendrich til ham jeg skal stikke dig pludt ihiael, og rente derpaa mod ham i det samme Erich fik den ene Fod indaf døren med sin Hartsfænger som han holdt mod ham og holdt den med begge Hænder". TBIS 49: 105A.

¹⁷¹ FPL I: 62B.

¹⁷² Offentleggjering av forlik i æressaker ser derimot ut til å ha vore vanleg i Danmark. Dombernowsky 1985: 140 ff.

Det kan igjen tyde på at ære vart vurdert ulikt blant folk.¹⁷³ Felles for dei to sakene ovanfor er posisjonen til saksøkjaren. At lensmannen ivrar etter å få reinvaska seg er meir naturleg enn unaturleg, fordi tillit blant allmugen var viktig i hans stilling. Den andre saka kan lesast slik at det først og fremst er kompanisjefen som presser på for å få offentleggjort forliket, og at ærekrenkinga frå Henrik like mykje var eit slag mot militærstellet som privatpersonen Erik.¹⁷⁴ At offentlege tenestemenn nok var meir kjenslevare for ærekrenkingar kom direkte fram i ei sak der ein husmann måtte ut med ei stor bot for å ha skulda futen for å ha ført løgnaktige vitne mot han.¹⁷⁵

Det er interessant at svært få forlikte æressaker vart lesne opp på tinget. I alt har eg registrert 28 forlik frå kommisjonen som blei offentleggjort ved underretten.¹⁷⁶ Berre to av dei omhandla ærekrenkingar. Resten hadde for det meste samband med gjeld og grensemerke. Dette kan såleis gje eit tosidig inntrykk av æressakene i Luster. På den eine sida kan dei mange vitneopptaka tolkast slik at tinget fortsette å spele ei viktig rolle for gjenoppretting av tapt ære. Mot ei slik tolking strittar dei mange sakene i forlikskommisjonen der citanten ser ut til å vere godt nøgd med å få dei fornærmelege orda kjent daude og makteslause.¹⁷⁷ Forklaringa på den sprikande oppførelsen låg nok i at ærekrenkingane slo mot ulike klangbotnar blant folk. Særleg for ombodsmenn var det avgjerande å få nedsetjande ord og omtale mortifisert i det offentlege rommet.

Avrunding

Kapittelet har vist at dei to undersøkte sakstypane endra seg ein del etter 1797, sjølv om det ovrar seg litt ulikt ut frå tabell 5.1. I absolutte tal auka ærekrenkingane mykje frå tinget og over i kommisjonen. Likeins var det ein klar reduksjon mellom dei to 14-års bokane på tinget. Ingen av desse trekka var særskilde, men det noko spesielle med ærekrenkingane var dei mange opptaka av tingsvitne i åra 1797-1810. Det kan gje eit hint om at det var underretten sin opne og utovervendte karakter som spelte inn. Mot ei slik tolking står dei

¹⁷³ For å føregripe kapittel sju så viser det seg at bøndene dominerte som citantar i valds- og æressakene. Det kan tyde på at ære var viktigare blant gardbrukarane enn mellom husmenn. Sjå også Laing 1997: 161. Men meir truleg var det nok det prosessøkonomiske som spela ei avgjerande rolle her.

¹⁷⁴ T.d. sa frd. 28.2.1705 at ein soldat skulle ”agtes og æres udi alle Samqvemme frem for de andre unge Karle, og have det øverste Sæde og Gang over dem”.

¹⁷⁵ I denne saka ville futen og prokuratorens hans ha dømt husmannen til tremarksbot, men vann ikkje fram med dette hjå sorenskrivaren. TBIS 50: 269. Fleire føresegner presiserte at ærekrenkingar retta mot offentlege tenestemenn måtte dømast på tinget, NL 1-5-2 og 3-4-4; frd. 20.1.1797 § 15; res. 24.12.1799.

¹⁷⁶ Det skal innrømmast at eg let blikket flakke fort over tinglysingane. Det kan såleis hende at nokre av dei ikkje har kome med.

¹⁷⁷ I alt blei 31 % av æressakene i kommisjonen forlikt. Sjå også Orten 2000: 310.

mange æressakene i forlikskommisjonen som truleg aldri blei publisert offentleg. Derimot auka eigedomssakene kraftig frå den fyrste til den andre tingperioden, noko som må ha hatt samanheng med strukturulikskapen mellom dei to institusjonane.

For ærekrenkingane sin del er det vanskeleg å kome med bastante konklusjonar. Ære er eit slept studieobjekt som fort glepp ut av historikaren si hand når han vil granske fenomenet.¹⁷⁸ Det kan også tenkast at tidsbolken eg studerer var ei tid då æra var på vikande front i ei utviklinga mot eit meir moderne samfunn, og at det kan ha verka inn på det litt forvirrande biletet som kom fram ovanfor.¹⁷⁹ Men alt i alt er det svært vanskeleg å hevde at æra i Luster for 200 år sidan utgjorde eit samanbindande kitt som personar ved alle høve måtte gjenopprette ved ei offentleg kunngjering. Det verkar også opplagt at offentlege tenestemenn hadde større behov enn andre å få reinvaska seg på tinget eller andre opne arenaer.

Eigedomstvistane har også ein litt spesiell oppførsel etter 1797, fordi så mange av dei hamna som åstadsaker. Det skuldast ikkje at partane hadde særlege vanskar med å nå ei semje i desse sakene. På det viset skilde dei seg heller ut ved at prosentvis langt fleire saker på det ordinære tinget vart pådømde i åra 1797-1810 enn på åstadretten. Det viktige var å få personar med lokal kjennskap til gamle tilhøve å uttale seg om korleis eigedomsforholda hadde vore frå farne tider.

Sjølv om kapittelet kan vise til visse omstøytingar i sakkategoriane, særleg innan eigedomssakene, syner det store biletet at innføringa av forlikskommisjonen i Luster i relativt liten grad snudde om på dei typane av tvistar som kom under offentleg vurdering. Den største effekten synte seg i form av ein kraftig auke i talet på saker generelt.

¹⁷⁸ Problema ved å studere ære er velkjent innan fleire fagområde. Sandmo 1999: 101.

¹⁷⁹ Ylikangas 2000: 84; Sandmo 1994a: 85. Sandmo observerer også at intensjonen bak ærekrenkingane aldri blei vurdert i Rendalen. Sandmo 1992: 68. I Luster var det heilt motsett. Ved forlika i kommisjonen og på tinget unnskyldar sakvoldaren seg gjerne med at dei fornærmelege orda var sagt av ”lös mund” eller i ”ubesindighed”, og at dei på ingen måte var meint å råke citanten sitt gode omdøme.

Kapittel VI: Kvinnene i rettsstellet

"Forlikskommisjonen kan på mange måter sies å ha vært kvinnenes arena i rettsvesenet. De opptrådte her oftere enn de hadde gjort på bytinget, både som innstevnede og som saksøkere."¹⁸⁰

Sitatet ovanfor stammar frå Randi Hoff, som i ei hovudoppgåve studerte utanomekteskapelege fødslar i Kristiansund på 1700-talet. Sjølv om granskinga hennar tok utgangspunkt i ein by, danna det likevel grunnlaget for mi eiga fundering omkring kjønnsrollene på bygdetingenet og i forlikskommisjonen. Kvinna sin posisjon i det tidleg moderne samfunnet har vorte ulikt tolka, noko som også har spegla seg i debatten om deltakinga i rettsstellet. Tradisjonelt har tinget blitt sett på som ein mannsbastion, men seinare forsking har nok nyansert dette biletet ein god del.¹⁸¹ Like fullt er det freistande å spørje seg om ikkje forlikskommisjonen var ein meir "kvinnevenleg" institusjon enn tinget, på den måten at terskelen for å delta sank. Kommisjonen gjorde det billegare å stemne saker, samstundes som møta kom tettare enn dei gamle tingesjonane. Det siste kan ha slått positivt ut for kvinnene, ettersom det gav dei større høve til å bryte opp frå heimen og fremja klagemål for ein offentleg instans.¹⁸²

I kapittel fire såg me at innføringa av forlikskommisjonen i Luster utløyste ei større saksmengd som kom inn for ein rettsinstans. I tråd med sitatet ovanfor vil hovudproblemet i det fylgjande bli å undersøkje om arbeidet til kommunen kan ha ført til ei auka kvinneleg deltaking i rettsstellet i Luster. Vidare vil eg vurdere om det skjedde ei endring i mangfaldet. Med mangfold i denne samanhengen siktar eg til om det var gjengangarar blant kvinnene som nytta seg av rettsapparatet. Også sivilstanden deira vil bli undersøkt.

Det er dei private tvistane som kjem i fokus nedanfor. Etterkvart har det kome eit rikt tilfang av litteratur som drøftar kvinna i eit rettshistorisk perspektiv, men mykje av det er nok sikta inn mot kvinnene som lovbrytarar meir enn som aktive deltagarar på tinget.¹⁸³ Å ta med futen sine saker i dette kapittelet ville ikkje ha vore like interessant ut frå ynskje om å sjå på

¹⁸⁰ Hoff 1996: 21.

¹⁸¹ Andersson 1998: 19; Sogner 2000b: 168; Sjøberg 1996: 82.

¹⁸² Sandvik 2002: 59, 61.

¹⁸³ Sjå t.d. Anne Aune: Avkriminalisering av leiermål, Oslo 1994; Kari Telste: Mellom liv og lov : kontroll av seksualitet i Ringerike og Hallingdal 1652-1710, Oslo 1993; Lisabeth Risa: Geistlege og verdslege sanksjonar mot ugifte mødre, hovudoppgåve i historie Oslo 1974; Andersson 1998: 61.

endringar som fylgje av innføringa av forlikskommisjonen. Tidlegare har me sett at dei offentlege sakene stort sett var stabile i mengd.¹⁸⁴

Av dei sivile søksmåla vil analysen først og fremst dreie seg om kvinnene som saksøkjarar. Tingbøkene og forliksprotokollane gjev ofte eit mangearta bilet av kjønnsrollemönsteret i det gamle samfunnet, både gjennom sakene som blir bretta ut, og ved sjølve måten rettsapparatet fungerte på. Av plassomsyn vil eg i det følgjande likevel konsentrere meg om kvinnene i offensive roller, fordi det er aktørane sin aktive bruk av rettsstellet eg er mest oppteken av å få fram i denne oppgåva.¹⁸⁵

Dei formelle rammene

For min periode er det Christian V si Norske Lov som legg rammene for kvar enkelt si deltaking på tinget. Medan alder sette grensene for ein mann sine rettar, var sivilstand avgjerande for kvinnas handleevne.¹⁸⁶

Ein mann var mindreårig fram til fylte 25 år. For kvinnene var det derimot enkjestatusen som løfta ho opp frå sine medsystrer. Døydde mannen kunne ho kome i posisjon som familien sitt overhovud, noko som ikkje var ein uvesentleg detalj. Fordi familien i det Vest-Europeiske hushaldet gjerne var bunde saman til eit levebrød vart enkjene ofte ansvarlege for ei økonomisk eining. Mange kvinner blei difor involvert i eigedomssaker: ”Lovgivningen ga hovedpersonen i husholdet, enten det var husbond eller enke, ansvar og myndighet over familiens eiendom.”¹⁸⁷ Kan ein finne att det same mønsteret, med enkjer som saksøkjer på vegne av eit hushald, også i Luster, og fekk innføringa av forlikskommisjonen noko innverknad på dette området?¹⁸⁸

Enkjer hadde rettsleg kompetanse på linje med menn.¹⁸⁹ Formelt stod likevel dei to kjønna ulikt.¹⁹⁰ Men sjølv gifte og ugifte kvinner var ikkje avskorne frå å ha innverknad på

¹⁸⁴ Når det galdt offentlege stemningar på tinget i Luster i perioden 1783-1810 var kvinner futen sin motpart i 56 av 112 saker. At dei utgjorde nær helvta av delinkventane skuldast for det meste dei mange leiermålsakene.

¹⁸⁵ Anton 1999: 23 skil mellom kvinner i offensive, defensive og andre roller på tinget. Med offensive roller meiner ho det same som saksøkjar (citant). I defensive roller må dei forsøre seg mot skuldingar. Med andre roller er meint vitne. I Luster var kvinner vitne i 242 (20 %) av 1198 tingsaker for perioden 1783-1810 (Både offentlege og private saker).

¹⁸⁶ Heilt korrekt er ikkje dette. I tillegg førte tap av ære til visse restriksjonar på den rettslege handleevna. Sjå Steinar Imsen: ”Æresløshet” I: NHL 1999: 486.

¹⁸⁷ Sandvik 2002: 38.

¹⁸⁸ Her minner òg dei mange husmannsfamiliane i Luster oss om at ansvar for familien sin eigedom ikkje var synonymt med kontroll over eit gardsbruk.

¹⁸⁹ Sogner 2000b: 169.

¹⁹⁰ Nørregaard 1784: 84.

rettssakene i tidleg moderne tid. Det er viktig å hugse på at tinget var ope for alle. Kvinnene hadde som menn høve til å vitne. På same vis kunne dei øve innverknad når allmugen vart spurd til råds i saker.

Kvinner i offensive roller

Kva som er meint med kvinneleg saksøkjar er ikkje alltid like klart. Spekteret kunne vere breitt med omsyn til kor synleg kvinnene stod fram på tinget og i forlikskommisjonen.

Somme enkjer førte saka si heilt på eiga hand. I den andre enden finn me kvinner som let lagverjen ta over heile prosessen. Ved nokre få høve var det difor vanskeleg å avgjere kven som skulle tildelast citantrolla. Men som regel gjekk det greitt fram både av forliksprotokollen og tingboka kven som stod bak ei stemning. Ei god hjelp var også registeret i tingbøkene som lista opp kvar einskild sak med namn på saksøkjar og sakvoldar.

Tabell 6.1: *Kvinnelege citantar/sakvoldarar på ting og i forlikskommisjon i Luster 1783-1810, reelle tal og prosent av sivile saker.*

Rettsinstans	Saker med kvinner involvert	Kvinneleg saksøkjar	Innkлага kvinner	Alle private saker
Tinget 1783-1796	37 (20 %)	22 (12 %)	15 (8 %)	181 (100 %)
Tinget 1797-1810	16 (12 %)	6 (4 %)	11 (8 %)	135 (100 %)
<i>Tinget 1783-1810</i>	<i>53 (17 %)</i>	<i>28 (9 %)</i>	<i>26 (8 %)</i>	<i>316 (100 %)</i>
Forlikskommisjonen 1797-1810	160 (18 %)	89 (10 %)	84 (9 %)	905 (100 %)

Kjelde: Database Luster.

Tabell 6.1 syner talet på prosessar. For både saker med kvinneleg stemnar og innklaga gjeld det at det ikkje alltid var eit ein til ein forhold mellom søksmål og aktør. At registreringa er gjort på saksnivå fører til at somme av prosessane har fleire kvinner involvert. Like eins er nokre av sakene ”tokjønna”, der fleire menn og kvinner er deltakande som citantar og sakvoldarar.¹⁹¹

Kolonnen over innklaga kvinner er ført opp som ein kontrollvariabel. Me ser at dei prosentvise tala her heldt seg stabile både over tid og mellom institusjonane. Men i høve til forholdstalet mellom kvinnelege citantar og saksøkte skjer det endringar. På tinget i den fyrste perioden er det fire prosentpoeng som skil dei, medan det i kommisjonen mest har jamna seg

¹⁹¹ I dei fleste sakene er det likevel ei kvinne som står bak stemninga, noko som utgjer 101 av 117 saker på tinget og i forlikskommisjonen der kvinner var involvert. Dei resterande søksmåla består av fleire kvinner, eller kvinne og mann. I alt var det 122 kvinnelege citantar på tinget og i kommisjonen.

ut. I dette kapittelet vil reforma i 1797 bli vurdert ut frå kvinnene i offensive roller. Men det er samstundes viktig å ta med seg at innføringa av forlikskommisjonen også førte til eit større press mot kvinnene i Luster, ved at det etter 1797 var om lag like mange som blei saksøkt som saksøkte.

Kan ein så ut frå tabell 6.1 seie noko generelt om kvinnene si deltaking i rettsstellet i Luster? Ein komparasjon mot andre tinglag er vanskeleg. Undersøkingane på dette området er få, dessutan har fleire av dei hatt fokus på 1600-talet.¹⁹² Eit unntak er Hilde Sandvik, som har gjort ein studie av kvinner si deltaking på tinget i Jæren og Dalane for åra 1750, 1770 og 1790. Ho fann at dei klaga inn totalt 17 saker av ei sivil saksmengd på 328.¹⁹³ Det skulle med andre ord bety at fem prosent av søksmåla hadde kvinnelege citantar, noko som er vesentleg lågare enn for Luster fram til 1797. Dessutan er Sandvik sin definisjon av "sak" noko breiare enn min. Også det står opp under at kvinnene i Luster var aktive tingbrukarar fram til 1797.¹⁹⁴

Tabell 6.1 syner at talet på kvinnelege saksøkjarar er i oppbrot, både over tid og mellom dei to institusjonane. Det er ein svært markert nedgang i talet på citantar på tinget frå den fyrste 14-års bolken til den andre. I høve til forlikskommisjonen kan det derimot argumenterast både for ein auke og ein reduksjon. Dei reelle tala syner ein vekst på over 300 % frå søksmåla på tinget i åra 1783-1796 til saksmengda i forlikskommisjonen i den neste 14-års perioden. Men samanliknar ein alle saker på tinget mot kommisjonen, fell den prosentvise representasjonen med kvinnelege citantar frå 12 til 10. Mönsteret i Luster går på tvers av dei oppdagingane Hilde Sandvik gjorde for Rogaland. Ho fann rett nok at: "Enklere rettergang førte ikke til større deltaking fra kvinner relativt sett."¹⁹⁵ Det galdt kvinner i både offensive og defensive roller. Men vidare sluttar ho at: "Mens kvinner kom for tinget i hovedsak som saksøkt, kom kvinner til forlikskommisjonen i hovedsak som saksøker."¹⁹⁶ For Luster går altså trenden motsett veg. Men ein skal ikkje stire seg blind på denne nedgangen. Reduksjonen er heller beskjeden, og det er ikkje utenkjeleg at han kan ha samband med det relativt skrinne saksgrunnlaget på tinget. Motsett gjev truleg resultatet frå forlikskommisjonen eit meir

¹⁹² Antun 1999; Jorunn Bækken: Kvinner på tinget i Solør og Østerdal 1638 og 1649-50, hovudoppgåve i historie Oslo 2000.

¹⁹³ Sandvik 2002: 91, 93.

¹⁹⁴ Sandvik 2002: 73 ff. Sandvik reknar også med saker der konene representerte husbonden eller sónene sine, og tinglysingar der kvinner er nemnt som kontrahent. Den omfattande saksdefinisjonen hennar betyr truleg at kvinnene i Rogaland får kreditert større engasjement enn om undersøkingspremissane våre hadde vore like. På den andre sida er utgangspunktet for denne granskingsa kvinnene sin saksdel ut frå den totale saksmassen. Om ein derimot hadde rekna prosessar pr. kvinne, kunne biletet ha blitt eit anna. Desse tala manglar frå Rogaland, difor har eg valt å sjå bort frå dei som eit mål for kvinnene si deltaking i rettsstellet.

¹⁹⁵ Sandvik 2002: 95.

¹⁹⁶ Sandvik 2002: 96.

røynleg bilete av kvinnene si deltaking i offensive roller. Hovudkonklusjonen så langt bør difor bli konsentrert om den formidable auken i kvinneleg deltaking i rettsstellet i Luster: Innføringa av forlikskommisjonen førte til langt større engasjement frå kvinnene si side på dette området.

Kva så med nedgangen på bygdetingen? Reduksjonen frå den fyrste perioden til den andre var såpass tydeleg at det ikkje kan vere tale om utelukkande tilfeldige faktorar. Generelt gjekk talet på private tingsaker ned med ein fjerdepart etter 1797. For prosessane med kvinnelege citantar var derimot reduksjonen på over 70 %.

Til ein viss grad må me trekkje inn tingsvitna for å forklare denne trenden. I kapittel fire vart det peika på at vitneopptaka skapte ugreie i forhold til det å sjå presset på tinget ut frå tingsakene aleine. På same vis blir det skeivt å vurdere kvinnene sin representasjon på tinget berre i ljós av tingprosessane. Av dei 63 tingsvitna som er registrert for åra 1797-1810 var kvinner citant i 11 (17 %). Slår me saman vitneopptaka og rettssakene aukar kvinnedelen i offensive roller på tinget i den andre perioden frå fire til ni prosent. Den tilsynelatande dramatiske nedgangen i tabell 6.1 blir med det nedjustert til ein meir moderat reduksjon på tre prosentpoeng.

I noko mon skifta likevel kvinnene i Luster arena, bort frå underretten og inn i kommisjonen. Ein indikator som måler denne trenden er kor mange av sakene med kvinnelege stemnarar i forlikskommisjonen som hamna på tinget. Berre sju prosent av søksmåla med kvinneleg citant enda som ein prosess ved underretten. For sakene i kommisjonen som heilskap var det same talet 14 %. Det skulle enten vere ein klar indikasjon om at kvinnene var meir reserverte med å bringe sakene sine til tinget, eller at dei i større grad fekk forlikt tvistane dei førte i kommisjonen.

Avgjerd i saker der kvinner og menn var citantar

Nedgangen i talet på tingsaker leier oss inn på spørsmålet om kvinnene løyste konfliktane dei kom opp i på ein annan måte enn mennene. Kan ein forklare denne nedgangen ved at det var forskjellar mellom menn og kvinner når det galdt å avslutte tvistar? Tabell 6.2 viser korleis sakene med kvinnelege stemnarar enda på tinget og i forlikskommisjonen. For tinget i perioden 1797-1810 er saksmengda så tynn (seks saker) at talmaterialet herifrå har blitt utelete.

Tabell 6.2: Avgjerder i prosessar på tinget og i forlikskommisjonen i Luster der kvinner var saksøkjarar, absolutte tal og prosent.¹⁹⁷

Avgjerd	Saker på tinget 1783-1796 og forlikskommisjonen 1797-1810 der kvinner var citantar	Saker på tinget 1783-1796 og forlikskommisjonen 1797-1810 der menn var citantar
<i>Tinget</i>		
Uavslutta	13 (57 %)	69 (47 %)
Forlik/fråfalt	5 (26 %)	43 (27 %)
Dømt	4 (17 %)	20 (13 %)
Sum	22 (100 %)	159 (100 %)
<i>Forlikskommisjonen</i>		
Tilvist	43 (48 %)	422 (52 %)
Forlik	30 (34 %)	182 (22 %)
Utsett	14 (16 %)	154 (19 %)
Anna	2 (2 %)	58 (7 %)
Sum	89 (100 %)	816 (100 %)

Kjelde: Database Luster

Som me var inne på kunne den relativt sett mindre delen med kvinnelege saksøkjarar som hamna på tinget peike i retning av at kvinnene enten ikkje ville evna å føre sakene sine til underretten. Ut frå tabell 6.2 kan det synast som om dei ikkje hadde like stort behov for å ta sakene til domstolen. Me ser at talet med forlike saker viser 34 %, mot 22 % for resten av kommisjonen. Det hellar mot at forlikskommisjonen for kvinnene fungerte som eit meir dugande avsilingsorgan enn det gjorde for mennene.

Men det avgjerande var kor mange saker som blei tilvist. Det var dei som danna grunnlag for prosessane på tinget. I så måte skilde ikkje tvistane med kvinnelege citantar seg merkbart ut. Bortsett frå gruppa med forlike saker i kommisjonen ser det difor ut til at både kjønna løyste konfliktane sine på om lag same vis.¹⁹⁸ Sjølvé måten sakene blei avgjort på kan difor ikkje gje noko viktig bidrag til å forstå reduksjonen av tingsaker med kvinnelege citantar etter 1797.¹⁹⁹

¹⁹⁷ For kategoriane ”avvist/tilvist” og ”frifunnen” fanst det ingen saker med kvinnelege saksøkjarar på tinget før 1797. Desse er difor ikkje med i tabell 6.2.

¹⁹⁸ Også dei uavslutta sakene på tinget avvik ein del, utan at det er råd å peike på ein god grunn til dette.

¹⁹⁹ Mykje av det same mønsteret kjem fram om ein ser på innklaga kvinner i forlikskommisjonen, med dei forlike sakene noko høgare enn det generelle mønsteret. I desse sakene blei 52 % tilvist, 30 % forlik, 13 % utsett og fem prosent hamna i kategorien ”anna”.

Det syner at kvinnene i større grad enn mennene i Luster såg seg nøgde med bruken av kommisjonen, utan å dra inn domstolen i bygda. Den utanomrettslege konfliktløysinga spela såleis ei større rolle hjå kvinnene.²⁰⁰ Prosenten med tilviste saker i kommisjonen var om lag den same for både menn og kvinner, men etter ei mislukka mekling i forlikskommisjonen var det større sjansar for at saka ville ende som ein prosess hjå sorenskrivaren om citanten var ein mann, enn om vedkomande var kvinne.

Gjengangarar i rettsstellet

Jon Laberg fortel i si bygdebok frå Luster om ei reise Britha Aamundsdotter Ottum skal ha gjort til kongen i København: ”Vakti vilde ikkje sleppa henne inn, men ho braut seg igjenom og naadde endeleg fram til kongen, som daa ikkje var vidare blid. Daa sa ho Brita: ’Eg trefte smaadævlane utfor døri, og no hev eg funne satan sjølv!’”²⁰¹

Brukt som forteljing har vel ikkje denne soga så stort verde, men ho vitnar om ei kvinne som var stridshuga og ikkje redd for å tale folk imot. Dette inntrykket vert stadfest av materialet eg sjølv har gått igjennom. I 1797 førte ho med stor iver og innleving ein prosess mot presteenka Daae og leiglendingen hennar om retten til å drive gardsbruket mannen til Britha hadde bygsla før han døydde, over 30 år tidlegare. Ved handsaminga av saka på Ottum vart ho av dommaren beden om å hente attesten frå forlikskommisjonen:

Gik atter ud og kom ind med Attesten slængede den paa Protocollen og med
banden af Pinedød talede om dem som havde opirret hende [...] under dette
at tilføre forholdt Brithe sig meget snaksom, talede om Skiælmstykker,
bandede ofte og dommerens advarsler om atære Retten og give ham Roe til
Sagens Behandling var forgiæves. Sandheden heraf bevidnede Laugretten,
men Brithe blev værre og talede om at Man stak Kongens Lov under Bord for
hende [...] Citantinden Brithe sagde om Sagen er ulovlig behandlet, saa
paastaaer hun den dog fremmet efter sin stevning, da hun er en fattig Enke og
har ikke Raad at koste Stevning paa nye og paa den anden Side ikke kand taale
een Skiælm sidde med hendes Gaard. Elias Sørum mødte og sagde her er mange
aar siden han frasagde sig Laugvergeskabet for Citantinden og han vil langt fra
ikke have med dette Væsen at bestille [...] Brithe Ottum rejste sig op for Retten

²⁰⁰ Bakgrunnen for dette er det derimot vanskeleg å fastslå nærmere. Det var mange variablar som spela inn på konfliktløysingsprosessen (sjå s. 113). Det treng ikkje bety at kvinnene ved alle høve såg seg tilfreds ved berre å bruke kommisjonen. Det kan også tenkjast at t.d. det økonomiske tvang dei til ikkje å føre sakene sine til domstolen.

²⁰¹ Laberg 1926: 345.

med Skrig Allarm som et rasende Menneske og sagde Selv hun ønskede ondt
over Mad: Daae. Laugretten bevidnede atter Sandheder heraf²⁰²

Britha Ottum var ein trugen gjest i både forliksprotokollen og tingbøkene. Ho var uvanleg på fleire vis, men først og fremst stod ho fram som eit overbevisande prov på at ikkje alle kvinner møtte fåmælte og med bøygd hovud på tinget. Det interessante i denne samanhengen er i kva grad Britha og hennar likesinna dominerte kvinnedelen i rettsstellet. Tabell 6.1 synte kvinnene si deltaking på tinget og i forlikskommisjonen. Det kom derimot ikkje fram kven som løynde seg bak desse tala. Avgrensa deltakinga seg til sterke og frimodige damer som Britha? Førte forlikskommisjonen til at eit breiare spekter av kvinner kom fram med stemningar?

Tabell 6.3 syner ”unike kvinner” med talet på prosessar i parentes. Den vakne lesar vil sjå at summen ikkje samsvarar med dei adderte sifra ovanfor. Talet 63 viser til alle forskjellige kvinner som stemna saker anten på tinget eller i forlikskommisjonen, med andre ord alle kvinner som i ei eller fleire saker førte fram søksmål i dei to institusjonane i perioden 1783-1810. Nokre av dei opptrer på tvers av institusjonane, noko som dreg sluttsummen ned ein del.

Det viser seg at det var størst variasjon i den andre 14-års bolken på tinget, med maksimal spreiing mellom talet på saker og unike aktørar. I perioden før finn me derimot att nokre av dei same kvinnene i fleire saker. Når me så tek skrittet over i forlikskommisjonen ser me at talet på ulike representantar ikkje heldt tritt med auken i saksmengd. Britha Ottum er eit av dei klaraste bevisa på at sakene med kvinnelege citantar i forlikskommisjonen fekk ein tendens til å hope seg opp i eit relativt sett mindre spekter av aktørar. Britha fremja aleine åtte stemningar i kommisjonen. Dei sju mest aktive damene stod bak heile 43 % av dei 89 sakene der kvinner var involvert som saksøkjarar.

To i utgangspunktet motsette trendar let seg lese ut av tabell 6.3. Alt i alt førte den generelle saksauken ved reforma i 1797 til at fleire einskilde kvinner tok i bruk det juridiske rommet. Men når det kan argumenterast for at spekteret likevel blei snevra inn etter 1797, er det fordi forlikskommisjonen i større grad enn tinget blei besøkt av dei same aktørane. Det er viktig å skyte inn at dette ikkje var eit unikt trekk ved kvinnene si deltaking i rettsstellet. For mennene sine del stod t.d. dei to mest aktive personane for om lag 10 % av sakene på tinget og i forlikskommisjonen.²⁰³

²⁰² TBIS 47: 127A.

²⁰³ Sjå fotnote s. 86.

Tabell 6.3: *Variasjonar i kvinnernas deltagande på tinget og i forlikskommisjonen i Luster 1783-1810.*

Institusjon	Kvinnedeltaking (tal på saker)-saker pr. kvinne
Tinget 1783-1796	16 (23) – 1,43
Tinget 1797-1810	6 (6) - 1
Forlikskommisjonen 1797-1810	50 (89) - 1,78
Sum einskilde kvinner i begge institusjonar	63 (118)

Kjelde: Database Luster.

Ei vidareføring av tendensane ovanfor kan gjerast ved å trekke inn sivilstanden til dei kvinnelige saksøkjarane.²⁰⁴ Dette er meint klargjort med tabell 6.4, som deler inn aktørane i fire grupper, ut frå om dei var enkjer, gifte, ugifte eller ”anna”. Den siste kategorien viser til personar som det var vanskeleg å finne den eksakte sivilstanden til. Her har eg også lagt inn dei kvinnene som var skilde. Inndelinga er gjort på saksnivå. Nokre få av prosessane innehold difor fleire kvinner, men i desse tilfella hadde saksøkjarane same sivilstand.

Tabell 6.4: *Kvinnelege saksøkjarar på tinget og i forlikskommisjonen i Luster 1783-1810 ut frå sivilstand, absolutte tal og prosent.*

	Tinget 1783-1796	Tinget 1797-1810	Forlikskommisjonen 1797-1810
Enkjer	11 (50 %)	3 (50 %)	54 (61 %)
Gifte	4 (19 %)	1 (17 %)	13 (14 %)
Ugifte	5 (23 %)	1 (17 %)	17 (19 %)
Anna	2 (9 %)	1 (17 %)	5 (6 %)
Sum	22 (100 %)	6 (101 %)	89 (100 %)

Kjelde: Database Luster.

Tabellen syner at enkjene festa grepet om bruken av rettsstellet. Dominansen deira i Luster ser ut til å fylge eit mønster som er kjent også frå andre stader i landet.²⁰⁵

Frå ei side kan ein argumentere for at enkjene styrka si stilling på kostnad av alle dei andre kvinnegruppene. Prosentvis voks dominansen deira frå 50 % ved underretten til 61 % i

²⁰⁴ Eit heilt lite problemfelt i seg sjølv er korleis ein plasserer sivilstanden til kvinnene ut frå kjeldematerialet. Det er eit fåtal av sakene der dette kjem fram. Det var som regel enkjestatusen det då blei opplyst om. Desse vanskane er likevel mindre i mi oppgåve, ettersom eg har klart å oppspore dei fleste kvinnene i bygdebøkene, og såleis greitt har kunna fastslå om dei var gifte eller ikkje. For dei andre tilfellene har eg lete meg inspirere av Sandvik 2002: 75 ff. Likevel bør det leggjast til at det hefter eit visst usikermoment ved inndelinga, men tala skulle vise meir enn ein tendens.

²⁰⁵ Antun 1999: 67; Sandvik 2002: 82. Sandvik sin definisjon av ”sak” er som nemnt breiare enn min, men enkjene ser ut til å vere i fleirtal som saksøkjarar.

forlikskommisjonen. Men som ein hovudtendens er det likevel meir nærliggjande å peike på ein auke for alle grupper, og at enkjene hadde ein endå sterkare vekstrate frå tinget til kommisjonen enn sine medsystrer.

Ein annan måte å synleggjere utviklinga på er å stille sakene opp i motsetnadspar. Det er gjort i tabell 6.5. Kollektiv er brukt om fleire kvinner, eller kvinner som stemner saker ilag med menn.

Tabell 6.5: *Motsetnadspar på tinget og i forlikskommisjonen i Luster 1783-1810 der kvinner er citantar, absolutte tal og prosent.*

Motsetnadspar	Tinget 1783-1796	Tinget 1797-1810	Forlikskommisjonen
Kvinne - mann	19 (86 %)	4 (67 %)	59 (66 %)
Kvinne – kvinne	0	0	7 (8 %)
Kvinne - kollektiv	1 (5 %)	2 (33 %)	10 (11 %)
Kollektiv-mann	1 (5 %)	0	6 (7 %)
Kollektiv-kvinne	0	0	0
Kollektiv-kollektiv	1 (5 %)	0	7 (8 %)
Alle	22 (101 %)	6 (100 %)	89 (100 %)

Kjelde: Database Luster.

Dei to nemnde endringane kjem attende i konstellasjonane kvinne - kvinne og kollektiv-kollektiv. Det første motsetnadsparet hyser stort sett æressaker, som ofte blei stemna av ugifte og gifte kvinner mot medsystrer av same sivile status. Kvinner førte aldri fram søksmål mot andre kvinner på tinget i Luster for den perioden eg har gått igjennom.²⁰⁶ Like eins speglar neste kombinasjon enkjer som blei citantar i tvistar mellom oppsitjarane frå to eller fleire gardar. Ser ein på kjønnsrollemönsteret i Noreg for 200 år sidan, med mannsdominansen i rettsstellet, er det vel rimeleg å tru at kvinnene i desse sakene var passive saksøkjarar, medan dei andre manlege gardbrukarane gjorde opp striden seg imellom.²⁰⁷

Det at sakene til ein viss grad var dominert av få kvinner kan også gje eit bidrag til å forstå dei endringane som kom fram i tabell 6.1. I åra 1783-1796 var det to-tre særleg aktive kvinner på tinget. Presteenkja som me vart kjent med ovanfor var ei av dei, med totalt fire ulike stemningar. Om ho hadde nøya seg med å føre berre ei sak for underretten denne

²⁰⁶ Dette er ikkje heilt korrekt. Som me såg ovanfor førte Britha Ottum ei sak mot presteenkja Daae, men denne prosessen er plassert i kvinne-kollektiv feltet fordi leiglendingen også var stemna.

²⁰⁷ Skjønt, eksemplet med den myndige Britha Ottum manar vel til varsemd med å slå fast at enkjene berre var med som nissen på lasset i desse sakene.

perioden ville delen med kvinnesaker gå ned frå 12 til 10 prosent, altså det same som for kommisjonen.

Overgangen frå tinget til kommisjonen førte såleis til ein auke i talet på alle typar kvinnelege citantar. Men etter 1797 skjedde det også ei forandring i samansetjinga av den kvinnelege citantgruppa. Det er eit framtredande trekk at nokre av dei same enkjene gong på gong vende attende til forlikskommisjonen med søksmål. Eit naturleg spørsmål å fylgje opp med her er årsakene til dette mønsteret. Tidlegare i kapittelet blei det peika på at det kanskje var enkjene i eigenskap som overhovud for eit hushald som dominerte på tinget og i forlikskommisjonen. For å kome tettare inn på dette problemet må ein få nærmere avklara kva type saker kvinnene stemna inn.

Sakstypar kvinnene stemna

Tabell 6.6 viser søksmål med kvinnelege citantar fordelt på sakstypar. Sakene frå tinget i perioden 1797-1810 er også her fjerna grunna små tal.

Tabell 6.6: *Saker på tinget og i forlikskommisjonen i Luster med kvinneleg citant, fordelt på sakskategoriar, absolutte tal og prosent.*

Sakstype	Tinget 1783-1796	Forlikskommisjonen 1797-1810
<i>Økonomi og eigedom</i>		
Arv/skifte	4 (18 %)	0
Eigedom	1 (5 %)	9 (10 %)
Gjeld	4 (18 %)	17 (19 %)
Landskyld	2 (9 %)	6 (7 %)
Kår	4 (18 %)	12 (13 %)
Skoghogst		3 (3 %)
<i>Vald/ran/ære</i>		
Ran		6 (7 %)
Vald	1 (5 %)	6 (7 %)
Ære	1 (5 %)	11 (13 %)
<i>Ymse</i>		
Familie/ekteskap	2 (9 %)	3 (3 %)
Tenesteforhold	1 (5 %)	6 (7 %)
Anna	2 (9 %)	10 (11 %)
Sum	22 (101 %)	89 (99 %)

Kjelde: Database Luster.

I somme saker kunne det vere vrient å vurdere om kvenna representerte hushaldet eller berre seg sjølv. Det galdt t.d. i nokre gjeldssaker.²⁰⁸ I tabellen nedanfor er slike tvistar spreidde utover dei ulike kategoriane. Den einaste som peiker seg ut som ein ”sikker” hushaldskategori er eigedomssakene, der oppsitjarane frå ulike gardar braka i hop, som regel i samband med grensetvistar.

Utviklinga i retning av fleire eigedomstvistar kan sjå ut til å byggje opp under trenden som kom fram ovanfor om den sterke auken med enkjer i citantrolla. Men søksmål der kvenna står i spissen for eit hushald er det likevel få av, i alle høve på tinget, der det kan ha vore tale om fire-fem saker i alt for både periodar. Det auka nok ein del over i forlikskommisjonen som fylgje av veksten i eigedomstvistane. Men totalt var det neppe meir enn om lag 20 saker i kommisjonen der enkjene opptrer som ansvarshavande for eit hushald.

Det er difor uråd å knyte kvennas deltaking i rettsstellet i Luster for tett opp mot ei rolle som hushaldsoverhovud. Dei mange sakene om ran, tenesteforhold og vald viser at mange kvenner hadde meir personlege grunnar for å søkje til tinget og forlikskommisjonen, utover det å hevde eit hushald sine interesser.

Avrunding

Undersøkinga har vist eit tvetydig resultat i forhold til om den kvennelege deltakinga auka eller minka. I reine tal var det ein formidabel vekst, men voksteren heldt ikkje tritt med den samla saksoppgangen. Prosentvis var det difor færre kvenner som stemna saker i forlikskommisjonen enn på tinget i 14-års bolken før. Men nedgangen var ikkje dramatisk. Dessutan er saksgrunnlaget for tinget såpass skralt at andre moment kan ha drege talet opp. For kommisjonen sin del ligg det så mange saker i botn at resultatet er mindre utsett for tilfeldige variablar. Det overordna perspektivet bør difor bli retta inn mot den store auken i kvenneleg deltaking i rettsstellet. På den måten må sitatet som innleia kapittelet sannast. I tillegg tok dei i mindre grad enn mennene dei tilviste sakene sine til underretten. Forlikskommisjonen viste seg difor å bli den av dei offentlege arenaene kvennene i Luster helst brukte ved konfliktløysing, både prosentvis og ut frå absolutte tal.

Denne endringa manifesterer seg ikkje berre kvantitativt, men også i måten kvennene opptredde på i rettsstellet. På tinget var 82 % av dei representerte med verjer. I forlikskommisjonen sank talet til 53 %. Det har nok til ein viss grad samanheng med at fleire

²⁰⁸ Jf. Andersson 1998: 269.

enkjer engasjerte seg i kommisjonen. Men det forklarar ikkje alt. Ut frå forliksprotokollen ser det også ut til at fleire koner og ugifte førte sakene sine på eiga hand.²⁰⁹ Det at ein større del av dei står fram med sjølvstendige klagemål kan tyde på at kommisjonen blei oppfatta som ein meir uformell arena med andre reglar for korleis ein kunne opptre.

Kapittelet har også vist seg avklarande i forhold til kva kvinner som var aktive på tinget og i forlikskommisjonen. I overgangen frå underretten til kommisjonen har me sett at det kan argumenterast for ein reduksjon av mangfaldet, ved at talet på kvinner pr. sak minka. Til trass for dette vil eg også her hevde at konklusjonen må rettast inn mot å framheve ein større variasjonsrikdom, fordi den samla saksmassen voks så kraftig.

Eit av dei mest framtredande trekka ved dei kvinnelege citantane er dominansen til enkjene. Dei gjorde såpass mykje ut av seg at det kan synast vanskeleg å oppretthalde ”kvinne” som analyseomgrep.²¹⁰ På den andre sida hadde ikkje aktiviteten deira ved underretten stor samanheng med hushaldsstatus. For kommisjonen sin del er biletet noko annleis. Tala derifrå kan peike mot, om enn svakt, at det er kunstig å setje eit skilje mellom kjønna og at det kan hende ikkje fyrst og fremst var dikotomien mann - kvinne som avgjorde deltakinga i rettsstellet. Alt i alt vil det likevel for Luster sin del gå for langt å slutte seg til oppsummeringa åt Monica Antun, som etter å ha studert kvinnene på tinget i Nordhordland konkluderer med at: ”Kanskje særlig enkene viser oss at kjønn er ein underordna faktor i høve til eins stilling på tinget, mens posisjonen i hushaldet spelar ei viktigare rolle.”²¹¹

Men eit meir avklarande forhold til dette problemet får me etter å ha sett på kva sosiale grupper som nytta seg av rettsstellet i Luster. Om det skulle vise seg at tinget og forlikskommisjonen var ein boltre plass for bønder og leiglendingar, så kan det stø opp under at hushaldsoverhovud for eit gardsbruk var ein viktig faktor i bruken av rettsapparatet. Dette problemet skal me sjå nærare på i neste kapittel.

²⁰⁹ Faktisk var det fleire gifte kvinner som førte sakene sine sjølve enn som let ein verje opptre for dei. For enkjene sin del var 35 av 54 representerte med ein talmann. Dei problema Britha Ottum hadde med å skaffe seg verje ser difor ut til å ha vore unntak.

²¹⁰ Andersson 1998: 22.

²¹¹ Antun 1999: 110.

Kapittel VII: Sosiale grupper i rettsstellet

I kapittel tre blei det i eit kort oversyn vist korleis sentralmaktene i tidleg nytid vaks seg sterkare på kostnad av den relativt autonome bondekommunen, og måten dette slo ut på i rettsstellet. Eit uttrykk for omveltingane, i fylge den svenske historikaren Eva Österberg, var overgangen ”från ’restitutive justice’ och ’community law’ till ’punitive justice’ och ’state law’”.²¹² Samstundes er det openbart at ein god del av den rettslege makta framleis låg att hjå folket, på den måten at det i mykje var opp til innbyggjarane sjølve å stemne saker.²¹³

Parallelt med statsmaktene sin framvekst voks bondekommunane seg ut av si likevekt. Eit mellomaldersamfunn med eit visst preg av egalitet, og ein felles folkeleg kultur, skulle fram mot vår eiga tid bli stratifisert, og solidariteten mellom dei sosiale gruppene broten ned.²¹⁴ I denne samanhengen er utviklinga interessant i forhold til den tradisjonelle oppfatninga om kriminalitet- og konfliktløysing i dei gamle bondesamfunna, der forliket ofte har blitt sett på som lokalmiljøet sitt ynskje om å reintegrere sakvoldaren i fellesskapet.²¹⁵ Skipla den sosiale utviklinga måten folk løyste sine konfliktar på og kven som brukte rettsstellet?

Også Noreg kan framvise mange av dei same trekka, om enn noko forseinka og formilda i forhold til kontinentet. Avstanden mellom det lægste sjiktet i samfunnet og dei kondisjonerte var truleg mindre enn i mange andre land. Men seinast frå 1750 var det klart for styresmaktene at det var i ferd med å vekse fram ein jordlaus underklasse i landet som hadde dårlegare vilkår enn dei andre gardbrukarane.²¹⁶ For Luster har me sett at bygda alt på 1700-talet tok eit sjumilssteg bort frå eit samfunn beståande av stort sett likestilte bønder og leiglendingar. I 1801 var såleis husmennene klart i fleirtal i bygda. Korleis speglar rettsstellet dette omskapte samfunnet? Kva konsekvensar fekk det for dei ulike samfunnsgruppene at det vart innført ein ny rettsinstans i bygda? Førte det til at fattigfolk fekk eit billegare konfliktverkty og såleis oppnådde auka rettstryggleik?

I denne oppgåva har det blitt argumentert for at forliket var ein grunnstein i mykje av konfliktløysinga i Noreg, også lenge etter at kongen festa grepet både på rettsområdet og i samfunnet elles. Korleis dette arta seg i praksis er vist ved den sentrale rolla forliket hadde i

²¹² Österberg 1994: 26.

²¹³ Sharpe 1999: 10.

²¹⁴ Sharpe 1999: 105; Aalto 2000: 224.

²¹⁵ Österberg 2000b: 17.

²¹⁶ Dei fyrste forordningane om husmannsstellet kom i 1750 og 1752.

Luster. På kva måte konfliktløysinga slo ut i forhold til sosiale grupper kom derimot ikkje fram. Å vurdere relasjonane mellom samfunnslaga, slik det openberra seg i rettsdokumenta, blir ei av målsetjingane med dette kapittelet. Men hovudvekta nedanfor vil bli lagt på kva tingbøkene og forliksprotokollane fortel oss om kven som brukte rettsstellet i eit samfunnet som var langt på veg i ein sosial kløyvingsprosess. Analysen vil difor i hovudsak dreie seg om kven som stemna saker, og ein freistnad på å forklare det mønsteret som kjem til syne. Også sjølve forliket vil bli trekt fram og problematisert.

Samfunnsgrupper i Luster

Av aktørane i rettsstellet har eg freista å kartleggje citantane og dei saksøkte så fullstendig som mogeleg. Dei vil i det fylgjande bli delt inn i fem grupper; kondisjonerte, bønder, husmenn, uklart og ukjent.²¹⁷ Dei tre fyrste har sosial status som inndelingskriterium. I tillegg fann eg det naudsynt å operere med to restkategoriar.

Det hefter sjølv sagt mange problem ved ei slik inndeling. Kravet om presisjon står opp mot ynskje om forenkling. For få kategoriar ville fort tilsløre viktige nyansar, medan ein overflod av grupper kunne føre til mykje ekstra arbeid og gjere tabelloversikter rotete og uoversiktlege.

Kondisjonerte er inspirert av Per Assev si inndeling av samfunnsklassane i Luster. Til gruppa av rangspersonar reknar han sivile og militære embetsmenn, ein del byborgarar som dreiv handel i tillegg til nokre proprietære.²¹⁸ Dei same kriteria ligg til grunn for mi eiga inndeling. Men i det praktiske arbeidet kom problema fort til syne. Særleg to personar viste seg vanskeleg å få passert. Det kan synast underleg å fokusere på individnivå i ei så stor saksmengd som ligg til grunn for denne oppgåva. Men dei to aktørane gjorde såpass mykje ut av seg at det ville få store utslag kva gruppe eg la dei i.²¹⁹ Dei opererte dels som gjestgevarar/landhandlarar og dels som bønder. At eg til slutt plasserte dei i bondeflokken grunna seg i kva type søksmål dei kom til tinget og forlikskommisjonen med. Mesteparten av

²¹⁷ Tradisjonelt har ein rekna stand som ei nemning på grupper i eit samfunn prega av vertikale band mellom innbyggjarane, medan klasse er eit omgrep nytt på eit samfunn der dei horisontale banda er sterkest. I denne oppgåva vil ein slik bruk av omgrepa bli neglisjert.

²¹⁸ Assev 1991: 60.

²¹⁹ Dei to var Henrik Andersson Nitter og Tøger Hansen Døsen. Til saman stod dei bak 132 søksmål på tinget og i forlikskommisjonen, noko som skulle bli nær 10 % av den samla saksmengda i dei to institusjonane for åra 1783-1810. Det gav difor store utslag kva for gruppe eg valte å leggje dei i. Forholdet mellom bondeklassen og dei kondisjonerte kan med det stå fram som litt vilkårleg. No er det ikkje skiljet mellom dei kondisjonerte og bøndene som er mest avgjerande å få fram i denne oppgåva. Problemet hadde vore langt større om dei to hadde vaka i eit grenseland mellom husmenn og bønder.

sakene dei dreiv fram var tradisjonelle ”bondesaker”, som grensetvistar, ulovleg skoghogst osv.

Til bondeklassen reknar eg både sjølveigande bønder og leiglendingar. Eg fann det både kunstig og vanskeleg å definere eit skilje mellom den sjølveigande gardbrukaren og leiglendingen. Både hadde rettar og plikter som distanserte dei frå husmennene. I tillegg kunne eigedomsforholda vere temmeleg innfløkte. Mange leiglendingar åtte i varierande grad bruket dei sjølv dreiv. For resten av oppgåva vil difor ”bonde” bli brukt om begge typar gardbrukarar.

Husmennene er ein romsleg kategori som famnar plassfolk med og utan jord, strandsitjarar, innerstar og handverkarar. Fellesnemnaren som skilde dei frå bøndene var det eigedomslause, dvs. at dei verken eigde eller leigde matrikulert jord. Forskjellane innbyrdes kunne nok vere betydelege. Dei beste husmannsplassane var truleg ikkje stort ringare enn ein del av gardsbruka, medan dei uslaste husmennene nok levde nær eit eksistensminimum, og måtte ta til betlarstaven når det røynde på.

Med ”uklart” er meint personar som er funne i bygdebøkene, men som eg ikkje makta å få plassert i dei andre gruppene. Grunnen er at dei på det tidspunktet saka kjem opp ikkje har teke over ein gard/plass, som var den vanlegaste levevegen. Dei fleste er unge folk som ein må tru var i teneste, men det er også sannsynleg at nokre av dei dreiv med handel. Til denne flokken la eg også dei som i kjeldene eksplisitt kjem fram skal vere tenestefolk. Nokre få personar omtala som ”løsgjenger” er òg lagt i uklart-gruppa.

”Ukjent” er folk som eg ikkje har funne, verken i bygdebøker, folketeljingar eller andre kjelder. Kva kan ein så seie om desse menneska? For dei offentlege sakene var det flest jenter tiltala for leiermål. Tingbøkene gav ofte berre opplysningar om førenamnet og patronymikonet til kvinnene, noko som gjorde ei oppsporing svært problematisk. Det er truleg at mange av dei var tenestejenter som kom utanbygds ifrå. For dei private sakene er det eitt moment som bør presiserast. Ein del av dei ukjente aktørane var citantar som ikkje høyrde heime i Luster. På bakgrunn av kunnskapen om dei andre personane som kom utanbygds ifrå er brorparten mest sannsynleg bønder.

Den tradisjonelle livssyklusen barndom-teneste-gardbrukar/husmann-kår/legd viste seg å vere svært brysam. Det er tidlegare nemnt at kategorien ”uklart” truleg rommar flest i teneste. Ei slik inndeling viste seg mogeleg fordi Lars Øyane i sine bygdebøker som regel

kjem med presise opplysningar om kva tid ein person tek over ein plass/gardsbruk.²²⁰ Det er heller ikkje utenkjeleg at nokre personar som dreiv med handverk har kome med i denne kategorien. Når det gjeld alderdomen har eg valt å leggje ein tidlegare bonde ilag med dei andre bøndene, og på same vis blir ”pensjonerte” husmenn plassert med husmannsflokkene, anten dei hadde kår eller ikkje.

Forholdet husmenn - bønder

I kapittel to såg me at den typiske plassmannen i Luster best måtte karakteriserast som arbeidshusmann, sjølv om variasjonsbreidda og mangfaldet var stort. Tradisjonelt har arbeidshusmannen blitt oppfatta som meir underdanig og ufri enn bygselhusmannen.²²¹ Seinare litteratur har ikkje berre problematisert skiljet mellom desse to typane av plassfolk. Det har også blitt hevdat at husmannen kan hende var både friskare, friare og meir framtidsretta enn bonden, og at forholdet mellom dei ikkje nødvendigvis var prega av konfliktar.²²²

Kva veit ein så om stoda i Luster? Ut frå tingbøkene og forliksprotokollane er det lite som tyder på at det var eit høgt konfliktnivå mellom dei to gruppene. Som me skal sjå seinare, vitnar rettsprotokollane om at det frå tid til annan dukka opp tvistar mellom bønder og plassfolk, men ikkje påfallande mange når ein trekkjer inn alle husmann-bonde relasjonane som fanst i bygda.

Vitnebruken synest heller ikkje å degradere og ekskludere plassfolket. For dei 14 første åra freista eg å kartleggje den sosiale bakgrunnen til alle vitna på tinget. Det viste seg at 20 % av alle som stod fram med vitnemål var husmenn.²²³ Det er på ingen måte oppsiktsvekkjande at ein bonde fekk avhøyrt t.d. ei husmannskone som høyrd at naboen ærekrenka han. Meir interessant er bruken av husmenn som vitne i åstadsaker. Desse tvistane var ikkje like situasjonsbestemt som dei andre sørksemåla. At så mange plassfolk får uttale seg

²²⁰ Nokre grensesaker var det vanskeleg å kome unna. Det er i ein del tilfelle opplyst berre omrentleg kva tid ein person overtok eit bruk eller ein plass. Men bygdebøkene var ikkje det einaste haldepunktet. Også giftarmålsdato kunne nyttast som ein indikator, ettersom levebrød som regel var inngangsbilletten til ekteskap.

²²¹ Timberlid 1981: 12.

²²² Særleg Dyrvik 1990 rettar ein peikefinger mot dei tradisjonelle oppfatningane av husmannsstellet. Han fann t.d. at mortaliteten var lågare blant husmenn i Etne enn bøndene. Også Østrem 2000 meiner biletet av husmannen må nyanserast, fordi mangfaldet var så stort.

²²³ Av den sosiale statusen til dei 533 vitna på tinget for åra 1783-1796 var ein prosent kondisjonerte, 43 % bønder, 20 % husmenn, 15 % uklare og 21 % ukjente. Eg har ikkje gått like heilhjarta inn for å finne den sosiale bakgrunnen til vitna som for saksøkjarane og dei tiltalte. Difor er gruppa av ukjente relativt stor, noko som i størst grad har råka husmennene.

om eigedomstilhøve og gamle grensemerke kan ikkje tolkast annleis enn at det var lokalkunnskap, og ikkje sosial rang som var det avgjerande ved slike saker.²²⁴

Men andre forhold kan setje oss på sporet av skiljelinjer mellom gruppene. Per Assev gjorde fleire interessante funn i si hovudoppgåve om den demografiske utviklinga i Luster på 1700-talet. Han registrerte at den forventa levealderen til born av bønder var høgare enn for husmennene sine ungar. Ein annan ulikskap som ikkje overraskar, var det vesentleg høgare talet på legdefolk frå husmannsklassen enn frå bonestanden.²²⁵ Vidare er det verdt å merke seg at når Jan Anders Timberlid byggjer ei bru frå det sosialt stratifiserte Indre Sogn fram til oppslutnaden om sosialistiske lag og parti i det 20. hundreåret, så er det nettopp ulikskapane mellom samfunnsgruppene han vektlegg.²²⁶ Også det kan indikere at dei sosiale skiljelinene i Luster var djupe.

Det er difor truleg at det fanst ein opplevd distanse mellom bøndene og husmennene i Luster, ei grense som gjekk mellom dei som eigde/leide og den store flokken som stod utan matrikulert jord.²²⁷ I kva grad denne distansen opna opp for eit betent forhold mellom bonden og husmannen er meir usikkert. Det må også understrekast at det ikkje var vasstette skott mellom dei to gruppene. Ein husmann kunne arbeide seg opp til å bli bonde og ein gardbrukar bli degradert til plassmann.²²⁸

Deltaking på tinget og i forlikskommisjonen

I freistnaden på å få fram eit korrekt bilet av dei ulike gruppene si deltaking på tinget og i forlikskommisjonen har to tabellar blitt laga. Dei to har kvar sine føremoner og lyter som gjer at dei utfyller einannan.

²²⁴ Dette treng heller ikkje vere særskild overraskande. Husmannen og bonden ofte kunne vere nære slektingar, t.d. brør.

²²⁵ Assev 1991: 148 ff, 209.

²²⁶ Timberlid 1994: 22. Lesnad av statistikk frå Stortings- og kommuneval i Sogn og Fjordane er interessant i forhold til oppslutnaden om parti på venstresida. I mange av landbrukskommunane i Indre Sogn, bl. a. Luster, står Arbeidarpartiet sterkare enn i grannebygdene i Sunnfjord og i resten av Sogn.

²²⁷ T.d. skildrar Per Assev eit besøk i Luster såpass seint som på 1930-talet, der han opplevde at bonden hadde høgare status enn husmannen. Assev 1991: forord. Andre forhold peikar i same lei. Frå ei innsamling av husmannsminne i regi av Norsk Folkemuseum svara husmannsrepresentanten frå Luster, til forskjell frå mange andre plassfolk i Sogn og Fjordane, at det var ein stor skilnad mellom husmann og bonde i bygda. Systad 1981: 161.

²²⁸ Det beste eksemplet på sosial klatring i Luster stod lensmann Arne Hansson Lerum for. Han fungerte i stillinga frå 1780 til 1806, då sonen Hans Arneson Urdahl tok over. Både faren, bestefaren og oldefaren til Arne var husmenn. Han tente i den kongelege livgarden i København før han vende heim til Luster og kjøpte seg eit sagbruk på Feigum. Nokre år seinare makeskifta han seg til eit bruk på Lerum. Arne høver såleis ikkje så godt inn i biletet av lensmannen som ein av bygdas "solide bønder". Nagel 1985: 86.

Tabell 7.1 viser alle citantar som var aktive på tinget og i forlikskommisjonen. Fordi fleire personar kunne stå bak ei sak blir tala høgare enn sjølve saksmengda. Motsett tek tabell 7.2 utgangspunkt i prosessane, utan omsyn til kor mange aktørar som måtte vere innblanda i dei einskilde sakene.

Tabell 7.1: *Alle citantar i private saker på tinget og i forlikskommisjonen i Luster for åra 1783-1810, absolutte tal og prosent.*

Gruppe	Tinget 1783-1796	Tinget 1797-1810	Forlikskommisjonen 1797-1810	Begge institusjonar
Kondisjonerte	14 (7 %)	6 (3 %)	69 (6 %)	89 (5 %)
Bønder	145 (72 %)	170 (84 %)	924 (75 %)	1239 (76 %)
Husmenn	14 (7 %)	12 (6 %)	104 (8 %)	130 (8 %)
Uklart	18 (9 %)	12 (6 %)	95 (8 %)	125 (8 %)
Ukjent	11 (5 %)	3 (1 %)	39 (3 %)	53 (3 %)
Sum	202 (100 %)	203 (100 %)	1231 (100 %)	1636 (100 %)

Kjelde: Database Luster.

Me ser at bøndene sin representasjon blir noko redusert frå den fyrste til den andre tabellen. Det gjeld særleg i forlikskommisjonen, i tillegg til tidsbelet 1797-1810 på tinget. Årsaka til differansen ligg i dei mange eigedoms- og åstadsakene som velta fram frå slutten av 1700-talet. Bak slike prosessar var det ofte løynd ei heil rad med citantar. Ved ei sak i forlikskommisjonen blei nokre husmenn stemna av heile 19 oppsitjarane frå ei rekkje gardar i Fortun sokn.²²⁹

Tabell 7.2: *Citantar på tinget og i forlikskommisjonen i Luster for åra 1783-1810, fordelt på einskilde saker, absolutte tal og prosent.*

Gruppe	Tinget 1783-1796	Tinget 1797-1810	Forlikskommisjonen 1797-1810	Begge institusjonar
Kondisjonerte	12 (7 %)	5 (4 %)	48 (5 %)	65 (5 %)
Bønder	125 (69 %)	102 (76 %)	614 (68 %)	841 (69 %)
Husmenn	14 (8 %)	11 (8 %)	100 (11 %)	125 (10 %)
Uklart	16 (9 %)	11 (8 %)	90 (10 %)	117 (10 %)
Ukjent	10 (5 %)	2 (1 %)	37 (4 %)	49 (4 %)
Kombinasjon	4 (2 %)	4 (3 %)	16 (2 %)	24 (2 %)
Sum	181 (100 %)	135 (100 %)	905 (100 %)	1221 (100 %)

Kjelde: Database Luster.

Fordi det typiske ved eigedomstridane var dei mange involverte partane frå bonestanden, ville bøndene si deltaking bli unaturleg høg om ein berre tok omsyn til tala frå tabell 7.1. Motsett er gardbrukarane nok litt underrepresentert i oversikta i tabell 7.2. 24 av sakene på

²²⁹ FPL I: 5B.

tinget og i forlikskommisjonen var blanda, på den måten at to eller fleire saksøkjarar med ulikt sosialt opphav steig fram som citantar i same saka. For ikkje å blåse opp tala i tabellen valte eg å leggje desse prosessane i ei eiga gruppe. Det var bønder og kondisjonerte involvert i dei fleste av ”kombinasjonssakene”. Dei er såleis noko mangelfullt representert, men deltagingsprosenten deira ville likevel ikkje gått opp med meir enn ein-to prosentpoeng om ein la desse sakene til dei andre gruppene.

I forhold til hovudtendensane spelar det ei underordna rolle kva tabell ein tek utgangspunkt i. Det skulle kome klårt fram at bøndene dominerer stort både på bygdetingen og i forlikskommisjonen. Ditto er husmannsflokkene svært underrepresentert. Endå skeivare vert materialet i tabellane om ein trekkjer inn forholdstalet mellom dei. Frå kapittel to minnest me at det i 1801 var 262 husmenn og 159 bønder i Luster. Frå ein god dominans ute i bygda blir plassfolket gjort til ein minoritet i tingstova og kommisjonsrommet.

Dei kondisjonerte må til ein viss grad seiast å vere overrepresenterte. Assev reknar med at denne gruppa utgjorde i underkant av tre prosent av folketalet i Luster.²³⁰ Med den økonomiske og sosiale kapitalen dei sat inne med er det eigentleg påfallande kor lite dei gjer ut av seg i rettsstellet. Noko av bakgrunnen for den låge deltakinga botnar nok i at eg valte å leggje dei to landhandlarane med bondeflokken.

Gruppa med uklare ligg på ei jamn deltaking omkring 10 %. Det er viktig å skyte inn at dei fleste av desse var born av gardbrukarar.²³¹ Trenden ovanfor kjem såleis attende, også når ein trekkjer inn aktørane som enno ikkje var nådd fram til å ha stifta sitt eige hushald.

Innføringa av forlikskommisjonen kan sjå ut til å ha sementert rettsbruken i Luster. Les ein tabellane ut frå den prosentvise deltakinga er endringane moderate. Det er likevel viktig å leggje merke til at husmennene aukar sin del av citantmassen, særleg når ein legg saksinndelinga til grunn. At dei gjorde noko mindre ut av seg i tabell 7.1 heng som nemnt saman med den breie bondedeltakinga i eigedomssakene.

Biletet vert dessutan noko ufullstendig før ein trekkjer inn tingsvitna. Til sams med kvinnene i Luster viste husmannsflokkene eit noko sterkare drag mot vitneopptak enn reine prosessar ved underretten. Husmenn stod som citantar bak 13 % av tingsvitna for heile perioden eg har gått igjennom, medan aktiviteten søkk til åtte prosent ved ordinære tingsaker.

²³⁰ Assev 1991: 135.

²³¹ 67 % hadde foreldre frå bonestanden. 20 % var born av husmenn. Resten av dei uklare fann eg ikkje opphavet til.

Som ved drøftinga av kvinnene sin representasjon i rettsstellet i Luster vil det hefte problem ved å overfokusere på den relative fordelinga mellom gruppene, og korleis dette utvikla seg frå tinget til kommisjonen. Ser ein utelukkande på prosenttal vil ikkje husmennene få kreditert særleg større engasjement. Men blir fokuset flytta over til dei absolutte tala endrar biletet seg vesentleg. Denne utviklingstendensen er påtrengjande å få fram, og har difor blitt klargjort med tabell 7.3, som viser kor mykje dei ulike gruppene auka aktiviteten sin frå underretten i den første tidsbolken til kommisjonen. Tala etterlet ingen tvil om at husmennene med klar margin stod bak den største auken. Rett nok vaks folketalet i Luster, noko som førte til at gruppa med plassfolk auka meir enn bondeflokken. Men denne voksteren forklarar berre i liten grad tala i tabell 7.3.

Det er verdt å leggje merke til at auken var dramatisk for alle grupper. Veksten skuldast først og fremst at det med innføringa av forlikskommisjonen i Luster vart opna ei vid dør for alle som ynskte å få sivile saker lufta i eit offentleg organ. Sjølv bøndene, som dominerte så stort på tinget, kom til kommisjonen med eit mylder av nye tvistar. Men det er husmennene si auka deltaking som er det mest iaugefallande ved dei endringane me har sett på frå tinget til forlikskommisjonen. For dei opna kommisjonen opp for ei langt breiare deltaking i rettsapparatet enn før 1797.

Tabell 7.3: *Auke i saker for ulike citantgrupper frå tinget i Luster 1783-1796 til forlikskommisjonen 1797-1810.*²³²

Grupper:	Tingsaker 1783-1796	Saker i forlikskommisjonen 1797-1810	Auke i %
Kondisjonerte	12	48	300 %
Bønder	125	614	391 %
Husmann	14	100	614 %
Uklart	16	90	462 %
Ukjent	10	37	270 %

Kjelde: Database Luster.

Når det gjeld sjølve bruken av rettsstellet er derimot bondedominansen det altoverskyggande trekket. I så måte gav det sosialt stratifiserte Luster etterklang også på tinget og i kommisjonen. Innføringa av forlikskommisjonen i bygda velta ikkje om på brukarmönsteret i nemneverdig grad. Grunnane til dette kan vere fleire. I det neste vil eg fokusere på tre mogelege årsaker til den skeive deltakinga ved tinget og i forlikskommisjonen i Luster.

²³² Sakene frå tinget i den andre perioden er haldne utanfor her, fordi dei aller fleste prosessane på tinget frå 1797 først hadde vore innom kommisjonen.

Årsakene til bøndene sin dominans

Ut frå det som har blitt skrive hittil i oppgåva burde ikkje gardbrukarane sin dominans i rettsstellet i Luster overraske særleg mykje.²³³ I kapittel tre såg me at dei store kostnadane ved bruken av tinget blei sett fram som ei årsak frå styresmaktene si side om å innføre forlikskommisjonane. Vidare munna drøftinga om kvinnene si deltaking i rettsstellet ut i eit spørsmål om ikkje eigedomssaker og kontroll med gardsbruk var eit viktig kriterium for å stemne saker. Til slutt har det i dette kapittelet blitt peika på motsetnadane mellom bøndene og husmennene i Luster. Det er desse tre forholda som i det følgjande vil bli nærare granska, sett opp mot innføringa av forlikskommisjonen.

Økonomiske forhold

Å gje eit oversyn over kva det kosta å føre saker ved underretten er inga enkel oppgåve. Variasjonane kunne vere store, både innan dei private søksmåla, og mellom offentlege og private saker.²³⁴ Dessutan kom det ei ny forordning om sportel reglement i 1788.²³⁵ Det var heller ikkje slik at motparten i alle saker måtte stå til ansvar for omkostningane.²³⁶ Biletet vert ytterlegare komplisert ved at det fanst føresegner både for tinget og kommisjonen som oppheva saksutgiftene for citanten.²³⁷

I dei fleste tilfella kom ikkje skrivaren med opplysningar om prisen på dei einskilde søksmåla. Ein kan såleis ikkje gje anna enn eit forsiktig overslag over kva det kosta å føre saker på tinget. På bakgrunn av 56 private tingsaker der omkostningane er nemnt, har eg

²³³ Det er vanskeleg å seie noko sikkert om bondedominansen i rettsstellet i Luster skil seg ut frå andre stader i landet. Undersøkingar kring den sosiale strukturen på tinga og i forlikskommisjonane er mangelfulle. Olsen 1999: 52 har kartlagt yrkesbakgrunnen til citantane ved forlikskommisjonane i Stavanger, Bjerkreim og Hjelmeland 1800-1805. Men spesielt for dei to siste kommisjonsdistrikta er det så mange uidentifiserte klagarar at materialet vanskeleg let seg bruke.

²³⁴ Kostnadane som blei dytta på delinkventen i dei offentlege sakene vil naturleg nok bli neglisjert i dette kapittelet. Men det kan vere verdt å understreke at det var nokre av futen sine saker som stod fram som dei dyreste.

²³⁵ Frd. 11.6.1788.

²³⁶ Sjå t.d. Ørsted 1807: 5ff for ei drøfting av problematikken.

²³⁷ Som kjent var ei sakshandsaming i forlikskommisjonen gratis om partane ikkje kom til semje. Rett nok sa § 24 i frd. 20.1.1797 at "For Indvarslingen, betales til hver af Stevnevidnerne 12 Sk.". Men denne føresegna gjekk ut om citanten var fattig. Dessutan var det snakk om eit relativt lite beløp. For tingsakene hendte det at staten løyvde beneficium paupertatis/processus gratuiti, dvs. fri rettshjelp. Egge 1983: 37. I forlikskommisjonen kunne kostnadane gå ut om citanten var fattig. Det var svært sjeldan desse reglane blei nytta. Eg har registrert to eksempel i kommisjonen der utgiftene vart oppheva, og ei sak på tinget der citanten fekk beneficium paupertatis. Derimot ser det ut til at kostnadane på tinget som regel blei fråfalle ved frifinningar.

rekna ut ein snittpris på seks rd. for ei privat tingsak.²³⁸ I seg sjølv seier ikkje denne summen så mykje.²³⁹ Variasjonane kunne vere store, noko som særleg galdt for den siste delen av undersøkingsperioden. Det kan difor argumenterast for at dette talet er både for høgt og for lågt. Dei fleste prisansлага kjem fram i saker som førte til doms. Ein prosess som gjekk over fleire ting og til slutt blei avgjort av sorenskrivaren må ha kosta ein god del meir enn t.d. ei sak som vart forlikt ved fyrste handsaming ved underretten. Dessutan gjeld snittprisen for både periodar. I den siste 14-års bolken auka utgiftene vesentleg. Ein del av årsaka var nok at langt fleire saker gjekk fram til avgjerd ved dommaren, men auken skuldast for det meste dei mange åstadsakene i denne perioden.²⁴⁰ Hadde kostnadane ved alle åstadsaker blitt lagt til, ville snittprisen ha gått opp ein god del.

Det var avhengig av kvar enkelt sin likviditet i kva grad folk hadde råd til å stemne saker for tinget. Eit visst grep om kor stor sum seks rd. var i Luster for 200 år sidan får me ved å sjå på opplysninga om andre kostnader og prisar som kjem fram i kjeldematerialet. T.d. skal ei tunne korn og ei tunne poteter ha kosta høvesvis fire rd. og ein rd. Vidare blir det opplyst i ein av festesetlane frå Luster at ein husmann utan arbeidsplikt hadde ei årleg avgift på seks rd. i leige for plassen.²⁴¹ Desse eksempla skulle fortelje omrent kvar landet låg med omsyn til kva det kosta å føre saker på tinget. For ein fattig husmann må utgiftene ha gjort eit alvorleg innhogg i pengepungen.²⁴² Talet på tvistar frå kommisjonen som enda på tinget styrkjer då også inntrykket av at bøndene i større grad enn husmennene hadde råd til å bringe ei tilvist sak frå forlikskommisjonen inn for underretten. 16 % av alle tvistar med ein bonde som saksøkjær i kommisjonen kom inn som sak på tinget. Det tilsvarande talet for

²³⁸ Til samanlikning kan det nemnast at prosessomkostningane for domfelte gjeldsaker i Voss og Hardanger sorenskriveri låg på fem-seks rd. i andre helvta av 1700-talet, altså eit kostnadsnivå som ligg nær Luster. Hansen 1992: 304.

²³⁹ Dei minste saksomkostningane kunne kome ned i to-tre rd. Spreiinga var som nemnt stor, slik at det er vanskeleg å gje eit overslag på kva ei ”typisk” tingsak kosta, men eg har rekna ut medianen til fire rd. Både lengda, talet på vitne, og kanskje særleg bruken av prokuratorar ser ut til å ha pressa utgiftene opp. T.d. hevdar Bodil Erichsen at ”Å ha en prokurator til å føre en sak for seg og forsøre seg, var et økonomisk spørsmål.” Erichsen 1994a: 153. Det same kan observerast i Luster, noko som verka inn på den måtehaldne bruken av sakførarar.

²⁴⁰ Snittprisen steig frå om lag fire rd. dei fyrste 14 åra til litt i overkant av sju rd. i perioden 1797-1810. Eit hint om kva summar åstadsakene kunne kome opp i kan gjevast med eksempel frå den tidlegare nemnte prosessen Britha Ottum førte i 1797. Sjølv om dette var ei forholdsvis enkel sak, som snøgt vart avvist, blei det ei dyr stemning for enkja på Ottum: ”Sorenskriverens Skyds 1 Mil til Lands og 2 Miile til Vands frem og tilbage er 1 rd 3 mk. Diet paa Rejsen frem og tilbage 2 miiler 4 mk. Incamation 1 rd 3 mk 4 sk. Denne dags Forret: med Diet 4 rd. Laugret a 24 sk 1 rd. Lensmanden Arne Leerie som nærv: for at gaae Retten til Haande 3 mk. Til sammen 9 rd 1 mk 4 sk.” TBIS 47: 127B (I ein liten digresjon kan det nemnast at Britha med sitt trassige sinn ikkje ville betale, slik at ”Retten som maa taale denne Citantindens mange Fornærmelser maatte og finde sig uden Betaling” TBIS 47: 127B).

²⁴¹ PBIS 5A: 351.

²⁴² Som ei samanlikning kan det nemnast at på slutten av 1700-talet kunne i fylgje Dyrvik ”ein allmugemann sjeldan tena meir enn 50 rd. i året.” Dyrvik 1999: 141.

husmennene var 11 %. At dei reserverte seg meir mot å forsetje striden på bygdetinget synes difor å ligge i økonomiske omsyn.

Frå ein økonomisk synsstad fungerte dei reduserte kostnadane ved å stemne saker til forlikskommisjonen som ein stimulans både på husmennene og bøndene si deltaking i rettsstellet. Eit hint om kva rolle saksutgiftene spela, kjem fram ved at lusteringane utnytta regelen i forliksforordninga om at meklingsforsøk skulle vere gratis om saka vart tilvist. Eit eksempel på det kom fram i mars 1804, då det i ei gjeldssak som var oppe for kommisjonen blei opplyst at:

Omenskiøndt der blev ved all muelige Forslag; kunde dog ikke Forlig bringes tilveje imellom Parterne, hvorfor Sagen blev henviist til Afgjørelse ved Retten. –

Strax efter blev dog Sagen samme Dag uden for Retten forliigt formodentlig for at bespare Retten Penger som ofte indtræffer.²⁴³

Det kan vere freistande å gje kommissären rett i denne observasjonen. Men stemmer konklusjonen hans? Dei mange tilviste sakene frå kommisjonen i Luster som aldri nådde fram til ein prosess ved underretten kan fort stadfeste påstanden i sitatet ovanfor. Men desse sakene hadde sin parallel i kategorien ”uavslutta” på tinget, som det var mange av fram til innføringa av forlikskommisjonen. Som me hugsar frå kapittel fire var det svært vanleg at saker rann ut i sanden etter å ha blitt utsett på tinget. Her vart sjølvsagt ikkje kostnadane oppheva om partane ikkje kom fram til ei semje. Det kan såleis sjå ut til at kommissären var litt forhasta i sin konklusjon.

Men i og for seg er det ikkje noko i vegn for å sjå både dei forlikte og uavslutta sakene på tinget i eit prosessøkonomisk ljos. Nettopp det at så mange saker vart avslutta etter ei handsaming ved underretten peiker tvert imot i retning av at partane ynskte å halde pengebruken på eit lågmål.

Økonomi spela såleis ei heilt sentral rolle i konfliktløysinga i Luster, både for husmenn og bønder. I høve til dei funna som er beskrivne tidlegare i kapittelet betyr det at innføringa av forlikskommisjonen senka terskelen for å lufte saker offentleg for alle grupper. Men fordi husmennene i utgangspunktet var underrepresentert, auka dei sin del mest.

²⁴³ FPL I: 40B.

Sakstype

Eit anna omstende er å sjå bruken av rettsstellet opp mot kva sakstypar som blei stemna inn. Det spesielle med husmennene var at dei ikkje eigde eller bygsla matrikulert jord. Det sette dei i utgangspunktet utanfor ei stor gruppe med saker som omhandla eigedom og grensetvistar.

Det er kjent at eigedomstvistane auka mykje ved underrettane i Norden i tidleg moderne tid.²⁴⁴ Det hang mellom anna saman med overgangen til privateigde gardsbruk.

Det er ei komplisert oppgåve å skilje ut dei eigedomsrelaterte sakene. Ulovleg skoghogst er ein av dei kategoriane som valda størst problem. Somme gonger er det mest tale om ein type ran, gjerne med husmann involvert. Andre gonger er den ulovlege hogsten ein utløysande faktor ved konfliktar som stikk djupare, som t.d. eigedomsretten til ein skogsteig. Eit liknande uromoment er gjeldssakene. Det kjem ikkje alltid fram kva gjelda skuldast. Men når ein bonde vert stemna for beløp på fleire hundre riksdalar, er det truleg snakk om lån til kjøp av gardsbruk. Det ligg såleis eit eigedomsaspekt bak mange av dei sakene som openberrar seg i ei anna kategoridrakt.

I tabell 7.4 har eg likevel gjort ein freistnad på å skilje ut dei sakene på tinget og i kommisjonen som husmennene ikkje hadde høve til å føre fram, først og fremst fordi dei ikkje sat med skattelagt jord.

Tabell 7.4: *Eigedomsrelaterte saker på tinget og i forlikskommisjonen i Luster for åra 1783-1810.*²⁴⁵

	Tinget 1783-1796	Tinget 1797-1810	Forlikskommisjonen 1797-1810	Begge institusjonar
Mengd	63 (35 %)	54 (40 %)	312 (34 %)	429 (35 %)

Kjelde: Database Luster.

Tala i tabellen er eit usikkert anslag. T.d. har eg heilt sett bort frå gjeldssakene. Også mange av sakene som dreia seg om handel og kjøpstvistar var *de facto* reservert for bøndene og dei kondisjonerte.

²⁴⁴ Sogner 2000a: 276.

²⁴⁵ Det er vanskeleg å definere ”bondesaker” noko nærmare. Det var ei mengd med ulike tvistar, som t.d. krangsel om brønnar, skøyte, gardsal, ulovleg fiske m.m.

Det skulle gå greitt fram at eigedomsrelaterte saker stod for om lag tredjeparten av den totale saksmengda. Som forventa gjer den prosentvise lotten eit hopp for åra 1797-1810 ved underretten, noko som skuldast den kraftige veksten i åstadsaker.

Sjølve sakstypane kan difor sjå ut til å gje ei plausibel forklaring på kvifor plassfolket var underrepresenterte i rettsstellet. Men eit meir røynleg bilete av rettsbruken ville ein få ved å trekkje ut sakskategoriar der husmennene kunne delta på line med gardbrukarane. Det er gjort med tabell 7.5, som viser citantar frå høvesvis bondestanden og husmannsflokken i valds- og æressakene på tinget og i forlikskommisjonen.

Det er vanskeleg å tenkje seg at det skulle vere store skilnader mellom dei ulike samfunnsgruppene med omsyn til slåssing og ærekrenkingar. Eg meiner difor at tala i tabell 7.5 provar bondedominansen i rettsstellet, også når ein held unna prosessar som hadde sitt utspring frå eigedomssaker. Hegemoniet åt gardbrukarane er ikkje like tydeleg som i tabell 7.2, men det peikar tvillaust mot at bøndene generelt var meir villige enn husmennene til å stemne sine tvistar og problem for ein offentleg instans. Det kjem også fram at innføringa av forlikskommisjonen ikkje velta om på trenden som er beskriven ovanfor.

Tabell 7.5: *Valds- og æressaker på tinget og i forlikskommisjonen i Luster for åra 1783-1810 stemna av bønder og husmenn, absolutte tal og prosent.*

Citant	Tinget 1783-1796	Tinget 1797-1810	Forlikskommisjonen 1797-1810	Begge institusjonar
Bønder	15 (75 %)	5 (50 %)	54 (59 %)	74 (61 %)
Husmenn	5 (25 %)	5 (50 %)	37 (41 %)	47 (39 %)
Sum	20 (100 %)	10 (100 %)	91 (100 %)	121 (100 %)

Kjelde: Database Luster.

Sakstypane må difor supplerast med andre årsaksvariablar om ein skal forklare det mønsteret som kom fram i tabellane 7.1 og 7.2. Frå eit overordna perspektiv ser det ut til at alle kranglane om grensemerke og skogsteigar kunne ha mykje for seg i ein forklaringsmodell omkring bruksmønsteret i rettsstellet. Det var mange saker der husmenn var avskorne frå å delta. Men ei nærmare analyse viste at bøndene også dominerte i sakstypar som det er rimeleg å tru var spreidde jamt utover befolkninga. Eg meiner difor økonomi står fram som ein viktigare forklaringsfaktor enn eigedom når resultata i tabellane 7.1 og 7.2 skal forklarast.

"Og i øvrigt at opføre sig hørig og lydig som en Huusmand hør og bør"²⁴⁶

Ei tredje forklaring vil ta utgangspunkt i eit eventuelt motsetnadsforhold mellom bønder og husmenn. Kan usagde reglar for korleis husmennene kunne løyse sine tvistar med bøndene forklare den låge delen med husmenn i rettsstellet? Spørsmål om mentalitet og haldningar er vanskeleg å kartlegge etter 200 år. For å kome rundt denne problematikken har eg valt å ta nærmare i augesyn kven bøndene og husmennene stemna på bygdetinget og i forlikskommisjonen.

Tabell 7.6 viser saker på tinget og i forlikskommisjonen der bønder og husmenn var deltagande. For ikkje å gjere oversikta komplisert, har eg slusa ut dei sakene der andre grupper enn gardbrukarane og plassfolka var innblanda. Det vantar såleis ein god del prosessar, særleg frå bonestanden.

Tabellen har spesielt to interessante særdrag. For det første viser det seg at bønder for det meste stemna personar frå eige segment. På ein motsett måte sparka husmennene stort sett ifrå seg oppover i det sosiale hierarkiet.

Tabell 7.6: *Saksøkjar-sakvoldar relasjonar på tinget og i forlikskommisjonen i Luster 1783-1810, absolutte tal og prosent.*²⁴⁷

Citant-saksøkt	Tinget 1783-1796	Tinget 1797-1810	Forlikskommisjonen 1797-1810	Begge institusjonar
Bonde-bonde	91 (87 %)	83 (90 %)	454 (83 %)	628 (85 %)
Bonde-husmann	13 (13 %)	9 (10 %)	90 (17 %)	112 (15 %)
<i>Sum</i>	<i>104 (100 %)</i>	<i>92 (100 %)</i>	<i>544 (100 %)</i>	<i>740 (100 %)</i>
Husmann-husmann	2 (18 %)	4 (40 %)	27 (32 %)	33 (31 %)
Husmann-bonde	9 (82 %)	6 (60 %)	57 (68 %)	72 (69 %)
<i>Sum</i>	<i>11 (100 %)</i>	<i>10 (100 %)</i>	<i>84 (100 %)</i>	<i>105 (100 %)</i>
Sum begge	115	102	625	845

Kjelde: Database Luster.

At gardbrukarane som regel førte saker mot standsfrendar er om lag som forventa på bakgrunn av det som kom fram ovanfor om sakstypane. Det omvendte mønsteret for husmennene går på si side grundig imot ein kvar hypotese om at bonestanden på nokon måte skulle vere freda når husmennene initierte saker i rettsstellet. Tvert om kan ein med tyngde påstå at gardbrukarane var hovudfaktoren som drog opp plassfolket sin del av sakene på

²⁴⁶ Frase som ofte avslutta festesetlane i Luster.

²⁴⁷ Det kjem ikkje fram kva sakstypar som ligg løynd i tabell 7.6. Bønder førte som tidlegare nemnt mange eigedomssaker. Mot husmennene galdt det ofte saker om leigeforholdet mellom dei, i tillegg til ein del saker om skoghogst, ærekrenkingar m.m. Husmennene stemna nok eit noko snevrare saksspekter. Dei stemna ein god del ærekrenkingar og valdssaker. Dei førte også fram ein del gjeldsaker, men pengesummen var langt mindre enn hjå bøndene (gjennomsnittleg var ei gjeldssak i både institusjonar på om lag 16 rd. når citanten var ein husmann, medan summen låg på eit snitt litt i overkant av 54 rd. for bonestanden).

tinget, sjølv om ein tredel av prosessane husmennene stemna gjekk mot personar av same stand. Me ser også at innføringa av forlikskommisjonen ikkje forkludra dette mønsteret. Både på tinget og i kommisjonen gjeld hovudtendensane: Bøndene førte stort sett saker mot andre bønder, medan husmennene oftare gjekk til sak mot personar frå gardbrukarklassen enn mot folk frå same sosiale lag.

Om ein skal freiste å samle trådane så langt er det rimeleg å peike ut økonomi og sakstype som hovudårsaker til det skeive bruksmønsteret i rettsstellet. Bøndene hadde både ressursar og motiv til å stemne saker. Særleg det prosessøkonomiske har mykje for seg i ein forklaringsmodell omkring folks evne og vilje til å føre fram søksmål i tidleg moderne tid. Bruken av rettsapparatet var i dei fleste tilfella eit luksusgode. Kostnadane la difor premissar for om ein hadde høve til å stemne saker for domstolen, men det verka òg inn på kor stridlynt ein kunne stå imot andre sine søksmål.

Likevel vil det også vere rett å hevde at gardbrukarane hadde motiv. Det fanst ein stor kategori med saker husmennene var avskorne frå å engasjere seg i. Ein kan lett å sjå at dominansen til bøndene minkar om ein fjernar eigedomssakene.²⁴⁸ Men sjølv med denne saksmengda fråtrekt står bøndene fram som den suverent største citantgruppa. Eg vil difor hevde at økonomi var den variabelen som hadde tyngst innverknad på bruken av rettsstellet.

For dei endringane som skjedde ved innføringa av forlikskommisjonen er det også naturleg å stoppe først opp ved den økonomiske delen. Den store auken generelt, og blant husmennene spesielt, kan ikkje forklarast om ikkje kostnadane ved å føre saker vert gjort til eit hovudpoeng. Det viste seg på ulike måtar på tinget og i kommisjonen. Både ”eittings-sakene” ved underretten og hangen til å ikkje bli samde i forlikskommisjonen viser ein strategi og eit ynskje frå dei stridande partane si side om å halde pengebruken så beskjeden som mogeleg.

Sosiale konvensjonar for konfliktløysing viste seg ikkje dugande som ei forklaring på kvifor husmennene var underrepresenterte på tinget og i kommisjonen. Men tabell 7.6 la likevel for dagen at det totalt sett var fleire saker som gjekk frå bonestanden og ned i husmannsklassen, enn den andre vegen. Det vil difor vere interessant å ta dette konfliktaspektet nærmare i ettersyn, og vurdere korleis innføringa av forlikskommisjonen influerte på forholdet mellom bønder og husmenn i Luster.

²⁴⁸ Sjølv når ein tek vekk sakene i tabell 7.4 frå tabell 7.2 er det ein påtakeleg bondedominans. Bøndene stemna då over 50 % av sakene i både periodar på tinget. Minst er forskjellen i forlikskommisjonen der gardbrukarane ville ha stemna inn halvparten av sakene, medan husmennene auka sin prosentdel til 17.

Saker mellom bønder og husmenn

Tabell 7.7 viser det eg har valt å kalle ”husmannssaker”. Med det er meint konfliktar som oppstod mellom ein plassmann og husbonden hans. Som regel galdt det stridar om dei rettar og plikter husmannen hadde inngått andsynes bonden ved innflyttinga på plassen.

Tabell 7.7: *Citantar etter sosial stand i ”husmannssaker” reist på tinget og i forlikskommisjonen i Luster 1783-1810, absolutte tal og prosent.*

Citant	Tinget 1783-1796	Tinget 1797-1810	Forlikskommisjonen 1797-1810	Begge institusjonar
Bonde	6	4	24	34
Husmann	0	0	8	8
Sum	6	4	32	42

Kjelde: Database Luster.

Tabellen syner at det som regel var bonden som klaga inn husmannen når det oppstod tvistar mellom dei. På tinget var han heilt einerådande som saksøkjar. Ved innføringa av forlikskommisjonen opna det seg ei luke for plassmannen til å lufte sine eigne frustrasjoner mot husbonden.

Veg ein husmannssakene opp mot alle sivile saker som kom inn for dei to institusjonane i dei 28 åra eg har gått igjennom, er det overraskande kor få slike tvistar som kjem fram i kjeldematerialet. Av dei 1221 private søksmåla som dukka opp på tinget og i forlikskommisjonen sprang berre 42 ut av ei usemjø mellom ein husmann og husbonden hans. Det kan tolkast i fleire retningar. Frå ei side kan det indikere at konfliktnivået mellom gruppene faktisk var lågt, og at motsetnadane i eit slikt patriarkalsk samfunn ikkje nødvendigvis gjekk vertikalt i det sosiale hierarkiet. Dei mange eigedomssakene kan peike mot at bonden og husmannen ofte må ha hatt felles interesser i tvistar mot andre gardbrukarar. Motsett er det sjølvsagt også mogeleg at konfliktane var langt fleire enn dei som openberrar seg i kjeldematerialet, men at partane valte å løyse desse tvistane på ein uformell måte.²⁴⁹ Det vil difor vere interessant å granske nærmare korleis stridane mellom bønder og husmenn blei avslutta. Kan det seie noko om husmennene sine manglande ressursar?

²⁴⁹ Tranberg 1993: 182 finn det same for Ringsaker. Ho bit seg merke i at konfliktnivået mellom bønder og husmenn slik det ovrar seg i forliksprotokollane er relativt lågt. Ho finn også at gardbrukaren ved dei fleste høve stod bak innstemninga (40 av 49 saker i perioden 1797-1811). Det skulle byggje opp under at forholda i Luster ikkje var særskild spesielle.

Saksutfallet i tvistar mellom bønder og husmenn

I tabell 7.6 kom det fram at bøndene i Luster i liten grad stemna husmenn til tinget og forlikskommisjonen. Men det er i og for seg berre halve historia. Oversikta viste ikkje utfallet av sakene. Førte bøndene ein eigen justis mot sine standsvener og ein annan nedover i det sosiale hierarkiet? Tabell 7.8 byggjer vidare på tabell 7.6 og viser avgjerdene i dei sakene der berre husmenn og bønder var innblanda. For tinget har eg valt ei avgrensing til dei søksmåla som enda med dom.

For dei dømde sakene er det vanskeleg å tale om ein klassejustis. I dei aller fleste domfelte sakene der citanten er bonde har han stemna ein motpart av same rang. I saker som går på tvers av det sosiale hierarkiet er det like mange gardbrukarar som husmenn som blir dømde. Når ein veit at bøndene stemna nokre fleire saker mot plassmennene enn omvendt, kan ein heller tale om at bøndene er underrepresentert med domfelte saker i tvistar med husmenn.

Tabell 7.8: Avgjerd i saker med husmenn og bønder på tinget og i forlikskommisjonen i Luster 1783-1810, absolutte tal og prosent.²⁵⁰

Citant-saksøkt	Tinget 1783-1810	Forlikskommisjonen 1797-1810				
		Dømt	Tilvist	Forlik	Utsett	Anna
Bonde-bonde	34	274 (60 %)	98 (21 %)	64 (14 %)	20 (4 %)	456 (100 %)
Bonde-husmann	4	27 (31 %)	29 (33 %)	26 (29 %)	6 (7 %)	88 (100 %)
<i>Sum</i>	<i>38</i>	<i>301 (55 %)</i>	<i>127 (23 %)</i>	<i>90 (17 %)</i>	<i>26 (5 %)</i>	<i>544 (100 %)</i>
Husmann-husmann	0	11 (41 %)	6 (22 %)	9 (33 %)	1 (4 %)	27 (100 %)
Husmann-bonde	4	23 (40 %)	16 (28 %)	15 (26 %)	3 (5 %)	57 (99 %)
<i>Sum</i>	<i>4</i>	<i>34 (40 %)</i>	<i>22 (26 %)</i>	<i>24 (29 %)</i>	<i>4 (5 %)</i>	<i>84 (100 %)</i>
Sum	42	335	149	114	30	628

Kjelde: Database Luster.

Forlikskommisjonen kan på si side by fram tal som sprikar i fleire retningar. I rada som viser bøndene sine søksmål mot andre bønder er resultata om lag som det generelle mønsteret,

²⁵⁰ Av dei 68 sakene som enda med domfelling kvalifiserte berre 42 for tabell 7.8. Kvar einskild gruppe si evne/vilje til å føre sakene til doms viser følgjande: Kondisjonerte: 47 % (8 domfelte saker av totalt 17 stemna på tinget), bønder: 20 % (45 av 227), husmenn: 24 % (6 av 25), uklare: 22 % (6 av 27), ukjent: 8 % (1 av 12), kombinasjon: 25 % (2 av 8). Gruppa med kondisjonerte meinte altså alvor med søksmåla sine ved underretten: Dei var i ei klasse for seg når det galdt å føre sakene fram til domsavseining.

bortsett frå at tilvistprosenten er ein god del høgare.²⁵¹ Derimot er utfallet av sakene gardbrukarane førte mot husmennene avvikande frå dei avgjerdene me såg i tabell 5.1. Tvert imot den allmenne trenden er det fleire forlikte enn tilviste saker. Også dei utsette sakene er svært mange.

Tala som kjem fram i tabell 7.8 peiker mot at bøndene valte ei mjuk hand i konfliktar med husmennene. Handlemåten i kommisjonen stadfestar på mange måtar inntrykket frå tinget. På same vis som få husmenn vert dømde ved underretten er forliksprosenten høgare og talet på tilviste saker lågare i forlikskommisjonen. Det kan difor ved fyrste augnekast tyde på at det var eit fredsælt tilhøve mellom dei to gruppene, og at innføringa av forlikskommisjonen ikkje snudde om på det forholdet.

Større press mot husmennene

Om få husmenn vart dømt viser ikkje det heile sanninga. Til no har det truskuldige forliket blitt vurdert positivt, ja nærmast som eit ideal på korleis mellommenneskelege konfliktar kan og bør løysast. Ingen av partane står fram som taparar, men både vinn på at tvisten munnar ut i semje og eit venskapleg handtrykk.²⁵² Men det kan vere på tide å rette eit kritisk økuljós på det ”mindelige forliget”. I tingstova og forliksrommet møttes ikkje alltid to jambyrdige personar. I mange tilfelle kunne den sterke parten langt på veg definere forliket på sine eigne premiss. Lotte Dombernowsky er inne på det same når ho skildrar forholda i Danmark:

Allerede selve stævningsforkyndelsen havde den af godsledelsen tilsigtede virkning. Bønderne blev skræmte og gik straks til en ny forligsforhandling med herskabet, der endte med, at godsets ejer kunne gå ud af det med en endnu mer fordelagtig ”forening”²⁵³

Overført på norske tilhøve kan det med tyngde argumenterast for at bøndene sitt forhold til husmennene hadde likskap med adel - bonde relasjonane i andre land. Gardbrukaren var den sterke parten i forholdet, og ved ein konflikt kom husmannen fort i ei lei klemme. På den eine sida var det ingenting i vegen for at han kunne gå for konfrontasjonslina, og trassig stå på sitt til sorenskrivaren avgjorde tvisten. Baksida av den medaljen var dei ruinerande saksomkostningane han risikerte å bli påført. I mange tilfelle var difor eit forlik meir å likne

²⁵¹ Ein kunne gjerne tru eigedomssakene var heile årsaka til den høge tilvistprosenten. Men det stemmer ikkje. Av 90 gjeldssaker bønder førte mot andre bønder i forlikskommisjonen blei 57 % tilvist, medan forliksprosenten låg på 23 %. Tala er med andre ord litt annleis enn det som kjem fram i tabell 7.8, men tendensen er den same.

²⁵² I forliksprotokollen vart ei semje ofte stadfesta av eit handtrykk i tillegg til underskrifta åt partane.

²⁵³ Dombernowsky 1985: 15.

på tvang. Det kom då også tydeleg fram i ei sak mellom husmannen Otto Olson Alsmo og Peder Andersson Snethun. 1.8.1803 klaga Otto husbonden sin inn til forlikskommisjonen fordi han:

ved et tvunget Forliig skulde drives af en Plads der af denne er bleven
opryddet, da Indstævntes Formand bestyrede Gaarden eller og fordrede
han dobbelt Afgift som Citanten paa ingen maade var i stand til at svare²⁵⁴

Motsett kunne presset sjølvsagt også gå frå husmannen til bonden. Det var avhengig frå gong til gong kor sterk sak ein husmann hadde å fare med mot ein bonde. Sat han på gode vitne var sjansen stor for at han kunne få gardbrukaren dømt på tinget, eller aller helst pressa han til eit forlik.

Likevel var det annleis med ein bonde. Han kunne fortrenge plassmannen frå *levebrødet* sitt, også om klagemålet ikkje hadde direkte samband med arbeids- og leigepliktene:

Jacob Talle contra Marj Nerengen. Sagen viste sig af at Indstævnte var mistenkt for at have melket fremmede Kiør i Tallehagen. Sagen blev paa følgende Vilkaar forligt [...] Citantinden [sic.] med Mand fløtter fra Gaarden Talle inden d: 14de October næstkommende.²⁵⁵

Denne saka kom opp i forlikskommisjonen 3.8.1801. Klagemålet mot Maria var alvorleg. Å mjølke andre sine kyr vart sett på som eit tjuveri, noko ærekrenkingane av same slaget vitnar om. Men meir lagnadstung var konsekvensane for ho og mannen, sjølv om dette ”forliket” ikkje kan ha blitt gjennomført.²⁵⁶ Mannen til Maria var smed, og paret hadde truleg lite jord. Å bli fortrengt frå plassen betydde dermed ikkje at husmennene alltid miste levebrødet sitt. Forskjellane var nok store frå plassmannen som berre betalte leige for ei tomt på garden til arbeidshusmannen som hadde mesteparten av inntekta si knyta til jordbruk og arbeidsplikt innan gardsbruket. Eit anna utfall kom derimot i ei sak reist av bonden Peder Jensson Heltne mot Anders Hansson Bringe:

Sagen viste sig deraf at Indstævnte ikke havde for dette og forrige betalt Rettighed af Pladsen Tallejerde, ikke betalt for Huuser han kjøpte ej giort Gierdesgaardene i forsvarlig stand ej giort det Arbejde forsvarlig han er pliktig at svare Aarlig. Forliig var ej at opnaae imellom Parterne hvorfor Sagen henviises til Afgjørelse ved Retten. –

²⁵⁴ FPL I: 37B.

²⁵⁵ FPL I: 28A.

²⁵⁶ ”Citantindens Mand”, Jacob Sevaldson Talle, ser ut til å ha styrt plassen på Talle ilag med kona fram til han døydde i 1829. Øyane 1987: 197.

Efter at Parterne havde forladt Retten kom de strax ind og begierte følgende Forliig i denne Sag indført Huusmand Anders Hansen fraviiger Pladsen Tallejerde kaldet og nu strax hører og at bruge og bestyre noget Pladsen tilhørende untagen Stuetomten.²⁵⁷

Saka var til mekling i kommisjonen to gonger, siste gong den 7.5.1804. Til slutt fekk Peder fortrengt husmannen sin frå plassen.²⁵⁸ Ein kan berre gisse på kva dei to har samtala om på gangen før dei vende attende til kommissærane, men det er ikkje ei urimeleg tolking at Peder kan ha truga Anders med rettssak på tinget dersom han ikkje gav etter og skreiv under på ”forliket”.²⁵⁹

Desse eksempla skulle vise at det er problematisk utelukkande å opphøgje ei semje mellom to stridande partar som eit likeverdig forlik. Det kan i tillegg gje eit bidrag til å forstå dei funna som kom fram i tabell 7.8. På overflata synes det å vere eit lågt konfliktivå mellom husmenn og bønder. Både utfallet av sakene i kommisjonen og den låge domsfrekvensen på tinget gjev næring til å konkludere med at gardbrukaren viste seg mindre hard mot plassmannen enn mot sine eigne standsfrendar. Men døma ovanfor viser at dette ikkje kan bli slutninga. Forlika peiker mot at husmannen ofte ikkje hadde anna val enn å inngå ei forsoning.²⁶⁰ Bonden sat med overtaket og kunne diktere føresetnadane for avtalen. Prosessar mot andre gardbrukarar viste seg derimot å vere ei hardare nøtt. Dei kunne han ikkje truge med bortjaging frå levebrødet, slik han i nokre tilfelle hadde høve til mot husmannen. Og dei hadde framfor alt ei langt sterke økonomisk ryggrad til å bere rettssaker. Difor stod dei meir standhaftig på eigne krav.²⁶¹

Avrunding

Rettsstellet i Luster var klart dominert av bøndene. Dei stod bak godt over 2/3 av sakene både på tinget og i forlikskommisjonen. I dette kapittelet har eg freista å gå bak denne dominansen for å finne årsakene til at dei gjorde så mykje ut av seg. Grunnane låg hovudsak i økonomi, og

²⁵⁷ FPL I: 42A.

²⁵⁸ Eller som det på litt eufemistisk vis står om Anders i bygdeboka: ”Men han treivst visst ikkje her i skuggen, og før herifrå att alt om lag 1805”. Øyane 1986a, 595. Fattigdomen til Anders må ha vore stor, fordi han i denne saka slapp å betale saksomkostningane for oppnådd forlik, noko som tidlegare nemnt var sjeldsynt.

²⁵⁹ Jfr. Dombernowsky 1985: 33.

²⁶⁰ Tranberg 1993: 185 kjem til ei anna slutning omkring husmennene sin handlemåte i rettsstellet: ”Når så pass mange saker gikk videre til retten fordi partene ikke ble forlikte, må vi kunne tolke det slik at plassfolka ikke gav seg så lett for husbandens krav. De tok sjansen på å vinne fram med synspunktene sine hos sorenskriveren på bygdetinget”.

²⁶¹ Sjå også Roberts 1979: 179; Reinton 1961: 266.

for ein stor del også i sakstypen. Mot det siste kan det innvendast at sakstypen var ein konsekvens av at det for det meste var personar frå bonestanden som såg seg råd til å føre rettssaker. Men ratt så enkelt var det nok ikkje. Det kan òg tenkjast at eigedomstvistane var ei så spesiell saksgruppe at dei meir enn andre saker trøng offentleg handsaming, noko eg peika på i kapittel fem.

Framfor alt må økonomi trekkjast fram som ei hovudforklaring. Det var eit nært samband mellom rikdom og rettsbruk. Det er ingenting som tyder på at husmennene blei urettvist behandla i rettsapparatet, men fordi dei økonomiske skilnadane i Luster var så djupe, drygde dei lenger med å krevje sin rett, særleg på tinget. I tidleg moderne tid, der det personlege initiativet var avgjerande for rettstryggleiken, må det ha gått hardt utover dei gruppene som vanta økonomisk ryggdekning, både å gå i gang med kostbare rettsprosessar og stå imot søksmål frå andre.

Men når husmennene først kom på bana viser konfliktane at dei ikkje tvika med å stemne personar frå gardbrukarklassen. Ved innføringa av ein ny rettsinstans syntet seg at husmennene var dei som auka si saksmengd mest.

Den voldsame tilstrøyminga til forlikskommisjonen kan ikkje berre ha grunna seg i billegare saksutgifter. Ein langt tettare møtefrekvens opna opp døra til offentleg handsaming av saker som elles ville ha funne si løysing på ein uformell måte.²⁶²

Når det gjeld forholdet mellom bønder og husmenn viste forlikskommisjonen seg som eit tviegga sverd. Med reduserte rettskostnader fekk langt fleire fattigfolk eit reelt høve til å prøve ei sak for ein offentleg rettsinstans. Men som me har sett ovanfor auka òg presset mot husmennene etter 1797, fordi også bøndene i så stor grad strøymde til det nye juridiske rommet. Rett nok kunne ikkje bonden tvinge igjennom viljen sin utan underskrifta til motparten, men trugselen om innstemming for underretten må ha skremt mange husmenn til å gå med på urettvise avtalar. Presset fekk dessutan større truverde då dei to månadstinga kom i gang om lag samstundes med skipinga av forlikskommisjonen. Svaret på eit av spørsmåla innleiingsvis må difor bli ja: Den sosiale utviklinga fekk innverknad på korleis folk løyste sine tvistar. Konfliktløysinga mellom bønder og husmenn var ei noko anna enn innbyrdes mellom gardbrukarane, noko som sprang ut av dei skeive sosiale tilhøva i bygda.

²⁶² I alt har eg registrert 171 møtedagar i forlikskommisjonen frå 1797 til oktober 1810. Føresegna i § 9 i frd. 20.2.1797 om møte ein gong i månaden vart ikkje fylgt slavisk. Det var vanleg med møte i 9-10 av månadane i året. Til gjengjeld gjekk nokre av sesjonane over fleire dagar.

Kapittel VIII: Den prosessuelle konfliktløysinga i Luster

Det kan synast å ha vore fleire underlege drag ved rettsbruken i Luster. Frå kapittel fire minnest me det høge talet på uavslutta prosessar på tinget. Likeins var prosentdelen med tilviste saker frå kommisjonen svært høg. Også dei mange opptaka av tingsvitne er i utgangspunktet vanskelege å forstå, særleg ettersom ein del av dei var tilviste til saksgang ved underretten.

Dette kapittelet er ein freistnad på å forklare desse ”gåtene” ved å sjå nærare på konfliktløysinga mellom innbyggjarane i Luster. På det viset kan det korrigere og nyansere nokre av dei funna som er gjort tidlegare. Sentrale spørsmål vil bli korleis folk handla når det oppstod stridar, og kva rolle rettsstellet kan ha hatt i konfliktløysinga.

Oppgåva har til no hatt eit spesielt auge for strukturulikskapen mellom bygdetingenet og forlikskommisjonen, og til dels sett institusjonane opp mot kvarandre. Vidare har særleg resultatet av meklinga i kommisjonen blitt vurdert normativt, etter kor effektiv han var til å få partane til semje. Ei slik tilnærming til rettshistoria er slett ikkje unyttig eller uinteressant, men ho kan fort bli statisk og lite eigna til å skildre meir generelt korleis konfliktar i tidlegare tider vart handtert. I det neste vil eg difor vende meg til aktørane og konsentrere meg om korleis dei søkte å nå sine mål, ved den prosessen kvar enkelt konflikt måtte igjennom for å bli løyst.

I rettsantropologien går det eit slikt skilje mellom regelorienterte (rule-centred) og prosessorienterte (processual) tilnærningsmåtar:

Work associated with the former approach has had an institutional focus, dwelling on structural differences between settlement institutions; while processual work, with a strong transactional bias, has examined disputes from the standpoint of the disputants themselves and of intervening third parties, revealing how objectives are pursued through the recruitment of support, choice of forum and the development of strategy.²⁶³

”Rule-centered” er ein topptung synsmåte som legg vekt på lover og institusjonar, og korleis forholdet mellom institusjonane artar seg. Ein oppfattar folk som regelstyrte: Normal åtferd betyr konformisme.²⁶⁴ Motsett forsøker den prosessorienterte måten å poengtere at aktørane

²⁶³ Roberts 1983: 11.

²⁶⁴ Comaroff 1981: 5 ff.

ikkje nødvendigvis ser seg bundne av eit formelt regelverk, men først og fremst er sjølvrealiserande individ som freistar å løyse sine konfliktar gjennom ulike strategiar og handlemåtar. Med det flyttar ein også merksemda bort frå samfunnsgrupper til nettverk, og korleis ein aktør gjennom relasjonar til andre prøver å vinne fram med si eiga sak.²⁶⁵ Ein legg såleis ikkje einsidig vekt på dei formelle rettsinstansane og korleis folk tilpassar seg lover og reglar, men trekkjer også inn faktorar utanfor rettslokala, i ein vidare sosial kontekst, for betre å forstå konfliktane. Forklaringsuniverset blir dermed kraftig utvida, fordi så mange faktorar kan spele inn på korleis ein tvist utviklar seg og blir løyst.

Det er avgjerande å understreke at desse tilnærningsmåtane ikkje treng å representer eit motsetnadsforhold. Både kan synleggjere konfliktløysinga i eit samfunn.²⁶⁶ Når den fyrste innfallsvinkelen ser ut til å ha vore dominerande innan historisk forsking har det si naturlege forklaring. Det er stort sett dei formelle rettsinstitusjonane som har etterleite seg kjeldemateriale. Skulle ein ha danna seg eit meir heilskapleg bilet av den lange lina som karakteriserer dei fleste konfliktløysingsprosessane, måtte historia ha lagt att utfyllande skrifter også frå andre arenaer, noko som sjeldan er tilfelle. Difor kan ein prosessorientert synsvinkel vanskeleg gjerast til ei hovudsak, men kjeldene gjev såpass med spor at ein i alle høve kan gjere seg opp nokre små tankar om korleis konfliktar kan ha blitt handtert av innbyggjarane i Luster.

Ulike framgangsmåtar ved konfliktløysing

I kapittel fire såg me at svært mange saker forsvann frå tinget, tilsynelatande utan å ha blitt løyst. Sakene i forlikskommisjonen fylgte eit liknande mønster. Dei flest tvistane blei tilviste til underretten, men berre eit mindretal nådde dit. Lusteringane ser ut til å fylgje eit kjent mønster frå tidleg moderne tid når dei valte å bryte av saksgangen før tvisten var endeleg avgjort.²⁶⁷

Berre ved nokre få tilfelle får me vite kva som vidare skjedde med saka. Bakgrunnen for at dei blei reist på nytt var brot på eit uformelt forlik. Partane hadde altså på eiga hand kome fram til ei semje som motparten likevel ikkje ville rette seg etter. Eit slikt døme kom på hausstinget i 1787, då Otto Talle stemna Torbjørn Larsson Drevdal, Tøger Andersson Nitter, Anders Pederson Øvrebø og Jens Christenson Øvrebø for brot på ei semje partane hadde

²⁶⁵ Snyder 1981: 145.

²⁶⁶ Rouland 1994: 41.

²⁶⁷ Sogner 2000a: 272.

inngått i ei tidlegare tingsak, der Otto skulda dei for å ha ”jaget Citantens Creature og voldelig behandlet dem”:

At forrige Aars Sommer, efter at Sommer Tinget var holden, da var samtlige de Indstevnte, undtagen i stæden for Christen Øvrebø var hans Fader Jens Øvrebø paa hans Vegne paa Gaarden Talle og samtlige begjærede af Citanten: at den Sag han da havde anlagt mod disse samme Parter fordi de havde jaget Citantens Creature af Støelen og andet mer, maatte forliiges, og da det blev sluttet saadant Forliig: at Citanten Otte Talle skulle have Frie adgang og Rett til at støele paa Vaar Støelen Engen kaldet, og lige saa paa Fieldstøelen Naverzetteren kaldet.²⁶⁸

På same vis kom det på hausstinget i 1792 fram korleis det gjekk i ei gjeldssak Jens Monsson Heltne hadde stemna mot Jacob Olson Sørum. Vitnet Christen Hansson Kolstad kunne fortelje at:

sidste Aars Høste ting efter at denne Sag havde været fore i Retten talede Vidnet til Jacob at det var bedst han forligte sig med Citanten om denne Sag, da Jacob først svarede: det faldt tungt at forlige sig i en Sag som dette, men om sider gik Jacob ind med Vidnet og Torchild Fliche for at forlige sig, og da de havede vækket Citanten som laag ogsov bad Jacob Citanten ej ville være sig for haard, og da Citanten spurgte ham om han ville betale disse paastevnte penge? svarede Jacob Ja! Ieg faar vel det! og da Citanten atter spurgte ham: om han ville betale Sagens Omkostninger? Svarede Jacob atter ja! ieg faar vel det.²⁶⁹

Sams for sakene ovanfor er at partane finn fram til ei løysing utan hjelp frå sorenskrivaren. Men i sjølve prosessen som leia fram til forliket skil dei seg litt frå kvarandre. Det første eksemplet må tolkast dit hen at saksøkjar og sakvoldarar på eiga hand finn fram til ei løysing. Det er dei innklaga som tek initiativet og dreg opp til Talle for å få løyst tvisten. Motsett kjem det i den andre saka inn ein tredjemann som fører partane saman.

Dei to eksempla viser til ulike måtar å løyse ein tvist på. I rettsantropologien har det vore vanleg å dele inn konfliktløysinga i tre former; partane kan prøve å gjere opp saka seg imellom, dei kan få hjelp av ein tredjeperson for å løyse tvisten, eller dei kan overlate avgjerda til ei utanforståande gruppe/person.²⁷⁰

²⁶⁸ TBIS 46: 45.

²⁶⁹ TBIS 47: 24B.

²⁷⁰ Roberts 1983: 11 ff. Det finst også andre inndelingar. T.d. opererer Rouland 1994: 262 ff. med to hovedformer: juridiske og ikkje juridiske.

Det er rimeleg å tru at partane freista å gjere opp striden på tomannshand så sant det var mogeleg. Det var som regel i både si interesse at ein gnagande konflikt vart gjort opp fort og kostnadseffektivt.²⁷¹ Før 1797 hadde dei også færre val i så måte. Sorenskrivaren kom til Luster berre to gonger om året. Frå hausttinget tok det om lag sju månader før han igjen haldt det årlege sommartinget. Dei lange tidsromma mellom tingesjonane styrte mange saker utanom offentleg handsaming. Det endra seg både med månadstinga, og aller mest med forliksmøta i kommisjonen.

Det andre eksempelet ovanfor viser også at partane kunne få hjelp av ein ”mediator” til å løyse konflikten.²⁷² Ein slik mellommann kan operere på ulikt vis. Ved somme høve fungerer han berre som ein slags informasjonskanal mellom partane. I andre tilfelle spelar han ei meir aktiv og sjølvstendig rolle. I gjeldssaka frå Luster tok han initiativ på eiga hand, og prøvde å forlike dei stridande. Men han fungerte ikkje aleine som verkty motstandarane kunne ta i bruk for å nå ei semje. Ved aktivt å gå inn i konflikten signaliserte han også til partane at det frå omgjevnadane låg ei forventning om at dei burde finne ei minneleg løysing. Eit slik press frå lokalsamfunnet må truleg i mange saker ha fungert som ei drivkraft mot forlik.²⁷³

Ein siste utveg er å overlate avgjerda til ein tredjepart. Det kan skje på to måtar; ved dom i rettsstellet og ved skilsdom. I Luster har me sett at sorenskrivaren sjeldan avsa dom i tingsakene. Berre litt i overkant av ein fjerdepart av alle private søksmål ved underretten enda med dom. Trenden gjekk likevel klart i retning av at domsavseing som avslutning på saker på tinget blei viktigare etter at forlikskommisjonen vart innført.

Partane kan også bestemme seg for å leggje avgjerda i hendene på ein kommisjon. Oppnemning av kommisjonar kunne skje på fleire vis. Ved ein formell framgangsmåte blei det i sivile tvistesørsmål sett ned kommissærar av kongen etter søknad frå ein av partane.²⁷⁴ Vanlegare var det ein kan kalle uformell skilsdom. Det synes å ha vore ein utbreitt og populær måte å avslutte tvistar på i Luster. Særleg forliksprotokollen ber vitnemål om nedsetjing av mange slike nemnder. Eit eksempel kan hentast frå ei mekling i forlikskommisjonen den 4.3.1806, der fleire oppsitjarar og kondisjonerte kom fram til følgjande semje:

at de for at tilendebringe den imellom dem verserende kostbare Sag betræffende
Grænsefieldet imellem Hodna Stølens og Kinglestølens Fæbeiter, have foreenet

²⁷¹ Sogner 1996: 49.

²⁷² Gulliver 1979: 209 ff.

²⁷³ Roberts 1979: 125. Gulliver 1979: 228.

²⁷⁴ Sjå s. 33.

sig om at voldgive Sagen til Stædets Sorenskriver og de i Sagen brugte Laugrettes Mend Ole Dyresen Qvale Jens Nilsen Ottum Johannes Olsen Ottum Arne Hansen Leri; hvem de have formanet til at paatage sig at afsiige en Voldgifts=kiendelse imellom dem hvilken de er enige om skulde afsiges i Overenstemmelse med de i Sagen tilvejebragte Oplysninger, ved Love og Billighed.²⁷⁵

Saka skil seg ein del ut fordi sorenskrivaren blei beden om å delta. Det heng truleg saman med standen å nokre av citantane, som tilhørte det øvre sosiale sjikt. Derimot var det ikkje heilt sjeldsynt at lensmannen tok del i slike tvistar.²⁷⁶

Eksemplet er interessant fordi rollene til dei offentlege tenestemennene ser ut til å flyte om kvarandre. Formelt skulle sorenskrivaren dømme og lensmannen fungere som aktor si hjelpende hand på tinget. I praksis viste det seg derimot at både personar kunne trå inn i meir forlikande roller. Ved nedsetjing av kommisjonar ser det rett nok ut til at lusteringane valte seg personar frå lokalmiljøet til å skildømme i tvistar. Men dommaren spelte ofte rolla som mellommann i ordinære tingsaker. Det er truleg at Anders Høyler viser til vanleg praksis frå sameiningstida då han på 1760-talet hevda at: "Mange holde det for at være en Dommeres Pligt i Retten først at forsøge og arbeide paa Forlig."²⁷⁷ Om ein nyttar terminologien ovanfor skulle sorenskrivaren då fyrst gå inn i ei mediator-rolle, før han eventuelt gjekk over til dommarfunksjonen.²⁷⁸

Resultata frå Luster stadfester dei tendensane Sandmo er inne på i si undersøking frå Rendalen, der han fann at berre om lag halvparten av sakene på tinget blei dømt av sorenskrivaren.²⁷⁹ Frå kapittel fire minnest me at det tilsvarande talet for Luster var 22 %. På både stader gjeld det såleis at svært mange saker fann si avgjerd utanfor tingstova. Den utanomrettslege konfliktløysinga i Luster var med det svært sentral. For Luster sin del er det òg viktig å understreke at innføringa av forlikskommisjonen viste kontinuitet med denne praksisen. Hovudtyngda av tvistane blei også etter 1797 avgjort utanom dei offentlege rettslokala.

²⁷⁵ FPL I: 57A, 57B.

²⁷⁶ Arne Hansson Lerum var ein engasjert lensmann. I tillegg til å delta som skilsdommar representerte han ofte personar som var innblanda i saker på tinget, men ikkje hadde høve til å møte opp. Han var også nytta som vitne i ein god del saker. Det er òg eksempel på at han tok på seg rolla som prokurator når den eigentlege sakføraren var hindra frå å delta på tinget. Fleire gonger gjekk han også inn i leiermålsakene og betalte bota til den tiltalte, slik at futen kunne la søksmålet gå ut.

²⁷⁷ Høyler 1764: 164.

²⁷⁸ Sjå også retten sine haldningar ved den nemnte åstadsaka mellom Henrik Andersson Nitter og David Olson Kalhagen, s. 32.

²⁷⁹ Sandmo 1992: 51.

Kostnadsaspektet synes å vere ein opplagt grunn til at så mange saker vart avbrotne av citanten. Men det må også ha spela inn at lusteringane ved sin rettslege handlemåte beheldt mykje av kontrollen over saksgangen og dermed avgjerda over konfliktløysinga. Dommar ved underretten innebar at sluttresultatet (for det meste) blei lagt i hendene på ein utanforståande person. Ved bilateral semje eller ved skilsdom låg derimot makta hjå partane sjølve, eller flytta til personar som hadde deira tillit. Eit opplagt spørsmål blir då kvifor citanten i det heile valte å stemna ei sak for rettsapparatet. Skal ein skjøne det, kjem ein ikkje utanom å sjå på rettsstellet som eit pressmidel.

Rettsstellet som pressmiddel

Det er velkjent at rettsstellet i tidleg moderne tid hadde ei viktig oppgåve som eit brekkjern for å vinne konfliktar.²⁸⁰ Folk har rett nok til alle tider og på alle stader hatt svært ulike grunnar for å stemne saker for ein rettsinstans,²⁸¹ men bygdetingen sin sentrale funksjon som pressmiddel er likevel tvillaus. Det beste provet er dei mange sakene som forsvann frå tinget. At så få prosessar gjekk fram til dom indikerer at det avgjerande som regel ikkje var å få dømt motparten.

Denne pressfunksjonen kjem ikkje alltid like tydeleg fram av kjeldematerialet. Men ved somme høve verkar det opplagt at saker blei stemna utelukkande for å presse den innklaga. Ved ei åstadsak i 1808 hadde oppsitjarane på garden Bolstad saksøkt Anders Olson Mørkrid og Peder Christenson Eide, bl.a. fordi dei hadde flytta eit sel:

De indstevnte Peder Christensen og Anders Olsen Mørcherie mødte og vedtoge lovligt Varsel og lod tilføre at vel er deres Gaardes Vaarstøels Sæhl flyttede fra Knivebakkene, til Knivebaklien begge deele Mørcherie tilhørende; men dette er skeet for 30 Aar siden.²⁸²

Ei hendig som var skjedd tre tiår før blir her trekt fram og brukt mot Peder og Anders. Klagemålet frå oppsitjarane på Bolstad gjev i seg sjølv lite meinings, men verkar forståeleg nok ut frå at Peder og Anders om lag eit år tidlegare hadde stemna dei same Bolstad-gardbrukarane i ei anna eigedomssak. Innstemninga kan såleis ha fungert som ein

²⁸⁰ Sandmo 1992: 42; Appel 1999: 621; Sharpe 1983: 182.

²⁸¹ Roberts 1983: 23.

²⁸² TBIS 50: 293B.

forhandlingsstrategi ovanfor motparten.²⁸³ Dette presset ser ut til å ha fungert godt. Begge tvistane vart same dagen forlikte, truleg mykje fordi oppsitjarane på Bolstad, ved å rote fram ein gamal filleting, hadde fått Peder og Anders over på defensiven.

I kapittel sju blei det vist korleis rettsstellet som pressmiddel lett slo ut i eit urettvist forlik fordi partane ikkje var ressursmessig jamborne. Noko av den same ulikskapen kunne kome fram i form av alvoret i klagemålet. Var det eit grovt brotsverk kunne den innklaga bli pressa langt ved eit forlik. Den 3.10.1797 kom det til fylgjande semje i kommisjonen:

Denne Sag blev saaledes forligt og bielagt imellem Asbjørn Pedersen Stenen og Elling Johannessen under Sandvigen: at Contracitanten Elling Johannessen, der var sigtet for at have stiaalet og slagtet et Citanten tilhørende Faar, at han flytter her fra Præstegieldet til næst anstundende 14de April – at han i dette Mellemrum opfører sig skikklig og afsømmelig uden at fornærme nogen i nogen Maade – at han haver et vaaget Øye med sin Kone og Børn – og skulle nogen af dem begaae et eller andet Ustykke, da skal denne Sag værde ansees som en ikke ved forligt men staa ham aaben til ydermeer Straf.²⁸⁴

Både Asbjørn og Elling var husmenn, men det sentrale her var det grove klagemålet mot Elling. Tjuveri var sett på som svært alvorleg. At han gjekk med på forliket, tyder på at han eller nokon i familien stod bak ugjerninga. I tillegg må citanten ha hatt gode prov på at han var den skuldige.²⁸⁵ Saka enda med ein form for ostrakisme (forvising), som må seiast å vere ei lagnadstung straff.²⁸⁶ Elling sitt samtykke med denne avtalen kan berre forståast ut frå at alternativet var verre. Hadde saka kome opp på tinget ville han truleg ha blitt dømt til minst eit par månader i Bergen Tukt- og manifakturhus. Dessutan måtte han ha betalt saksomkostningane.²⁸⁷

På ein liknande måte må ein også forstå mange av tingsvitna. Ein del av dei gjev i utgangspunktet lita meining, fordi dei var tilviste frå kommisjonen som tingsaker, og ikkje

²⁸³ Det er eit kjent fenomen innan antropologisk og rettshistorisk litteratur at folk ”often sue their enemies over behaviour they would forgive in friends, or use lawsuits to dignify confrontations that have their roots in other causes.” Stretton 1997: 17.

²⁸⁴ FPL I: 7A.

²⁸⁵ Sjå Ågren 1994: 140, som argumenterer for at svake bevis kan vere ei forklaring på at få tjuveri vart stemna for retten i tidleg moderne tid. Som me ser kom heller ikkje saka ovanfor til tinget, men berre det at Elling gjekk med på avtalen peiker mot at Asbjørn hadde ei sterk sak. Om slike klagemål ikkje vart fylgd opp med gode prov ville det fort kome kontrasøksmål om ærekrenking.

²⁸⁶ Roberts 1979: 65.

²⁸⁷ Ut frå forliket i den nemnte saka måtte Elling ut med 8 rd. i erstatning. Til samanlikning kom det fram i ei tjuverisak stemna av futen, at eit husmannsektepar frå Luster måtte sone høvesvis to og tre månader i Bergen tukt- og manifakturhus. I tillegg måtte dei ut med om lag 20 rd. i saksomkostningar, og erstatning til den fråtekne. TBIS 50: 302.

vitneopptak. Men ser ein på dei som eit pressmiddel på linje med tingsakene og tvistane i forlikskommisjonen, verkar dei meir begripelege. Lestringane ser difor ut til å ha nytta seg av tingsvitna som ”antydningens kunst”²⁸⁸ i ein medviten strategi for å presse motparten til forlik. Difor var det heller ikkje naudsynt i alle saker å vende attende til forlikskommisjonen med ein tvist som hadde blitt tilvist til vitneopptak på tinget. Ved å ta opp avhøyr av vitne viste citanten at han meinte alvor. Denne pressfunksjonen kjem også til syne ved at fleire søksmål ved underretten starta med eit tingsvitne, også i saker som hadde blitt tilvist til vanleg rettargang ved domstolen. Det er ikkje urimeleg å tru at citanten først tok opp eit avhøyr av vitne for å sjå om han fekk mjukna sakvoldaren til forlik. Om ikkje det nytta, bar det vidare med ordinær saksgang.

Det var difor glidane overgangar mellom tingsvitna, tingsakene og tvistane ved forlikskommisjonen. Frå ein juridisk ståstad var det nok klare skilje mellom dei, men i den praktiske bruken blei grensene ofte viska ut. Alle tre framgangsmåtane kunne nyttast som reiskapar for å nå ei semje utanfor rettsapparatet.²⁸⁹

Eit rettsstell i ulage?

Ut frå tabellane som har blitt presentert så langt i oppgåva er det lett å slutte at rettsstellet i Luster ikkje fungerte som det skulle. Sorenskrivaren dømte berre eit fåtal av sakene han fekk seg førelagt. Likeins viste meklingsresultata frå kommisjonen at ein liten del av tvistane blei forlikt.

Kapittelet har derimot synt at rettsbruken let seg lettare forklare om ein flyttar fokuset til aktørane, og dei strategiar og val som vart gjort ved dei enkelte tvistane. Innbyggjarane hadde ei praktisk tilnærming til dei konfliktane som oppstod i lokalsamfunnet. Det avgjerande var ikkje alltid å få avslutte saka innanfor rettsapparatet. Konfliktløysinga var resultatet av eit samspel mellom ei rekke variablar, som bestemte strategien til partane under prosessen og resultatet av sjølve konflikten.²⁹⁰

Ein av dei sentrale faktorane var det kostesame ved å føre rettssaker. Det resulterte i at mange saker vart avbrotna ved underretten, og at ein stor del av dei tilviste sakene frå forlikskommisjonen aldri nådde tinget. Sjølve sakskategorien spelte også inn på

²⁸⁸ Appel 1999: 589.

²⁸⁹ Lestringane sin rettsopptreden ser her ut til å gli inn i eit meir allment europeisk mønster. Sjå t.d. Sharpe 1983: 177 ff.

²⁹⁰ Aubert 1994: 116 ff. Sjå også Miller 1984: 101 ff som analyserer fleire faktorar som bestemte om ein konflikt på Island i mellomalderen vart avgjort ved skilsdom eller ikkje.

konfliktløysinga. Som me tidlegare har sett var mange eigedomstvistar ein type saker som det ikkje var lett å forlike i kommisjonen. Det same galdt også nokolunde for ærekrenkingane. Andre faktorar som kan ha spelt inn var alvoret i søksmålet og det vitnematerialet saksøkjaren hadde til rådvelde. Det er også truleg at dei sosiale relasjonane mellom partane påverka saksgangen.²⁹¹ Press frå lokalmiljøet må òg ha vore eit viktig insitament om å skrinleggje ein strid. Dessutan er det viktig å leggje til at folk, då som no, var ulike. Det fanst ”kranglefantar” som gong på gong dukka opp i tingbökene og forliksprotokollen med saker som andre ikkje ville ha brydd seg stort ved.

Dei ulike variablane openberra seg i ein rik flora av konfliktløysingar. Lusteringane brukte ei mengde varierte og raffinerte måtar å løyse tvistane sine på. Bilateral semje var nok den viktigast, men også nedsetjing av skilsdomsnemnder viste seg å vere utbreitt. Likeins må mellommenn ofte ha gått inn i tvistar for å forsone partane. Dessutan var det alltid ei ope dør inn til sorenskrivaren i tingstova som kunne avseie dom. Men som me har sett var det sjeldan ein slik strategi blei nytta.²⁹²

Mot denne bakgrunnen vert også skiljet mellom formell og uformell konfliktløysing på sett og vis viska ut. Går ein ned på saksnivå ser ein at tinget og forlikskommisjonen var verkty som i ulik grad og på ulikt vis blei nytta i den prosessen ein tvist gjekk igjennom. Ei sak kunne vandre frå den eine arenaen til den andre. Difor var heller ikkje rettsstellet endestasjon for ein tvist som hadde blitt freista løyst på andre måtar. Fordi dei fleste sakene i Luster fann si avgjerd utanfor tingstova og forliksrommet, vil det tvert om vere meir korrekt å omtale rettsapparatet som ein mellomstasjon.

Med ein majoritet av tilviste saker fortsette forlikskommisjonen trenden frå underretten. At semje så ofte blei inngått utanfor dei offentlege romma må ikkje vurderast som ein systemfeil, eller ein svak lekk ved rettshandhevinga. Difor treng ikkje ein slunken prosent med forlike saker indikere at kommisjonen var mislukka. Den store saks mengda viste at forlikskommisjonen i Luster hadde ein funksjon, om enn på ein noko annan måte enn det styresmaktene på førehånd gav uttrykk for i forordninga.

²⁹¹ Gibbs 1973: 368 ff. Sjå også Braithwaite 1989.

²⁹² Det er også kjent frå tidleg på 1800-talet at det fanst ”gardting” kringom i landet, dvs. organ utanom den offisielle rettsskipnaden der særleg konfliktar om ressursar og brukshøphevar fann si løysing. Dei vart skipa av brukarane på ein eller fleire gardar. Seland 1996: 303 ff. Eg har ikkje funne spor i kjeldematerialet om ein slik praksis i Luster, men det kan likevel ikkje utelukkast at ordninga med gardting fanst i bygda for den perioden eg har studert. Sjå også Reinton 1961: 298.

Kapittel IX: Konklusjon

Innleiingsvis sette eg fram ein hypotese om at innføringa av forlikskommisjonen i Luster ikkje berre fekk innverknad på saksmengda på tinget, men også kven som brukte rettsstellet og kva type saker som blei stemna inn. Kva har så granskings vist? Syner resultata endring eller stabilitet?

Endring eller stabilitet?

For saksategoriane samla sett skapte ikkje innføringa av forlikskommisjonen djuptgripande endringar. Men for dei to sakstypane som blei gjennomgått i kapittel fem kan det argumenterast for eit brigde knytt til overgangen i 1797. Eigedomssakene auka kraftig mellom dei to tingperiodane. Ein del av forklaringa på det må nok søkjast i måten kommisjonen fungerte på, som vanskeleggjorde forlik i slike tvistar. Motsett var det ein klar nedgang i talet på ærekrenkingar ved underretten etter 1797. Slik sett fylgjer det mønsteret til mange andre sakstypar. Men nedgangen i æressakene vart omskapt til ein liten auke viss ein legg til tingsvitna. På det viset skilde dei seg noko ut frå dei andre sakstypane.

Kvinnene og husmennene si deltaking i rettsstellet viser eit sprikande mønster. Ser ein på den prosentvise utrekninga er det vanskeleg å hevde at forlikskommisjonen førte til omfattande omveltingar. For kvinnene sin del var den største endringa i så måte den store nedgangen i talet på citantar på tinget frå den første undersøkingsperioden til den andre. Meir moderat var reduksjonen over i forlikskommisjonen. På same vis kan det argumenterast for at husmennene stort sett heldt seg stabile i citantrolla. Dei gjorde litt meir ut av seg i kommisjonen enn ved underretten, men endringane var ikkje omfattande.

Likevel vil det vere rett å konkludere med at forlikskommisjonen gjorde ein forskjell for dei to nemnte gruppene. Både kom etter 1797 til rettsstellet med ei mengde nye saker. Kommisjonen opna ei dør til eit verkty i konfliktløysingsprosessen som dei tidlegare ikkje hadde brukt i like stort omfang. Kvinnene sine søksmål auka ikkje like mykje som den totale saksveksten frå underretten til kommisjonen, men dei stod likevel bak ein formidabel vekst på over 300 %. For husmennene sin del minnest me at dei var den gruppa som opplevde den brattaste vekstkurva mellom dei to institusjonane. Den store auken hang mest saman med at kommisjonen representerte ein rimelegare måte å reise saker på.

Bøndene sin dominans i rettsstellet er ikkje noko ein bør bli overraske over. Såleis ville det vere urimeleg å tru at ein for husmennene og kvinnene sin del skulle forvente å finne

ein representasjon på tinget og i forlikskommisjonen som samsvara med storleiken deira elles i samfunnet. Noreg var mannsdominert for 200 år sidan. Kvinnene fann som regel sin plass i skuggen av mannen når det galdt rettsleg opptreden. Det var husbonden som førte saker som låg til gardsbruket. Som regel var det også menn som svarte for kvinnene når dei stemna saker, både på tinget og i forlikskommisjonen. Men i overgangen mellom dei to institusjonane skjedde det likevel eit markert skifte i kvenna sin rettslege opptreden. På tinget førte om lag femteparten sakene sine sjølve. I forlikskommisjonen auka det til nær halvparten. Det ber bod om at kommisjonen var ein lausare arena enn bygdetingen, der kvinnene hadde friare spelerom.

Det er også tvillaust at tilgangen til gardsbruk låg bak mykje av det skeive representasjonsmønsteret mellom bønder og husmenn. Gruppene hadde dessutan ulike rettar og plikter. Tinget var nærmere bøndene fordi sæte i lagretten var knytt saman med eige eller leige av matrikulert jord. Same kriterium låg òg til grunn for lekmannsrepresentasjon i kommisjonen. Det er også grunn til å tru at dei møtte meir mannsterke opp ved underretten enn husmennene, fordi skatte- og saketinget vart haldne samstundes i Luster. Men framfor alt viste ulikskapen seg i det økonomiske. Å stemne saker på tinget var kostesamt. Etter 1797 auka talet på offentlege saker monaleg, noko som drog med seg fleire husmenn. Slik sett lukkast styresmaktene med å gje folket ein ny og billegare rettsinstans.

Styresmaktene hadde også ein meir eigennyttig grunn til å introdusere forlikskommisjonane. Men for Luster sin del nådde dei ikkje målet med å få avlaste bygdetingen. Samanliknar ein dei to 14-års bokane er det lite som tyder på at tinget vart mindre pressa. Rett nok gjekk talet på private søksmål ned med ein fjerdepart, men biletet er meir samansett enn som så. Reduksjonen var størst dei første åra etter at reforma blei sett ut i livet. Frå 1804 stabiliserte tingsakene seg på eit nivå som ikkje var mindre enn for dei 14 åra før 1797. Dessutan forskauv tyngdepunktet seg ein del, bort frå den ordinære tingstaden og over til åstadretten. Det må ha medført ekstra arbeid for sorenskrivaren. Viktig var òg den store veksten i tingsvitne. Denne auken må sjåast i nær samband med innføringa av forlikskommisjonen.

Definisjonen av kva som skal reknast for ei tingsak grip i større eller mindre grad inn i alle fire delproblema som blei reist i innleiingskapittelet. For å vurdere presset på underretten vart det i utgangspunktet lagt til grunn ein kvantitativ tilnærningsmåte, tufta på ei oppteljing av tingsaker før og etter 1797. Ei slutning donna berre på dette grunnlaget ville ha gjeve eit skeiwt bilet av stoda i Luster. Det må ofte ha vore eit uskarpt skilje mellom vitneavhøyr og tingsaker i ei folkeleg rettsforståing der det viktige ikkje var å få dømt motparten, men oppnå

ei semje. Eg meiner det er eit slikt premiss ein må leggje til grunn for konfliktløysinga, og såleis jamstille dei to. Med det blei nedgangen i tingsaker mellom dei to 14-års bolkane forvandla til stabilitet. Presset mot tinget i Luster kan difor ikkje ha minska etter 1797.

Problematikken kring tingsvitna forplanta seg også utover i dei andre kapitla. Sams for både kvinnene og husmennene si deltaking i rettsstellet var at dei viste større aktivitet som citantar i vitneavhøyra enn i dei ordinære tingsakene. Biletet av desse gruppene sin rettsbruk ville ha blitt noko forvrengt om berre dei ordinære tingprosessane hadde vorte vurdert. Det same galdt for ærekrenkingane.

Sett opp mot konfliktløysinga i Luster er det rettare å tale om forlikskommisjonen som framhald av ein etablert praksis meir enn som eit brot. Kontinuasjonen viste seg ved at så mange tvistar fann sin ende utanfor rommet til forlikskommisærane. Både tinget og kommisjonen vart for det meste nytta som pressmiddel i ein prosess der det ikkje var viktig å få avgjort striden innan rettsinstitusjonane.

Undersøkinga har også vist at den ”judisielle revolusjonen” ikkje ein tydig var ei utvikling mot ei stadig meir dominerande og kontrollerande statsmakt. Tinga og forlikskommisjonane var avhengige av aktive rettsbrukarar som tok utgangspunkt i eigne behov, og som hadde eit sjølvstendig syn på korleis tvistane burde løysast. Med det er det også sagt at ein ikkje fullt ut vil kunne forstå alle saker i tidleg moderne tid om ein utelukkande vurderer konfliktar og sosial kontroll som ”two sides of the same coin”.²⁹³ Disiplineringa, både frå lokalsamfunnet og sentralmakta, var trykkjande, men innbyggjarane handla ikkje berre ut frå ei frykt om represaliar frå omgjevnadane. Folk forfylgde også eigeninteresser, der ei mengde variablar utvida og snevra inn handlingsrommet til den enkelte aktøren.

Forliket si sentrale stilling

Eit av dei mest slåande trekka ved rettspraksisen i Luster var den sentrale rolla til forliket. Innbyggjarane drygde i det lengste med å få motparten dømt. På 28 år i forlikskommisjonen og på tinget har eg registrert 1098 ulike private tvistar. 68 (6 %) av dei blei dømt ved underretten.

Ei slutning om forliket si sentrale rolle må til dels gå gjennom ei fortolking av kjeldematerialet. Ved høvesvis 27 og 32 % av alle private saker kom det klart fram av forliksprotokollen og tingbökene at partane nådde ei semje. Men det vil også vere naturleg å

²⁹³ Österberg 2000a: 239.

leggje dei fleste tilviste og uavslutta sakene til kategorien forlik. Det er vanskeleg å tenkje seg at alle desse tvistane skulle forbli uløyste. I dei fleste tilfella må partane før eller seinare ha kome fram til ei semje. Kjeldene gjev då også i små glimt prov på at ei sak ofte blei forlikt rett utanfor tingstova eller døra til forlikskommisjonen.

Om forliket gjerne var ein føretrekt måte å enda tvistar på, må det ikkje utan etterhald sjåast på som eit gode. Ei semje kunne ofte følast like tyngande og tvungen som ein dom frå sorenskrivaren. Det hang først og fremst saman med ulikskapen i samfunnet. Formelt var rettsstellet ope for (nesten) alle. Reelt sett var det likevel ofte rikdom som avgjorde bruken av det. I høve til konfliktløysinga i Luster var tinget og kommisjonen som regel nytta som eit middel, og ikkje som eit mål. Når tvistar oppstod hadde difor den av partane som kunne truge med bruk av rettsapparatet eit overtak. I konfliktar mellom bønder og husmenn ville det som regel bety at bonden sat med dei sterkaste korta, og kunne forme forliket etter eige ynskje.²⁹⁴

Luster som granskingsområde

Så kan ein spørje seg kva val av undersøkingsområde har hatt å seie for dei funna som har kome fram. Når det gjeld sosiale tilhøve vart Luster valt medvite ut frå at bygda husa ein stor flokk med plassfolk. I forhold til resten av Vestlandet skil nok undersøkingsområdet seg dermed litt ut. Avviket ser derimot ut til å vere mindre i høve til resten av Noreg, særleg Austlandet, der det jamt over var mange husmenn. Verre er ei samanlikning av sjølve rettsbruken. Husmennene var ikkje heilt uventa i mindretal som saksøkjarar, både på tinget og i forlikskommisjonen. Kor stor representasjonen deira i Luster var jamført med resten av landet er derimot eit ope spørsmål, ettersom tilsvarande undersøkingar ser ut til å mangle heilt.

Noko av den same problemstillinga knyter seg til kvinnene sin rettsbruk. Men empirisk står ein noko sterkare ved ein komparasjon her. Kvinnene i Luster kan difor sjå ut til å ha brukt tinget noko meir aktivt enn sine medsystrer kringom på bygdene. I byane var aktiviteten derimot ein del høgare.

²⁹⁴ Om tinget meiner t.d. Øystein Rian at ”velstandsfolk hadde et overtak på mindre ressurssterke mennesker når det kom til rettsak mellom dem.” Difor representerte skipinga av forlikskommisjonane eit løft for fattigfolk fordi ”samfunnets svake oppnådde bedre beskyttelse.” Rian 1980: 251f. Etter gjennomgangen av kjeldene frå Luster er det vanskeleg å gje Rian reservasjonslaus stønad. Tvillaust førte innføringa av kommisjonen i Luster til at fleire ressurssvake våga seg frampå med saker. Men mot dette må ein dra inn i diskusjonen at også dei velståande auka bruken av rettsstellet. Det er difor rimeleg å hevde at presset òg må ha vokse mot dei svake i samfunnet.

Interessant er òg spørsmålet om den generelle tingbruken i Luster før 1797 skilde seg ut på nokon måte. Samanlikningsgrunnlaget er også her temmeleg tynt, men stilt opp mot tala frå Rendalen kan det sjå ut til at lusteringane hadde større reservasjonar mot å bruke tinget. Det kan igjen peike mot at sjølve grunnlaget for å ta vekk private søksmål frå underretten i Luster var lite, noko som vidare kan ha påverka resultata som kom fram i kapittel fire.²⁹⁵

